


Hilde Cathrine Fjellhøy Haug

Tekst og identifikasjon i den norske EU-debatten 1993–94

Ein modellesaranalyse av tre sentrale tekstar



Masteroppgåve i nordisk, særleg norsk, språkvitskap
Institutt for lingvistiske og nordiske studium
Universitetet i Oslo

Hausten 2007

Samandrag

I denne oppgåva blir tre hefte som kom ut under EU-kampen i 1993–94, analyserte: *55 minutter om Norge og EF*, *Lesebok 1994* og *Norge møter Europa: Skjønnheten og udyret?* Disse hefta vart sende ut i millionopplag og var storsatsingar frå Regjeringas informasjonsutval for europasaker (UD), Nei til EU og Europabevegelsen si side. Eit utgangspunkt for oppgåva har vore at identifikasjon (med ja-sida eller nei-sida) i EU-debatten truleg var vel så viktig som eksplisitte politiske argument. Fokus i oppgåva har difor vore kva identitets- og gruppeskapande element som kom til uttrykk i konstruksjonen av såkalla *modellesarar*. Ein modellesar er ein lesar-i-teksten som faktiske lesarar kan strekkja seg mot når dei skal forstå teksten. Gjennom ein analyse i seks steg (situasjonskontekst-, pronomen-, agensskjuling-, modalitets-, topos- og modellesaranalyse) blir det utleidd ulike modellesarar for dei ulike hefta. *55 minutter* sine to modellesarar er kalla *Den politisk-konforme modellesaren* og *Den engstelege tvilar-modellesaren*. *Lesebok* har ifølgje analysen éin modellesar: *”68-ar”-modellesaren*. *Skjønnheten* sin modellesar er titulert *Den lågkulturelle tvilar-modellesaren*. Skilnadene mellom desse modellesarane er m.a. forklart med to tesar: ein for *55 minutter* og ein for *Lesebok* og *Skjønnheten*. Dei to modellesarane i *55 minutter* vart ulike av di embetsverket, som stod bak heftet, hamna i eit dilemma: Det vart dradd mellom lojalitet (til regjeringa, som var for EU) og nøytralitet (yrkesetikken: å informera). Skilnaden mellom modellesaren i *Lesebok* og modellesaren i *Skjønnheten* blir forklart som eit resultat av ulik grad av sjølvtillit. I oppgåva blir det hevda at nei-sida viste større grad av sjølvtillit enn ja-sida, truleg på grunn av fleirtalet dei visste dei hadde i folket.

Føreord

Då eg tok til med dette arbeidet, visste eg at eg ville skriva ein sakprosaanalyse om den norske EU-debatten i 1994. Sakprosaen kan bidra til større forståing av denne politiske striden, ein kamp om og med ord, tenkte eg.

Men kva tekstar skulle eg velja, mellom dei tusenvis som vart produserte fram til folkerøystinga? Eg trong hjelp frå dei som var med, og fekk det. Det var gjennom samtalar med leiande folk i parti og organisasjonar som var aktive i EU-kampen eg kom på sporet av det som kom til å bli forskingsobjektet mitt: dei tre tekstane *55 minutter om Norge og EF*, *Lesebok 1994* og *Norge møter Europa: Skjønnheten og udyret?*

Men det er nokre som også må nemnast ved namn. Rettleiar Johan Tønnesson skal ha stor takk for entusiasme og grundige gjennomlesingar. Sambuar Håkon Kolmannskog har vore god støtte og samtalepartnar gjennom heile prosessen. Eg vil også takka Bård Eskeland for språkvask og korrektur. Til slutt vil eg takka informantane mine: Ole Berrefjord, Tor Brostigen, Arne Nøst, Hans Gudmund Tvedt og Ellen Auensen. Desse hjalp meg i arbeidet med å gå bak brosjyrane og inn i skrivekammersa og organisasjonskontora der tekstane vart til.

Oslo, desember 2007

Hilde Cathrine Fjellhøy Haug

Innhold

SAMANDRAG	III
FØREORD	V
INNHALD	VII
1 INNLEIING	1
1.1 PROBLEMSTILLING	1
1.2 METODE	3
1.3 SAKPROSA: «ALT ANNA ENN DIKTING»	4
1.3.1 Teori- og metodemangfald	5
1.3.2 Sakprosa: jakta på mening	6
1.4 TEORI	7
1.4.1 Modellesaren	7
1.4.1.1 Modellesaren: kontekstproblemet	10
1.4.2 Kritisk diskursanalyse – tekst og kontekst	11
1.4.3 Pronomenanalyse	12
1.4.4 Agensskjuling	13
1.4.5 Systemisk-funksjonell grammatikk: modalitet	13
1.4.6 Topos-analyse	17
1.5 RELEVANTE TEKSTANALYSAR	17
1.6 DISPOSISJON	18
2 BAKGRUNN – KULTURKONTEKST	19
2.1 EU OG NOREG	19
2.1.1 Nei-overtak	19
2.1.2 Skiljeliner i EU-røystinga	20
2.1.3 Aktørane	21
2.1.4 Debatten	21
2.1.5 Kamp om kultur-Noreg	23
2.2 FELLES SITUASJONSKONTEKST FOR ALLE TEKSTANE	24
3 55 MINUTTER OM NORGE OG EF	25
3.1 STEG 1: SITUASJONSKONTEKSTEN	25
3.1.1 Skildring av heftet	25
3.1.2 Forfattarane	26
3.1.3 Målgruppe	27
3.1.4 Syn på eigen tekst	28
3.1.5 Debatten på utgjevingstidspunktet	30
3.1.6 Oppsummering: Berrefjord og lesaren	33
3.2 STEG 2: KVEN ER «VI»? PRONOMENBRUK	33
3.2.1 Vi, oss og vår	33
3.2.2 Norsk og Norge	36
3.2.3 Du, dere og deg	36
3.3 STEG 3: KVEN TALAR? AGENSSKJULING	38
3.4 STEG 4: KOR VISS ER DEN SOM TALAR? BRUK AV MODALITET	39
3.5 STEG 5: PÅ KVA FOR ”STADER” GÅR TALEN FØRE SEG? TOPOS-BRUK	40
3.5.1 Topoi i teksten	40
3.5.2 Problemet 55 minutter	42
3.6 STEG 6: KVEN ER LESARANE I TEKSTEN? OPPBYGGING AV MODELLESARANE	43
3.6.1 Modellesar 1	43
3.6.1.1 Modellesaren kan identifisera seg med topp-politkar-sjiktet	43
3.6.1.2 Modellesaren kan identifisera seg med byråkrati-sjiktet	43
3.6.1.3 Modellesaren er ein svært interessert lesar	45
3.6.1.4 Modellesaren er oppteken av handelspolitikk	46
3.6.1.5 Modellesaren er oppteken av ressurspolitikk	47
3.6.1.6 Modellesaren er europaorientert	47
3.6.1.7 Oppsummert: modellesar 1	48

3.6.2 Modellesar 2	49
3.6.2.1 Modellesaren er ikkje lesevand	49
3.6.2.2 Modellesaren er tvilar/EU-skeptikar	49
3.6.2.3 Oppsummert: modellesar 2	51
3.6.3 Dei to modellesarane	51
3.6.4 Ikkje-modellesarar	51
3.6.5 Målgruppe vs. modellesar	53
4 LESEBOK 1994	54
4.1 STEG 1: SITUASJONSKONTEKSTEN	54
4.1.1 Skildring av heftet	55
4.1.2 Forfattarane	56
4.1.3 Målgruppe	60
4.1.4 Syn på eigen tekst	61
4.1.5 Debatten på utgjevingstidspunktet	63
4.1.6 Oppsummering: Brostigen, Nøst og lesaren	66
4.2 STEG 2: KVEN ER «VI»? PRONOMENBRUK	67
4.2.1 Vi, oss og vår	67
4.2.2 Norsk og Norge	68
4.2.3 Du, dere og deg	68
4.3 STEG 3: KVEN TALAR? AGENSSKJULING	69
4.4 STEG 4: KOR VISS ER DEN SOM TALAR? BRUK AV MODALITET	69
4.5 STEG 5: PÅ KVA FOR "STADER" GÅR TALEN FØRE SEG? TOPOS-BRUK	70
4.6 STEG 6: KVEN ER LESARANE I TEKSTEN? OPPBYGGING AV MODELLESARANE	71
4.6.1 Modellesar 1	71
4.6.1.1 Modellesaren er leseglad	71
4.6.1.2 Modellesaren har høg kulturell kapital	74
4.6.1.3 Modellesaren er 68-ar	75
4.6.1.4 Modellesaren er politisk interessert og skulert, og oppteken av demokrati	76
4.6.1.5 Oppsummert: modellesaren	78
4.6.2 Ikkje-modellesarar	79
4.6.3 Målgruppe vs. modellesar	79
5: NORGE MØTER EUROPA: SKJØNNHETEN OG UDYRET?	81
5.1 STEG 1: SITUASJONSKONTEKST	81
5.1.1 Skildring av heftet	81
5.1.2 Forfattarane	82
5.1.3 Målgruppe	83
5.1.4 Syn på eigen tekst	84
5.1.5 Debatten på utgjevingstidspunktet	86
5.1.6 Oppsummering: Tvedt, Auensen og lesaren	87
5.2 STEG 2: KVEN ER «VI»? PRONOMENBRUK	88
5.2.1 Vi, oss og vår	88
5.2.2 Norsk og Norge	89
5.2.3 Du, dere og deg	90
5.3 STEG 3: KVEN TALAR? AGENSSKJULING	90
5.4 STEG 4: KOR VISS ER DEN SOM TALAR? BRUK AV MODALITET	90
5.5 STEG 5: PÅ KVA FOR "STADER" GÅR TALEN FØRE SEG? TOPOS-BRUK	91
5.6 STEG 6: KVEN ER LESARANE I TEKSTEN? OPPBYGGING AV MODELLESARANE	92
5.6.1.1 Modellesaren er ein tvilar som hellar meir mot nei enn mot ja	92
5.6.1.2 Modellesaren er noregsorientert	94
5.6.1.3 Modellesaren har lågare kulturell kapital enn modellesarane i 55 minuttar og Lesebok	96
5.6.1.4 Bourdieu om tvilaren	99
5.6.1.5 Oppsummert: modellesaren	100
5.6.2 Ikkje-modellesarar	100
5.6.3 Målgruppe vs. modellesar	101
6 KONKLUSJON	102
6.1 55 MINUTTER	102
6.2 LESEBOK	103

6.3 SKJØNNHETEN	104
6.4 ULIKE FORFATTARAR, ULIKE LESARAR	105
6.5 TO TESAR	105
6.5.1 Tese ein: spenn mellom nøytralitet og lojalitet.....	106
6.5.2 Tese to: ulik grad av sjølvtilit	108
6.6 TEKST OG IDENTIFIKASJON I EU-KAMPEN.....	110
LITTERATUR	115
KJELDER.....	120
1. VEDLEGG: KAPITTEL 3.....	123
VI, OSS OG VÅR	123
NORSK OG NORGE	124
DU, DERE OG DEG	128
AGENSSKJULING	128
MODALITET I VI, OSS OG VÅR.....	129
MODALITET I DU, DERE OG DEG	131
2. VEDLEGG: KAPITTEL 4.....	132
VI, OSS OG VÅR	132
NORSK OG NORGE	133
DU, DERE OG DEG	135
AGENSSKJULING	135
MODALITET I VI, OSS OG VÅR.....	135
MODALITET I DU, DERE OG DEG	136
3. VEDLEGG: KAPITTEL 5.....	137
VI, OSS OG VÅR	137
NORSK OG NORGE	138
DU, DERE OG DEG	140
AGENSSKJULING	140
MODALITET I VI, OSS OG VÅR.....	141
MODALITET I DU, DERE OG DEG	142
4. VEDLEGG: INTERVJUGUIDE FORFATTARANE.....	143
5. VEDLEGG: INTERVJUGUIDE KUNSTNARANE	147

1 Innleiing

Det er 28. november 1994, og det norske folket går til urnene for å røysta ja eller nei til at Noreg skal gå inn i Den europeiske unionen, EU. I 1972 vart det ”nei”. Mange veit kva dei skal røysta, andre er framleis usikre når dei går inn i røystelokalet. Somme har engasjert seg i arbeidet for og imot, kanskje stått på stands og delt ut valmateriell. Alle har fått med seg mediekøytet dei siste vekene før folkerøystinga. Dei har lese i Dagbladet at fiskeriminister Jan Henry T. Olsen og statsminister Gro Harlem Brundtland har fått kuler i posten frå arge motstandarar. Debatten er heit. Folket har òg fått ammunisjon i postkassene, i form av brosjyrar med argument for og imot norsk medlemskap i EU. Det er folk flest som skal avgjera om Noreg skal inn i EU eller ikkje. Kampanjane for og mot EU var truleg viktige for standpunktet til folk. 10,5 % var tvilarar fram til berre to dagar før folkerøystinga, 46,4 % meinte dei ville røysta nei, og 43,1 % sa ja. På valdagen trykte VG tal som viste siger til ja-sida med 51 %, baserte på undersøkingar frå dagen før. Skulle ein tru media, kom det til å bli dautt løp (Aardal og Jenssen 1996:39–40). Kvar brosjyre tel når Noreg skal vinnast til eit ja eller eit nei. Mykje står på spel.

I denne oppgåva skal eg analysere tre viktige hefte frå EU-debatten i 1994: *55 minutter om Norge og EF*, *Lesebok 1994* og *Norge og Europa: Skjønnheten og udyret?* (heretter kalla *55 minutter*, *Lesebok* og *Skjønnheten*).¹ Dei er sentrale av di dei har mektige sendarar, høvesvis regjeringa (Regjeringas informasjonsutval for europasaker, RIES), Nei til EU og Europabevegelsen, og av di dei vart distribuerte til heile Noreg, i over ein million eksemplar kvar. Dei har også felles utgangspunkt: *Skjønnheten* og *Lesebok* kom som reaksjon på *55 minutter*. Dei vart til på om lag same tid: *55 minutter* våren 1993, dei to andre våren 1994. Brosjyrane er vidare viktige av di dei gjorde inntrykk: Fleire eg har snakka med i arbeidet med denne oppgåva, hugsar desse hefta framleis, tretten år etter folkerøystinga.

1.1 Problemstilling

Eg er sjølv politisk interessert, aktiv på venstresida og EU-skeptikar. Då eg fyrste gong las tekstane eg har analysert i denne oppgåva, slo det meg straks at dei var veldig ulike, både i

¹ Tekstane finst på cd-en bakarst i denne oppgåva. Der står også transkripsjonar av intervjuet eg har gjort med tekstskaparane. Transkripsjonane er gjort i programmet Transcriber. Reglane for transkripsjonen finst på <http://www.tekstlab.uio.no/nota/oslo/transkripsjon/NoTa-transkripsjonsveil7.pdf>. I oppgåva har eg valt å normalisere ytringane til heile setningar utan nøling og pausar.

biletbruk, tekst og materialitet. Kvifor? Hadde forfattarane ulike tankar om lesarane? Ulike haldningar til dei? Tidleg i skriveprosessen gjorde eg intervju med tekstskaparane som del av kontekstanalysen, og vart fort oppteken av kva tankar dei hadde om dei som skulle lesa brosjyrane. Eg spurde om målgruppa for hefta og om kva forfattarane ville med brosjyrane. Svara var ulike. Eg sette meg difor føre å finna ut kva lesarar som ”vart skapte” i dei tre store informasjonsbrosjyrane.

Når ein forfattar skriv ein tekst som skal bli lesen, skriv ho ikkje berre ord på eit ark, ho *gjer* også noko med språk. Teksten blir eit medium for handlingar som verkar på lesaren. Lesarar kan bli skapte eller utelatne, hjelpte eller motarbeidde i ein tekst. ”Lesarbygginga”² er ofte ein uerkjent prosess hjå forfattaren. Faktiske lesarar kan identifisera seg med røyndomsframstillinga i ein tekst, eller dei kan kjenna seg framande for ho. Kva politiske aktørar skaper kva slags lesarar? Eg meinte dette var viktig både av erkjenningsteoretiske og demokratiske grunnar: EU-saka er ein kamp om folket, som tek avgjerda om norsk medlemskap. Folket skulle vinnast mellom anna gjennom utdeling av trykt materiell.³ Hefta frå RIES, Nei til EU og Europabevegelsen var storsatsingar. Slike brosjyrar blir laga i namnet til demokratiet: Folk skal få saksinformasjon, bli overtala og delta i demokratiet ved bruk av røystesetelen.

Eg har såleis ynskt å finna det implisitte, den uerkjente identitetsbygginga som går føre seg i kommunikasjonssituasjonen. Kva subjekt blir skapte i tekstane? Kva *modellesarar* blir bygd opp i teksten? Ein modellesar blir her å forstå som eit slags fyrtårn, ein ideell representant for folket. Modellesar-omgrepet blir gjort greie for under 1.4 Teori, men ein førebels definisjon av modellesaren er «det settet av kompetansar som forfatteren forutsetter hos mottakeren eller bygger opp hos denne i løpet av teksten» (Frandsen 2000 sitert i Tønnesson [red.] 2002:226). Empiriske, altså faktiske, lesarar kan «strekke seg mot» modellesaren «for å oppnå en adekvat lesning» (Tønnesson 2004:341).

Problemstillinga mi blir følgjande:

Kven er modellesarane til 55 minuttar om Norge og EF, Lesebok 1994 og Norge møter Europa: Skjønnheten og udyret? Kvifor desse modellesarane?

² Sitatteiknet ” ” blir i denne oppgåva brukt om eigne ”omgrep”, medan « » blir brukt i direkte sitat.

³ Det er grunn til å tru at trykt materiell var enda viktigare i 1994 enn det er i dag, sidan internett var mindre utbreidd for 13 år sidan. I ein eventuell EU-debatt i framtida ville truleg organisasjonane satsa sterkare på nettbasert valkampmateriell.

1.2 Metode

Korleis går ein eigentleg fram for å finna ein såkalla modellesar? Dette vil eg gjera i seks steg:

1. Eg vil fyrst gjera ein analyse av situasjonskonteksten (vilkåra for produksjon og tolking av teksten). Dei viktigaste spørsmåla er: Kven er tekstskaparane? Kva seier dei i intervjuet om målgruppa for hefta sine. Kjem dei med andre utsegner som har med folket, mottakarane av hefta, å gjera? Kva meiner dei sjølve om tekstane, og korleis vart tekstane mottekne?
2. Så vil eg kartleggja bruken av pronomen: «vi», «oss», «vår», «vårt», «våre» og direkte tiltale gjennom «du» og «dere». Eg vil også finna ut i kva samanhengar «Noreg» opptrer i teksten. Kva er det som er «norsk», «vårt»? Dette er det mest eksplisitte uttrykket for medvit om folket, lesarane, i teksten.⁴ Bruken av «vi» i ein tekst kan vera inkluderande, men det kan òg vera ein hersketeknikk – ikkje alle som blir inkluderte i eit slikt vi, kjenner seg heime i det.
3. Dinest spør eg: Kven talar? I dette analysesteget undersøker eg om teksten inneheld ytringar der den ansvarlege i ytringa, subjektet, blir skjult: agensskjuling. Ei slik eventuell tilsløring av ansvar kan ha konsekvensar for røyndomsframstillinga. Årsakstilhøve, interessekonfliktar, makt og ansvar kan bli underkommunisert og dimed ikkje synleg for lesaren.
4. Eg vil gjera ein modalitetsanalyse, for å finna ut kor viss den som talar, er. Søkalla epistemisk modalitet, *modalisasjon*, uttrykkjer korleis talaren stiller seg til sin eigen påstand – kor sannsynleg og gyldig påstanden er, altså kva haldning talaren har til det ho seier. Det vil vera for omfattande å analysera modaliteten i heile materialet. Eg vil difor analysera modalitet i setningar med «vi» ofl. og direkte tiltale gjennom «du» og «dere».
5. Nest siste steg i analysen er å kartleggja ”stader”, *topoi*, i teksten. Finst det argument som går att, formuleringar som er like? I så fall kan dei kanskje fortelja oss om den retoriske strategien i hefta.

⁴ At det er eksplisitt, tyder ikkje at det må vera medvite frå forfattarane si side. Det er eksplisitt tekstleg sett.

6. Eg vil til slutt finna *modellesarane* til dei tre tekstane. Konstruksjonen av modellesaren i dette steget vil også ta utgangspunkt i funna i punkt 1–5.

Desse metodane heng saman. Kontekstanalysen plasserer teksten i tid, rom og situasjon og skaper ei ramme rundt resten av analysen. Leitinga etter «vi» (og anna omtale av og tiltale til folket), agensskjuling, modalitet og topoi legg noko av grunnlaget for å finna modellesaren, som eg presenterer i steg 6. Modellesaranalysen er med andre ord både eit middel og eit mål. Oppgåva er altså ikkje ei lingvistisk oppgåve, ho er heller ikkje ei oppgåve om retorikk eller ei reindyrka diskursanalyse. Men ho inneheld element av alle dei tre nemnde disiplinane. Slik sett er ho skriven i ”tekstvitenskapleg” sakprosotradisjon, ein tradisjon som ofte nettopp arbeider på tvers av hevdvunne disiplinlar.

1.3 Sakprosa: «alt anna enn diktning»

Dei tre hefta *55 minutter*, *Lesebok* og *Skjønnheten* inneheld tekstar vi kategoriserer som sakprosa. Vi skal no sjå litt nærare på sakprosa som fagfelt. Sakprosa er eit ungt fagområde, og omgrepet sakprosa er særnordisk. I skulefaget norsk lærer elevane gjerne at sakprosa er tekstar utan eksplisitte kunstnarlege kvalitetar, eller som Tønnesson (2002:9) parafraserer frå norsk boka *Kolon* for vidaregåande skule: «alt anna enn diktning». Å sjå slike tekstar ikkje som tørr bruksprosa, men som tekstar ein kan henta meining ut av og påvisa ideologiproduksjon i, har vore eitt viktig mål i den feltkampen som har gått føre seg i etableringa av ei sakprosaforskning. Eit anna har vore å nyansera omgrepet «kunstnarleg verdi». Er sakprosa tekstar som reiseskildringar, featureartiklar i aviser eller informasjonsbrosjyrar om EU blotta for kreativ bruk av språket? ville ein sakprosaforskar spørja retorisk.

Det er vanskeleg å sjå føre seg ein kvardag utan sakprosa. Vi er omgjevne av trafikkskilt, reklame, avistekstar, møtereferat og dokument av alle slag. Desse og mange andre slags tekstar held oppe eit kollektivt minne og

har følgder för hur människor tänker och handlar. Stadfästandet av sociala praktiker upprätthåller dessa praktiker. Och när kunskap sprids via texter ger det upphov till normer för vilken sorts kunskap som är giltig i samhället (Englund og Svensson 2003:64).

Sakprosa tekstene si rolle i samfunnet er altså tredelt: Dei er berarar av kollektivt minne, dei skaper normer for sosial praksis, og dei spreier kunnskapar. Hefta som blir analyserte i denne

oppgåva, spreier kunnskap om EU. Men dei skaper også normer som regulerer sosial praksis. Brosjyrane i denne oppgåva kan ha påverka partipolitiske preferansar, oppslutnaden om interesseorganisasjonar og ikkje minst kva lesaren røysta 28. november 1994.

Vi kan nok ikkje slå fast ein gong for alle kva sakprosa er. Med Berge sine ord kan sakprosa «kun være en slags anviser som peker i retning av en tekstforskning der andre tekster studeres enn dem vi i vår tekstkultur for tida av ulike grunner forstår som skjønnlitterære» (2001:18.19). Tønnesson (under utgjeving; b) kallar sakprosa eit perspektiv eller eit brillepar for å sjå skarpare, og definerer sakprosa slik:

Sakprosa er tekster som adressaten har grunn til å oppfatte som direkte ytringer om virkeligheten. Sakprosa teksten kommuniserer gjennom skriftlig verbalspråk, men dette skjer ofte i samspill med andre tegnsystemer.

Litterær sakprosa er forlagspubliserte tekster med navngitte forfattere. Forfatterne forstås her som individer. Forfatteren henvender seg som uavhengig skribent til en allment tilgjengelig offentlighet. I den litterære sakprosaen står alle litterære virkemidler til rådighet, så lenge kontrakten om den grunnleggende, direkte tilknytningen i virkeligheten er opprettholdt. Den litterære sakprosaens medier er for tiden elektroniske og trykte bøker, hefter og tidsskrifter.

Funksjonell sakprosa er offentlig tilgjengelige tekster skrevet av private eller offentlige institusjoner eller av navngitte privatpersoner. Forfatterforståelsen er kollektiv. Forfatteren henvender seg som skribent på vegne av en institusjon til allmennheten eller andre institusjoner. Denne sakprosaens sjangerkrav er intimt forbundet med deres tiltenkte funksjon. Den funksjonelle sakprosaens medier spenner fra bøker via avisannonser til radio og tekstmeldinger.

1.3.1 Teori- og metodemangfald

Sidan sakprosaforskning er eit nytt forskingsfelt, er både teori og metode ueinsarta. «Ingen tekstvitenskapelige teorier eller tekstvitenskapelig orienterte miljøer har klart å skaffe seg en slik tilslutning at deres forslag må forstås som paradigmatisk,» skriv Berge (2001:24). Dette kjem mellom anna av ulikt syn på kva ein tekst er. Er tekstar fenomen som oppstår ved bruk av kvardagsspråket, eller er dei semiotiske fenomen på eit anna nivå? spør Berge vidare, og tenkjer i sistnemnde tilfelle på korleis språk kan verka saman med andre teiknsystem, til dømes bilete (kalla *multimodalitet*, sst.).

1.3.2 Sakprosa: jakta på meining

«Den grunnleggende forståelsen er at det å skape tekst er å skape mening,» skriv Berge (2002:234). Det er nettopp jakta på *meininga* som motiverer sakprosaanalysen (ikkje estetiske kvalitetar i teksten, som litteraturvitarar ofte er ute etter).

Når ein studerer tekstar, studerer ein også kommunikasjon. I det siste norske sakprosaprojektet (2000–) blir det understreka at kommunikasjonen idet ein skriv ein tekst, er retta like mykje mot samtalesystemet i ein sjølv som mot andre faktiske personar i kommunikasjonssituasjonen. Dette kallar dei norske sakprosaistane med sosiologen Luhmann *autopoesis*, sjølv-skaping (Tønnesson [red.] 2002:219).⁵ Å identifisera ulike forfattarrøyster som kappast om kva meining(ar) teksten skal gje uttrykk for, kan seia oss noko om korleis forfattaren sjølv føregrip lesarane sine reaksjonar, og kan henda korleis forfattaren tolkar røynda.

I sakprosaforskinga finst det ein kritisk impuls frå tidlegare disiplinar som til dømes ideologikritikken (som no står lågt i kurs fagleg sett). Bak adjektivet kritisk, skriv Englund og Svensson (2003:77), ligg «ett moralisk og politisk ställingstagande mot social ojämlikhet och orättvisa [...]»

Tekstvitskapen er korkje ein språkdisiplin eller ein litteraturvitskap, skriv Kjell Lars Berge, og han er heller ikkje ein slags lingvistik (2002:235). Berge hevdar at tekstforskinga tilhøyrer semiotikken, læra om meiningsskaping gjennom teikn. Når ein studerer tekstar for å finna meiningsskaping, studerer ein korleis ulike teiknsystem, mellom anna tekst, bilete og grafikk, *saman* skaper røynd og meining. Dette kallar vi *multimodalitet*. I denne oppgåva kjem eg, i tillegg til tekstanalysen til å sjå litt på korleis nettopp bilete, grafikk og materialitet (papirkvalitet, innbinding, storleik) verkar saman med teksten som semiotiske ressursar.

Mitt tilskot til sakprosaforskinga er at eg i denne studien vil freista, i ein tekst–kontekst-tradisjon, å gjera ein analyse av potensielt maktfulle tekstar, med vekt på politisk kontekst i ei tid med store politiske kontroversar. Det finst ikkje mange studiar innanfor sakprosafeltet som handlar om dette, noko eit søk på t.d. forskingsmiljøet Norsk Sakprosa sine nettsider kan

⁵ Denne kommunikasjonsmodellen utfordrar dei tradisjonelle kommunikasjonsmodellane, både a) røyrmodellen, der kommunikasjonen går ein veg, frå sendaren til mottakaren, b) den dialogiske modellen og c) feedback-modellen, der baa partar i kommunikasjonssituasjonen har ei meir aktiv rolle i meiningsskapinga. Den sjølvregulerande autopoesis-modellen er ei radikal utgåve av feedback-modellen, der deltakarane i kommunikasjonssituasjonen er eigne, lukka system (Berge 1997).

stadfesta.⁶ *Retorik der flytter stemmer. Hvordan man overbeviser i offentlig debat* (Jørgensen, Kock og Rørbech 1994) og ”Magtkamp eller statskunst: politisk kommunikation på mediernes præmisser” i *Maktens tekster* (Berge, Meyer og Trippestad [red.] 2003) av Christian Kock, er unnatak.

1.4 Teori

Vi skal no sjå nærare på analyseverktya eg har brukt: modellesaranalyse, kritisk diskursanalyse, nærlesing etter pronomenbruk, modalitetsanalyse, topos-analyse og analyse av agensskjuling.

1.4.1 Modellesaren

Når ein lagar informasjonsbrosjyrar, har ein oftast nokolunde klårt føre seg kven ein vil nå. Det er vanleg å kalla dette målgruppa. Men å ha intensjon om å skriva til nokon kan vera noko anna enn å nå fram til dei. Tekstanalyse kan ikkje visa kva verknad *55 minutter*, *Skjønnheten* og *Lesebok* hadde på dei som las desse hefta i 1994. Eg ynskjer som sagt å finna ut kva lesarar som blir bygde opp i teksten. Denne tekstinterne lesaren kan vi kalla *modellesaren*. Modellesarar skil seg frå *empiriske lesarar*, det vil seia faktiske lesarar av ein tekst.

Modellesaromgrepet er Umberto Eco sitt, fyrste gong nemnt i *Lector in fabula* (1979). Empiriske lesarar kan, som vi har sett, strekkja seg mot modellesaren for å forstå teksten på ein relevant måte. Modellesaren er den lesaren sjølv *teksten* rettar seg mot: Ein kan seia at teksten føreset eller byggjer opp ein lesarkompetanse undervegs, og at denne kompetansen peikar mot den aktuelle modellesaren. Eco meiner⁷ ein tekst berre kan ha éin modellesar. Johan Tønnesson, som har arbeidd med å vidareutvikla modellesaromgrepet, hevdar at Eco sitt modellesaromgrep er for restriktivt, og meiner at ein sakprosaetekst kan ha fleire modellesarar:

Ecos tekst-didaktiske prosjekt – å unngå feillesninger, samtidig som man tar vare på verkets åpenhet, gir med hensyn til sakprosa rom for flere, men altså ikke et ubegrenset antall, ”korrekte” (eller i alle fall ikke feilaktige) lesninger, som kan knyttes til hver sin modelleser (Tønnesson 2004:123).

For Eco er førestellinga om adressaten viktig når ein skal freista å forstå ein tekst:

⁶ <http://www.hf.uio.no/iln/forskning/forskergrupper/tekstvitenskap/sakprosa/>.

⁷ I alle fall i 1979.

Now, it is absolutely impossible to speak apropos of the anaphorical role of an expression without invoking, if not a precise and empirical reader, at least the “addressee” as an abstract and constitutive element in the process of actualization of a text (Eco 1984:4).

Lesaren er uløyselig knytt til forståinga av teksten, og er ikkje eit forstyrrende utanomtekstleg element for Eco:

To postulate the cooperation of the reader does not mean to pollute the structural analysis with extratextual elements. The reader as an active principal of interpretation is a part of the picture of the generative process of the text (Eco 1984:4).

Eco skriv (1984:7) at forfattaren må gå ut frå at dei kodane han bruker i teksten, er forståelege for ein eventuell lesar, dersom teksten skal kunna kommunisera. Forfattaren må difor sjå føre seg ein modell av den moglege lesaren, altså *modellesaren*, som vonleg er i stand til å tolka teksten på same måte som forfattaren gjer. Kvar tekst peikar mot sin generelle modellesar gjennom val av ein spesifikk lingvistisk kode, litterær stil og spesialistsjargong. Somme tekstar er eksplisitte m.o.t. lesaren, og startar t.d. med ein appell til den som skal lesa. Andre føreset spesiell intertekstuell kunnskap, t.d. når ein tek for gjeve kjennskap til nemnde og unemnde kanoniske verk. Samstundes, hevdar Eco, *skaper* teksten modellesaren sin kompetanse undervegs i lesinga. Ein velorganisert tekst både føreset allereie eksisterande kunnskap og kompetanse og byggjer opp slik kompetanse medan lesinga går føre seg. Eco oppsummerer:

The reader is strictly defined by the lexical and the syntactical organization of the text: the text is nothing else but the semantic-pragmatic production of its own Model Reader (Eco 1984:10).

Det finst opne og lukka tekstar, skriv Eco. Lukka tekstar har som mål å skapa ein særskild respons frå gjevne empiriske lesarar. Desse tekstane er så ”opne” for tolking at dei for Eco blir lukka tekstar. Dei er ikkje fleksible, og ser føre seg ein gjennomsnittslesar basert på intuitiv sosiologisk spekulasjon, på same måte som reklame vel sitt moglege publikum. Dette er ikkje tilfelle for opne tekstar, som «work at their peak revolutions per minute only when each interpretation is reechoed by the others, and vice versa» (Eco 1984:9). Ein open tekst «outlines a ”closed” project of its Model Reader as a component of its structural strategy» (Eco 1984:9). Ein open tekst er likevel ikkje så open at alle tolkingar er legitime. Ein lesar kan ikkje bruka teksten som ho vil, men berre slik teksten vil at ho skal bruka han. Teksten har intensjonalitet i seg. Denne treng ikkje vera det same som ein medviten forfattarintensjon, men det finst ein samanheng mellom intensjonalitet og intensjon:

En tekst er bærer av intensjonalitet, og det er en samanheng mellom forfatterens intensjon og denne intensjonaliteten. Det er derfor følgeriktig at Eco legger vekt på forfatterintensjonen som utgangspunkt for tekstsamarbeidet (Tønnesson 2004:105).

Intensjonalitetsomgrepet har røter i fenomenologien, læra om det som viser seg, kjem til syne eller framstår for eit medvit (Lübcke [red.] 1988:148). Ifølgje filosofen Edmund Husserl er alt medvit kjenneteikna av intensjonalitet («rettethet mod en genstand», sst.). Den tyske filosofen Franz Brentano påverka Husserl mykje. Brentano meiner at psykiske fenomen utmerkjer seg «ved deres intentionalitet, dvs. deres rettethet mod noget (*Gerichtetsein*)» (Lübcke [red.] 1988:61). Hjø Brentano er det tre former for psykiske fenomen, som har kvar sin intensjonalitet. For det fyrste førestellingar (*Vorstellungen*): høyrslé, syn, idear og tankar. Ein gjenstand er berre gjeven for medvitet vårt. For det andre dommar (*Urteile*): Her tek ein intellektuelt stilling til gjenstanden. For det tredje kjensler (*Gemüsstätigkeit*): kjærleik og hat, kjensler overfor gjenstanden (sst.).

Intensjonaliteten kan altså innehalda ein forfatarintensjon, men inneber noko meir, nemleg ein spesifikk *rettethet*. I den grad ein kan seia at teksten snakkar *til nokon, om noko*, på ein *spesifikk tekstleg måte*, er det tekstens intensjonalitet som talar. Ein kan seia at teksten har innstilling, *rettethet* – både på eit mellompersonleg og tekstleg plan, og i det at teksten inneheld påstandar om verda – samstundes som lesaren strekkjer seg mot teksten, slik at dei strekkjer seg mot kvarandre. Det er i denne samanhengen uheldig å seia at teksten ”talar” til nokon. Den empiriske lesaren, altså ein faktisk og ikkje tenkt lesar, skal ikkje krevja å få ting i fanget, lesaren må gjera ein jobb. Modellesaren si rolle i arbeidet med å forstå teksten er å vera ein hjelpar som skal utvida kompetansen til lesaren.

Vi har sett at modellesaren finst *i* teksten, og at ein kan finna fleire modellesarar i ein og same tekst. Korleis går ein fram for å finna dei? Modellesarar kan ein identifisera på ulike måtar. Tønnesson (2004:145) skriv som sitt sjette punkt i ein definisjon av modellesaren om tilrådd prosedyre for å identifisere modellesarar:

Grunnlaget for å identifisere ulike modellesere kan særleg finnes gjennom å identifisere ulike situasjonskonteksters kommunikative formål, undersøke relevante retoriske strategier, fortolke eksplisitte spor i teksten og (re)konstruere normbasert respons på konkrete ytringer. Slik analyse forutsetter inngående, gjerne innforlivet, kjennskap til normer og atferd i de aktuelle sosiale felt.

1.4.1.1 Modellesaren: kontekstproblemet

Modellesarane er forankra i intensjonaliteten i teksten, men er òg til ein viss grad historiske produkt. I alle fall vil resultat av ein modellesaranalyse variera med tid og situasjon: Ein empirisk lesar som analyserte dei tre brosjyrane i 1994, ville truleg ikkje fått nett same resultat i 2007. Vilkår for tolking av teksten er andre i dag enn for 13 år sidan: EU er utvida, dei politiske tilhøva er endra, fleire av politikarane som var frontfigurar i EU-kampen då, er ikkje viktige aktørar no lenger. Den kulturelle konteksten som kjendest nær i 1994, er ikkje like nær for oss i dag.⁸ I tida etter 1994 har det kome ein ny kulturkontekst som vi òg forstår tekstane i ljøs av, i tillegg til den vi må søkja etter i litteratur og i intervju med dei som opplevde denne politiske striden.

Intertekstualitet, det at ulike tekstar er vovne inn i kvarandre, er sentralt hjå den russiske litteraturvitaren og semiotikaren Mikhail Bakhtin. Modellesaren blir i stor grad konstituert gjennom implisitt intertekstualitet. Den svenske tekstforskarer Per Ledin kallar denne forma for intertekstualitet for *normsamspel*, medan den andre, meir eksplisitte intertekstualiteten blir kalla *tekstsamspel* (Tønnesson 2004:124). Samspelet i det siste tilfellet skjer t.d. gjennom direkte referering til andre verk i ein tekst. Normsamspel har ein når ein tekst inneheld meir skjulte referansar til andre tekstar og krev sterk kjennskap til den kulturen teksten er ein del av. Om ein diktar skriv «*tilgi dem ikke, de vet hva de gjør!*», må lesaren kjenna til bibelhistoria for å forstå kva som blir kommunisert her. Intertekstuelle spor er viktige komponentar i modellesaranalysen: Eksplisitte og implisitte spor frå andre tekstar kan fortelja oss om kva for kompetanse forfattaren ser for seg at lesarane av den aktuelle teksten har. Intertekstuelle referansar er med og byggjer opp modellesaren. Dette normsamspellet er truleg vanskelegare for ein empirisk lesar å oppfatta di eldre teksten er. Spora i teksten kan vera meir eller mindre snødde igjen. Likevel er det framleis «et aktverdig prosjekt å nærme seg modelleseren, [...] å aktualisere teksten», som Tønnesson skriv (2004:145). Å freista å setja seg inn i tidlegare tiders kulturkontekst er ei utfordring historikaren aldri kan avvisa heilt. Målet er «å bli kjent med teksten og dens historisitet gjennom dens lesere» (Tønnesson under utgj.; a, s. 32). Idealet er at lesarane blir «teksthistoriske kompassnåler» som peikar mot «de viktigste polene i tekstens meningsunivers» (sst.).

⁸ Vi vil i tillegg forstå brosjyrane annleis i dag fordi dei såg ut som dei gjorde. Kontrasten mellom layout-konvensjonane midt på nittitalet og i dag er ganske stor.

1.4.2 Kritisk diskursanalyse – tekst og kontekst

Ingen tekstar blir til i eit vakuum: Dei ber i seg spor av dei ideane, førestellingane og fysiske føresetnadene som både tekstskaparar og lesarar tek del i. Vi bør difor undersøkje dei ikkje-tekstlege omgjevnadene og sjå dei i samheng med tekstane. Kritisk diskursanalyse (Critical discourse analysis, CDA) er ein samfunnskritisk teori og metode for studiet av tekst i kontekst, utarbeidd av Norman Fairclough. CDA er utvikla for å studera makt og ideologi i språket, og er inspirert av marxistisk teori: «[L]anguage is a material form of ideology, and language is invested by ideology» (Fairclough 1995:73). Fairclough ser makt som

predominantly exercised through the generation of consent rather than through coercion, through ideology rather than through physical force, through the inculcation of self-disciplining practices rather than through the breaking of skulls (1995:219).

Fairclough legg vekt på korleis makt og herredøme blir reprodusert gjennom språk og tekst (diskurs), men også korleis tekstar kan ha ei rolle som motmakt.

Fairclough seier at tekstar er sosiale rom der det går føre seg to fundamentale sosiale prosessar samstundes: kognisjon og representasjon av verda, og sosial interaksjon (1995:6). Diskursanalysen skal avdekkja noko ikkje-språkleg, ein samfunns- og tenkjeorden der ulike diskursar verkar. Analysen har som mål

att frilägga de grundläggande föreställningar och kategorier som finns i texten, normaliserings- och disciplineringsprocesser, subjekspositioner och kanske motdiskurser (Englund og Svensson 2003:76).

Kritisk diskursanalyse er «en modell og prosedyre for analyse av tekst i kontekst hvor både tekst, situasjonskontekst og kulturkonktekst behandles både hver for seg og i sammenheng» (Tønnesson (red.) 2002:224).

Skal ein gå på jakt etter meining i ein tekst, er det ikkje nok å studera teksten åleine. Tekstar er sjølvstapt produkt av tankar, idear og røynd som omgjev forfattaren, og som set merke på det han eller ho skriv. Dei ikkje-tekstlege omgjevnadene må analyserast jamsides teksten for at vi skal få eit heilskapleg bilete av den meiningsskapinga som skjer når vi lesar ein aktuell tekst. Innanfor systemisk-funksjonell grammatikk (SFG, meir om dette i 1.7.4) og kritisk diskursanalyse reknar vi med to ulike kontekstnivå: 1) situasjonskonteksten: dei direkte vilkåra for produksjon og tolking av tekst, og 2) kulturkonteksten: dei sosiale og kulturelle vilkåra for tekstproduksjon og teksttolking i vid tyding: samfunnet både forfattaren og lesaren av ein tekst lever i.

Kulturkonteksten er

de konvensjonelle ressursene og begrensningene deltakerne har som deltakere i ulike kulturelle fellesskap. Her er det altså ikke snakk om de individuelle kjennetegnene ved en kommunikativ hendelse, men de kjennetegnene som gjør hendelsen til en gjenkjennelig type hendelse ut frå allmenne, kulturelle mønstre (Svennevig 2001:89, orig.uth.).

Kulturkonteksten er generell, situasjonskonteksten er partikulær og konkret. I situasjonskonteksten kan vi identifisera *deltakarar* i ei kommunikativ *oppgåve*, i visse fysiske *omgjevnader*, gjennom eit *medium* (Svennevig 2001:86).

Fairclough meiner ein prosedyre for tekstanalyse må innehalda *skildring*, *tolking* og *forklaring*. Han gjev ingen detaljert fasit for tekstanalyse. I denne oppgåva inkorporerer eg skildring, tolking og forklaring i ein metode nært knytt til det som er erkjenningssinteressa mi.

Eg nyttar innsikter frå den franske sosiologen Pierre Bourdieu til å forklara samanhengar mellom klassetilhøyrse og politiske standpunkt, ein sosiologi som høver godt med måla for kritisk diskursanalyse. Dette vil eg koma tilbake til i kapittel 5.

1.4.3 Pronomenanalyse

I denne oppgåva analyserer eg bruken av nokre pronomen i tekstane: *vi* og *oss*, *du* og *deg*, og eigepronomena *vår*, *vårt* og *våre*. Det er ikkje alltid gjeve kven eller kva pronomena viser til i ein tekst. Kva form for fellesskap signaliserer pronomenbruken, og kva sosiale relasjonar blir skapte? Pronomenet i fyrste person fleirtal, *vi*, er spesielt interessant i denne oppgåva. Når aktørane i EU-kampen talar om *vi* i tekstane sine, er det seg sjølve dei referer til? Eit *vi* kan vera inklusivt eller eksklusivt (Kinn 2005a:132). I eksklusivt *vi* er lyttaren eller lesaren ikkje inkludert, i inklusivt *vi* er ho det. Båe variantar kan òg inkludera fleire personar. Vi skil mellom referansen, kva pronomenet viser til, og den retoriske effekten av bruken (Kinn 2005b:148). Er lesaren inkludert i dette *vi*-et, «the author-reader dyad» (Kinn 2005a:138)? Viser *vi*-et til ein nasjonal fellesskap, staten eller Noreg? Den vanlege referansen for *vi* er ei gruppe menneske, og som nemnt kan tilhøyraren vera inkludert eller ikkje. Men språkbrukarar kan tøya referansen for *vi*, og då talar vi om *metonymi*. I slike tilfelle er den vanlege referansen og den nye «at play simultaneously» (Kinn 2005a:133). Når lesarar, medvite eller umedvite, kjenner denne doble referansen, kan pronomenbruk ha ein emosjonell effekt. Bruken av *vi* har med mellompersonlege relasjonar å gjera, og difor er det eit potensielt retorisk verkty. Særleg er «the agreement-seeking function of inclusive *we*»

(Kinn 2005a:135) relevant i denne oppgåva. Brosjyreforfattarane ynskjer truleg å inkludera lesaren i vi-et for å skapa ei felles forståing og felles mål i høve til Noreg og EU. Det å bruka eit slikt *vi* kan kanskje også bryta ned asymmetrien mellom forfattaren, som sit med kunnskapen, og lesaren, som i utgangspunktet kanskje ikkje kjenner seg kompetent, men gjer det når han eller ho blir inkludert i det vi-et som blir skapt. Det å viska ut skilnadene mellom forfattaren og lesaren ved å inkludera lesaren i vi-et, kan òg vera praktisk for forfattaren i tilfelle der det eksisterer interesse motsetnader mellom dei. I teksten framstår det som at lesar og forfattar står saman t.d. i forståinga av Noreg sitt tilhøve til EU.⁹

1.4.4 Agensskjuling

Det logiske subjektet i ei ytring kallar vi *agens*. Den som er agens i ei ytring, er den handlande, den som set i gang prosessar (Svennevig 2003:174). Ofte er agens identisk med subjektet i setninga. Men agens treng ikkje å vera uttrykt i det heile. I slike tilfelle snakkar vi om *agensskjuling*. I nominaliseringar, som i ”ratifiseringa skjedde i januar”, finst ingen agens. ”Ratifisering” er ei hending, ikkje ei handling. Det nominale uttrykket ”ratifiseringa” er uttrykk for prosessen som går føre seg i setninga, og agens ”trengst” difor ikkje. I passivsetningar blir subjekt plassen fylt av noko anna enn agens: ”avtala vart ratifisert”. Vi treng ikkje uttrykka kven denne avtala vart ratifisert av. Av og til er det ikkje så farleg at den handlande, agens, kjem til syne i setninga. Ofte er agenssletting praktisk og gjer ein tekst betre. Men dersom årsaks- og ansvarstilhøve blir tilslørt, kan det vera problematisk at den handlande ikkje synest. Kanskje hadde det t.d. vore nyttig å vita kven som hadde ratifisert avtala i døma over: alle partar, eller få av dei? Spesielt i politiske tekstar, som dei eg analyserer i denne oppgåva, er det interessant å undersøkje om det finst agensskjuling når politisk kontroversielle saker blir omtala.

1.4.5 Systemisk-funksjonell grammatikk: modalitet

M.A.K. Halliday har utvikla *functional grammar*, systemisk-funksjonell grammatikk (SFG). SFG er ein meningsgrammatikk, i motsetnad til den meir tradisjonelle skulegrammatikken, som hovudsakleg kategoriserer språket. Teoretikarane innanfor SFG-skulen ser språket som eit meningsskapande system (difor ”systemisk”). Funksjonell grammatikk er eit praktisk verkty som skal hjelpa oss å forstå kvifor ein tekst er som han er, og korleis vi skaper mening i samhandling. SFG skal skildra språk i bruk, og er ikkje ein formell regelkvern

⁹ Mi erfaring er at vi-analyse kan vera ei vanskeleg tolkingsoppgåve: Det kan finnast fleire svar på kven eit ”vi” viser til. Dette har eg teke høgd for, jf. kommentar om dette i vedlegga.

tekstar skal gjennom – målet er å *forstå* tekstar. Studieobjektet i SFG er «språket i samspill med konteksten ut fra en hensikt» (Maagerø 2005:21). Det er altså ein grunnleggjande premiss at alle utsegner har ei motivering.

Modalitet er eitt av fleire meiningsaspekt ved språket som er skildra i systemisk-funksjonell grammatikk. Dei fleste kjenner til *modale hjelpeverb* frå språkundervisninga. Døme på modalitetsord er kan/kunne, må/måtte, skal/skulle, bør/burde, som er hjelpeverb, og modalitetsuttrykk som dersom, mogleg, kanskje og sikkert.

Halliday opererer med tre metafunksjonar i språket: ideasjonell, mellompersonleg og tekstuell. Dei tre metafunksjonane verkar alltid samstundes. Den ideasjonelle metafunksjonen har med tilhøvet mellom tekst og røynd å gjera, kva teksten fortel oss om verda. Den mellompersonlege metafunksjonen blir realisert av tekstlege markørar og gjeld tilhøvet mellom dialogpartnarar i ein tekst, eller haldningane forfattaren har til den ho seier noko til eller skriv til. Den siste metafunksjonen, den tekstuelle, handlar om mønster i teksten, det som gjer ein tekst til ein tekst: språklege signal som fortel oss at vi har med ein tekst å gjera. Det er vanleg innanfor SFG å kategorisera modalitet som eit aspekt av den mellompersonlege funksjonen, men modalitet har også med den ideasjonelle og tekstuelle metafunksjonen å gjera, jf. poenget om ”rettethet” i 1.4.1. Modellesaren: Uttrykk for modalitet er også ei utsegn om verda.

Ein enkel definisjon på modalitet er at modalitet er rommet mellom ”ja” og ”nei” (Thompson 2004: 66), det vil seia modifikasjonar av utsegner. Av og til treng vi uttrykk for at noko kanskje er slik, truleg er slik, må vera slik, aldri er slik, sikkert er slik. Skjemaet under (Thompson 2004:67) viser ulike påstandar som finst i eit modalt, urangert rom mellom ”ja” og ”nei” (+ er absolutt positiv pol, – er absolutt negativ):

+ She teaches Latin	
She might teach Latin	Perhaps yes, perhaps no
She usually teaches Latin	sometimes yes, sometimes no
She ought to teach Latin	at present no, but ideally in the future yes
She'll teach Latin if you want	at present no, but ideally in the future yes if you want
She can teach Latin if she wants	at present no, bit in the future yes if she wants
She can teach Latin well	in principle yes, at present maybe yes or no
- She doesn't teach Latin	

Utsegna med positivt eller negativt forteikn (”ja” og ”nei”) har *polaritet*, noko er, eller det er ikkje. Polaritet er ein eigenskap ved det finitte elementet. Skjemaet under viser grad av modalitet ved modifikasjonane av *Gå!* og *Ikkje gå!* *Gå!* og *Ikkje gå!* har polaritet:

Gå!	Polaritet, ingen modalitet
Du må gå	Høg modalitet
Du bør vurderer å gå	Låg modalitet
Du bør vurderer å ikkje gå	Låg modalitet
Du må ikkje gå	Høg modalitet
Ikkje gå!	Polaritet, ingen modalitet

For å forstå modalitet betre, må vi sjå nærare på taleroller. Vi gjer ulike ting med språk: Vi gjev varer/tenester og informasjon, og krev varer/tenester og informasjon. Dei tilhøyrande språkhandlingane er tilbod, konstatering, ordre og spørsmål (Maagerø 2005:47). Dersom det er informasjon som blir utveksla, har modaliteten å gjera med kor truleg informasjonen er (*probability*) eller kor frekvent han er (*usuality*). Denne modalitetstypen kallar vi *modalisasjon* (eller epistemisk modalitet). Dersom det er varer eller tenester som blir utveksla, har modaliteten å gjera med kor naudsynleg det er at t.d. tenesten blir utført, eller kor tilbøyeleg nokon er til å utføra ein teneste. Denne modalitetstypen kallar vi *modulasjon* (eller deontisk modalitet). Skjemaet under (Thompson 2004:67) viser dei to typane modalitet, delt inn i *modalisasjon* og *modulasjon*:

	Probability	The child might be hers
Modalization(information)	Usuality	She often went there
type of modality	Obligation	You should go now
modulation (goods-and-services)	Inclination	I'll give you a hand

Modalisasjon blir anten realisert

- ved eit finitt modalt element i verbalgruppa¹⁰,

¹⁰ Det finitte elementet jordar ytringa ved hjelp av tid og modalitet, og blir realisert anten ved hjelp av bøygde former av hjelpeverba vera, ha og bli, den finitte delen av hovudverba eller bøygde former av dei modale hjelpeverba som realiserer det finitte elementet (Maagerø 2005:139).

- ved eit modalt adjunkt¹¹ («kanskje, muligens, sannsynligvis, nok, vel, sikkert, antakelig [...] ofte, av og til, aldri, alltid, vanligvis, sjelden, unntaksvis osv») [Maagerø 2005:151]), eller
- ved både eit finitt modalt element og eit modalt adjunkt.

Modalisasjonen kan ha høg, middels eller låg grad (Maagerø 2005:150):

- høg: «må, skal, sikkert, alltid, bestandig»
- middels: «kan, sannsynligvis, antakelig, vanligvis, stadig»
- låg: «kan, muligens, kanskje, noen ganger, av og til, sjelden»

Modulasjon blir realisert

- ved eit finitt modalt element i verbalgruppa eller
- ved eit predikat som har eit adjektiv i seg («Du er nødt til å ta eksamen i år» [Maagerø 2005:151])

Maagerø presiserer (2005:154) at det ikkje alltid er klare skilje mellom modalisasjon og modulasjon, og at det er mogleg å ha både delar i ein og same setning. Dette er endå eit argument for at modalitet ikkje berre har med den ideasjonelle metafunksjonen å gjera, men også den mellompersonlege.

Det varierer kva ansvar talaren har eller tek for ytringa si. Av og til kan talaren objektivere utsegna slik at standpunktet blir ein eigenskap ved sjølve fenomenet som blir omtala: *Det er mogleg* at han er sjuk (Thompson 2004:70). I den andre enden av skalaen kan ein understreka det subjektive i påstanden, igjen ved å skilja ut påstanden i ei sjølvstendig eining: *Eg går ut frå* at han er sjuk.

Halliday og Matthiessen har rekna ut at det finst heile 144 kategoriar av modalitet. Denne gjennomgangen har vore, og må vera, noko overflåtisk, men er vonleg nok til å identifisera modalitet og subjektsposisjonar i EU-tekstane.

¹¹ Eit adjunkt er eit funksjonelt element og blir realisert av ei adverbialgruppe eller ein preposisjonsfrase. I adverbialgruppa kan det vera eitt eller fleire adverb («snart, godt, enkelt, veldig snart, svært godt, nokså enkelt», Maagerø 2005:147).

1.4.6 Topos-analyse

Ordet *topos* (fleirtal *topoi*) kjem av det greske ordet for 'stad' (latin *locus*, i fleirtal *loci*). Vi har det frå antikk retorikk. Topoi er dei "stadene" lesaren kan finna argument eller argumentasjonsmønster (jf. Eide 1999:133). Vi skil mellom generelle og spesielle topoi. Generelle topoi er ålmenne argumentasjonsmønster til bruk i alle sjangrar og samanhengar. Spesielle topoi er knytt til emnet som blir diskutert, og er ikkje retoriske i seg sjølv. Dei gjeld bakgrunnskunnskapen ein forfattar eller talar treng når ho skal snakka eller skriva om eit emne. Topoi kan også vera ålmenne sanningar eller standardargument, *topoi koinós*. Topikken, læren om topos, skal gje forfattaren eller talaren rette argument til kvar sak. I litteraturvitskapen tyder topos m.a. klisjear, vanlege motiv og uttrykksformer (Lothe mfl. 1997).

Føremålet med å kartleggja topoi i dei tre EU-brosjyrane, er å finna ut korleis den retoriske strategien i tekstane er med på å byggja opp modellesaren.

1.5 Relevante tekstanalysar¹²

Maja Michelsen har skrivne masteroppgåva *Her var det veldig mye informasjon. Modelleserkonstruksjoner på www.bokklubbene.no*. Her analyserer ho nettsida til De Norske Bokklubbene, på jakt etter konstruksjonar av modellesaren. Ho har undersøkt korleis Bokklubben kommuniserer med lesarane sine, og funne ut at han konstruerer forskjellige grupper av modellesarar. Ulike røyster på ulike nivå i hyperteksten konstruerer desse modellesarane. Dei empiriske lesarane er difor ikkje heilt fri, men blir styrte av rollene dei får tildelt, hevdar ho. Både denne oppgåva og Johan Tønnesson si doktorgradsavhandling *Tekst som partitur, eller historievitenskap som kommunikasjon: Nærlesning av fire historikertekster skrevet for ulike lesergrupper* er viktige førebilete for modellesaranalysen i denne oppgåva. I *Tekst som partitur* undersøker Tønnesson tekstane til to historikarar og identifiserer røyster i tekstane. Ein god sakprosaetekst er som eit partitur, der ulike meiningar og røyster finst, i harmoni, slik at lesinga og lyttinga går smidig, hevdar han. Tønnesson nyttar modellesaromgrepet for å finna røystene i historietekstane, og hevdar at det kan finnast meir enn ein modellesar i ein sakprosaetekst. Tønnesson presenterer ein detaljert definisjon av modellesaren og ein metode for å finna han. Denne definisjonen og metoden har vore viktig i analysen av dei tre EU-hefta.

¹² Det er forska ein del på EU-debatten i 1994. Mellom dei viktigaste bidraga er folkerøystingsprosjektet ved Institutt for sosiologi og statsvitskap ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet, NTNU. Mitt inntrykk er at politisk kommunikasjon i EU-kampen med vekt på identitetsskapande element ikkje har vore granska. Relevant EU-forsking blir trekt inn i analysen av dei einskilte tekstane.

1.6 Disposisjon

I dette fyrste kapitlet har eg gjort greie for m.a. materiale, problemstilling, hypotese, metode, teori og tidlegare forskning. I kapittel 2 gjev eg ei lita innføring i historia om EU-debatten i 1994. I kapittel 3, 4 og 5 bli dei tre tekstane *55 minutter*, *Lesebok* og *Skjønnheten* analyserte. Den sistnemnde kom ut før *Lesebok*, men eg har likevel valt å setja analysen av denne sist. Grunnen er at det er *Lesebok* som står mest i kontrast til *55 minutter*. Hefta blir i kvart sitt kapittel analyserte ut frå kultur- og situasjonskontekst før eg ser på pronomenbruk, agensskjuling, bruk av modalitet og topoi. Eg avsluttar med modellesaranalyse. Funna blir diskuterte og oppsummerte i kapittel 6, som er konklusjonskapitlet.

2 Bakgrunn – kulturkontekst¹³

I dette kapitlet skal vi raskt gå gjennom hendingane rundt EU-debatten fram til folkerøystinga 28. november 1994, hendingar som truleg sette avtrykk i tekstane. For å forstå tekstane betre må vi vita noko om kva som hende i norsk politikk rundt EU-spørsmålet på 1990-talet og fram til folkerøystinga. Temaet for dette kapitlet er den altså den felles kulturkonteksten for dei tre hefta (EU og Noreg). Både når det gjeld situasjons- og kulturkonteksten byggjer eg på litteratur om EU-kampen og intervju med tekstskaparane.

2. 1 EU og Noreg

I 1994 var tolv europeiske land medlemmer i EU. Sverige, Finland, og Austerrike hadde alle halde folkerøystingar og sagt ja til å bli med i EU frå 1995. Maastricht-traktaten frå 1991 slo fast at unionen skulle bli tettare, og frå 1992 eksisterte det ein indre marknad i EU. EØS-avtalen, om europeisk økonomisk samarbeid og tilgang til den indre marknaden, vart ein realitet i 1992, og omfatta EU-landa og EFTA-landa Island, Liechtenstein og Noreg. Han verka i Noreg frå 1. januar 1993, med dei fire fridommane: fri flyt av varer, tenester, kapital og arbeidskraft. Avtalen omfatta ikkje landbruks- og fiskeripolitikk. I mars 1994 var hovudtingane mellom EU og Noreg ferdige, og dåverande handelsminister Grete Knudsen meinte at Noreg hadde kome godt ut på alle forhandlingsområda. Tingingane om jordbruk vart ikkje ferdige, og det vart ikkje tinga om vilkåra i Maastricht-avtalen. Stortingsmeldinga om EU vart framlagd i mai, med påfølgjande ordskifte.

2.1.1 Nei-overtak

Månadlege MMI-målingar viser at ja-sida hadde overtak hausten 1991 og hausten 1992. (Aardal og Jenssen 1996:32). Då Gro Harlem Brundtland kunngjorde ja-et til EU-medlemskap i april 1992, hadde ho altså medvind i opinionen. Dette tok slutt då danskane sa nei til Maastricht-avtalen same år. Dette mobiliserte stort på nei-sida. Frå då hadde dei overtaket, heilt fram til folkerøystinga (Bjørklund i Aardal og Jenssen 1996:32). EU-debatten fram mot folkerøystinga i 1994 tok for alvor til i 1989. Nei-sida var i gang med kampanjen sin allereie frå starten. Fram mot stortingsvalet i 1993 auka EU-motstanden sterkt. Ap sette inn ressursane sine fyrst mot slutten, og håpa på at opinionen i sluttspurten skulle lata seg påverka av ja-et i Finland 16. oktober og i Sverige 13. november. Men det var ikkje mange

¹³ Eg har i 1.2 basert meg på *Aschehougs norgeshistorie* (Benum 1998), Olstad 2003 og Jenssen og Valen (red.) 1996. Vurderingane av EU-debatten, slik dei kjem til uttrykk i 1.2.1, er felles for dei tre kjeldene.

nok som lét seg ta av det såkalla svenskesuget¹⁴, sjølv om ja-sida vann tvilarar og tok kraftig innpå nei-sida den siste tida før røystinga. Nei-sida heldt leiinga. I september 1994 såg eit gjennomsnitt av meiningsmålingar frå MMI, Norsk Gallup og Opinion slik ut: nei 46,2 %, ja 28 % og veit ikkje 25,9 %. Oktober 1994: nei 46,3 %, ja 31,8 % og veit ikkje 22,2 %. November 1994: nei 46,7 %, ja 37,7 % og veit ikkje 15,7 % (Aardal og Jenssen 1996:35). Norsk EU-motstand er seigiliva, og for ja-sida var det overraskande at så mange tvilarar framleis sat på gjerdet etter ja-et i Sverige og Finland (Aardal og Jenssen 1996:42). Haldningsstabiliteten i EU-spørsmålet er høg: Av dei som gav uttrykk for standpunktet sitt før folkerøystinga, heldt 95 % fast på det gjennom 11 veker av valkampen (Jenssen, Listhaug og Pettersen 1996:156).

2.1.2 Skiljeliner i EU-røystinga

89 % deltok i EU-røystinga 28. november 1994, der 52,2 % sa nei og 47,8 % sa ja til EU. Valdeltakinga har aldri vore så stor sidan ålmenn røysterett vart innført i Noreg. Nei-fleirtalet vart 1,3 % lågare enn i 1972 (SSB 1994:12). Høgast nei-prosent var det i Flakstad kommune i Nordland: 93,7 %. Som i 1972 vart Bærum den største ja-kommunen, med 75,2 % ja (sst.). Dei same skiljelinene som vart aktiviserte i 1972, gjaldt i 1994: den territorielle skiljelina mellom sentrum og periferi, og motkulturane mot hovudstadskulturen. Den tradisjonelle motsetnaden mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar var mindre viktig. I tillegg til desse skiljelinene var nye skilje (etter 1972), utdanning, kjønn og offentleg–privat sektor, viktige. Innbyggjarar i Nord-Noreg, sysselsette i primærnæringane, offentleg tilsette, kvinner og ungdom røysta nei i større grad enn andre grupper. Eit standpunkt til venstre ideologisk og identifikasjon med Utkant-Noreg var viktig for EU-motstanden. Ynsket om sjølvråderett står sterkt i Noreg og styrkjer truleg EU-motstanden.

Det er hevda at klasse ikkje spela nokon rolle for EU-røysting i 1994, i motsetnad til i 1972.¹⁵ Men Jenssen (1996:17) seier at EU sine fire fridommar har mindre appell til folk med moderate økonomiske ressursar og låg sjølvtilit enn til menneske som har dei økonomiske og personlege ressursane til å gjera bruk av desse fridommene. Jo høgare inntekt og utdanning, desto større sjans for å røysta ja til EU (Bjørklund 1994:20). Ei undersøking ScanFact gjorde på oppdrag frå regjeringa i juni 1993 (UD 1993 H), viste at nei-røystinga

¹⁴ Ap-leiar Torbjørn Jagland skal vera opphavsmannen til dette uttrykket, sjølv om han seinare har nekta for det (Jenssen 1996:26). At ja-sida trudde på "svenskesuget", var ikkje så rart: Ei måling i Aftenposten 12.2.1994 viste t.d. at det var fleirtal for norsk EU-medlemskap dersom Sverige og Finland sa ja til EU.

¹⁵ Klasse vart ikkje operasjonalisert på same måte i 1972 som i 1994. I 1972 vart respondentane koda som arbeidarar, funksjonærar osb. av ein intervjuar. I 1994 vart kodinga basert på Nordisk Yrkesklassifisering, som er meir detaljert og mindre skjønsmessig (Jenssen, Listhaug og Pettersen 1996:163).

minka sterkt med aukande inntekt. I låginntektsgrupper røysta 19 % ja, 43 % nei og 37 % var tvilarar. I høginntektsgrupper røysta 45 % ja, 34 % nei og 21 % var tvilarar. Nei-røysting vart også redusert ved høgare utdanning.

2.1.3 Aktørane

Nei til EU var den største organisasjonen på motstandarsida, med 140 000 medlemmer hausten 1994. For Nei til EU var medlemmene ein stor ressurs, og organisasjonen satsa på grasrotmobilisering og store demonstrasjonar: 7. juni (unionsoppløysingsdatoen), 25. september (valdatoen i 1972) og 19. november, ni dagar før folkerøystinga, då 25 000 menneske deltok. Slagorda var frå juni 1994 etter vedtak i Nei til EU-leiinga «Miljøvern eller union», «Solidaritet eller union» og «Folkestyre eller union». Europabevegelsen var den største aktivistorganisasjonen for EU-tilhengjarane, med 35 000 medlemmer.

Pressa var meir ja-orientert i 1994 enn i 1972, og Dagbladet hadde gått frå nei til ja (sst.). NRK Dagsrevyen, TV2 og laussalsavisene presenterte fleire ja-argument enn nei-argument (Ramberg i Ringdal 1996:53). Men på den 4. ekstraordinære LO-kongressen 22. september 1994 fekk nei-sida fleirtal. Dette var eit svært viktig signal som mellom anna innebar at Ap ikkje kunne bruka LO-systemet med over 800 000 medlemmer til å driva valkamp for eit ja. Ja-sida vann lite på at nei-partia ikkje var samde når det galdt EØS (Benum 1998:208). SV og Senterpartiet var mot, medan KrF og EU-motstandarane i Ap var for. Partia var mot slutten viktigare enn ved førre EU-folkerøysting, med ja-statsminister Gro Harlem Brundtland og "nei-dronning" og senterpartileiar Anne Enger Lahnstein som gallionsfigurar på kvar si skute. Sp og dronninga deira fekk stor pressemerksemd, men populariteten til Brundtland var større. Ap var den viktigaste aktøren på ja-sida. EU-saka var viktigare for nei-partia Sp og SV enn for Ap og Høgre.

2.1.4 Debatten

I vekene før folkerøystinga vart bilar ramponerte, plakatar øydelagde og underskrifter forfalska. Aktørar både på ja-sida og nei-sida vart truga på livet. Dei siste to vekene før 28. november kunne folk lesa tre ulike meiningsmålingar dagleg, noko som «bidro til en nesten feberaktig stemning i deler av opinionen» (Jenssen 1996:27). Det har likevel blitt påstått at EU-striden i 1994 var mindre bitter enn i 1972. For det fyrste var avstanden mellom nei-sida og folket mindre i 1994: På Stortinget sat det etter valet i 1993 fleire nei-representantar enn i 1972. I 1993-valkampen freista Ap og dei andre ja-partia å unngå EU-spørsmålet, sidan det var nei-fleirtal i opinionen, medan Senterpartiet ville gjera EU-sak til det sentrale i

valkampen. Sp gjekk fram i valet, og veljarane oppgav EU-spørsmålet som den viktigaste einskildsaka i valkampen. På grunn av valkampen fekk nei-sida eit stort forsprang. Ap var òg valvinnarar, sjølv om dei tapte nei-røystarar til SV og Sp. Ap syntest å vera det einaste realistiske regjeringsalternativet for mange. Det var ikkje tale om noko samarbeid mellom Høgre, Sp og KrF, som stod for langt frå kvarandre. For det andre hadde nei-sida mindre preg av ungdomsopprør enn i 1972. For det tredje slo ikkje ja-partia Høgre og Arbeidarpartiet like mykje ned på indre opposisjon som i den førre EU-striden, og Ap-regjeringa ynskte å bli sitjande jamvel etter eit EU-nei (Benum 1998:208). Partimedlemmene fekk ha det EU-standpunktet dei ville. Ei gruppe EU-motstandarar i Ap stifta Sosialdemokratane mot EU (SME) i oktober 1993 (Kallset 2005:91), med Hallvard Bakke som leiar.

Argumentasjonen krinsa stort sett om det same som i førre EU-kamp. Sjølvråderett var viktig for motstandarane, og økonomiske argument vart oftast målborne frå ja-sida. Men ein ting var nytt: internasjonaliseringa. Då statsministeren grunn gav EU-søknaden (send 24. november 1992), trekte ho fram at det var slutt på den kalde krigen, at EU snart skulle innføra den indre marknaden, og at grannelanda våre også skulle søkja. Ein open økonomi, betra kommunikasjon og ikkje minst ureining over landegrensene svekte nasjonal styring. Internasjonale problem ville best bli løyste av ein internasjonal organisasjon som EU. Nei-sida hevda mot dette at EU geografisk sett var for lite, og at organisasjonen var udemokratisk, både med omsyn til val av representantar og avgjerdsprosessar.

Dei siste to tiåra før EU-røystinga tok mange i Noreg til orde for regionalisering og desentralisering. I EU-systemet ynskte mange eit regionsbasert Europa, med vekt på lokale særmerke. Mange norske EU-tilhengjarar meinte i tråd med dette at nasjonalstaten både var for stor (difor regionalisering) og for liten (difor trong vi EU) til å takla framtid utfordringane.

Det var få føderalistar mellom norske ja-folk: Dei ynskte europeisk samarbeid, men ikkje så mykje at det truga den nasjonale suvereniteten. Dei hadde lita tru på at EU faktisk ville utvikla seg til ein reell union. Den norske EU-debatten handla i stor grad om problema med å bli medlem av ei stor eining som EU. Norsk EU-debatt handla mest om Noreg sine interesser og norske samfunnstilhøve. Anne Enger Lahnstein, senterpartileiar og EU-motstandarane sin frontfigur, vart i EU-kampens hete ofte sitert på at Noreg var eit "Annerledesland" (frå Rolf

Jacobsen-diktet med same namn).¹⁶ Denne sjølvforståinga blir ofte trekt fram som ein viktig del av norsk identitet. Jørgen Lorentzen hevdar at Noreg både er eit tradisjonsbunde og moderne land på same tid (1992:162):

Norge er det EFTA-landet som er i stand til å debattere et medlemskap i EF med utgangspunkt i spørsmålet om hva slags samfunn innbyggerne ønsker seg. Mens andre land ubetenksomt sender sin medlemssøknad til EF ut fra rene økonomiske analyser, diskuterer nordmenn og -kvinner hvorvidt EF vil bringe med seg verdier og en kultur som harmonerer med det norske. Tradisjonelle verdier og kulturell uavhengighet står sterkt i Norge.

2.1.5 Kamp om kultur-Noreg

Lorentzen peikar på ein viktig faktor i norsk EU-debatt som har med identitet og tilhøyrse å gjera: det å vera uavhengig. EU-debatten er ein nasjonal "samtale" om kven vi er. Kunstnarar, og særleg litteratar, har historisk vore viktige i nasjonsbygginga og i nasjonalkulturen. På båe sider i EU-kampen var det i 1994 difor viktig å få kulturfolket på si side. Tradisjonelt har nei-sida hatt hevd på desse, men også ja-sida mønstra støtte frå kultur-Noreg. Forfattar Roy Jacobsen samla over 160 underskrifter i kampanjen "Kulturfolk for EU". Mellom deltakarane i oppropet var eks-AKP-ar og eks-leiar i Forfatterforeningen Toril Brekke, forfattarane Arild Nyquist og Gunnar Staalesen, muskarane Kjell Bækkelund, Morten Abel og Ole Paus og regissørane Wam & Vennerød. Jacobsen og Turid Birkeland i Ja-aksjonen hevda at mange ja-kunstnarar dei hadde snakka med, ikkje torde stå fram: Dei trudde publikum venta seg eit nei-standpunkt, og orka ikkje 1972 om att (VG, 16.6.1994). Generalsekretær i Europabevegelsen Tor Wennesland sa at «[v]i bruker kulturkjendiser fordi vi tror en stor andel av Norges befolkning fester tillit til personer som ikke er politikere» (Bergens Tidende, 4.7.1994). Han meinte likevel at ikkje berre kulturfolk var opinionsdannarar: «Et ja fra en person som Ingrid Espelid Hovig vil trolig være viktigere enn mange kulturfolk» (Røed i Aftenposten 24.9.1994). Nei-sida satsa på kulturarrangement landet over heller enn på kulturopprop (sjølv om oppropet «Kunstnere og kulturarbeidere sier nei til Den europeiske union» mønstra 1400 signaturar, Kallset 1995:60). Ninni Ritzau i Nei

¹⁶ Opphavleg vart "Annerledeslandet" brukt av nei-sida i positiv forstand., m.a. las Anne Enger Lahnstein opp Jacobsen-diktet på eit møte i Bø i Vesterålen i august 1994 (Øverby og Hagen i VG 1994), der 550 nei-røystarar hylla henne som ei dronning. Ja-sida "tok" etter kvart ordet og brukte det mot nei-sida. "Annerledeslandet" skulle då, kan henda med draghjelp av Jacobsens landssvikdom, gje konnotasjonar til den påståtte brunfarga nasjonalismen til nei-sida. Erik Bye introduserte ordet "brunskvetting", som tyder insinuasjonar om den slags nasjonalisme i EU-debatten. Inge Lønning hevda at eit framlegg om ei brei nei-regjering med utspring i Senterpartiet, der òg andre utanfor partia kunne vera med, minte han om ideane til Fedrelandslaget. Dette, hevda Bye, var brunskvetting på nei-sida (NTB 22.7.1994).

til EU meinte det i løpet av 1994 ville bli skipa til mellom to og tre tusen nei-arrangement, mellom anna ei gallaframsyning i Oslo Spektrum (sst.). «Vi legger stor vekt på kultur. EU er mye mer enn en politisk sak, og kunstnerne får frem andre sider,» sa informasjonsansvarleg i Nei til EU, Kjell-Erik Kallset (Røed i Aftenposten 24.9.1994). Nei til EU engasjerte tre ”impresarioar”, som skulle formidla kunstnarar med folkeleg, lokalt engasjement til dei ulike tilskipingane.

Før vi går i gang med analysen, skal vi sjå korleis dei tre utvalde tekstane heng saman med kvarandre. *Lesebok* og *Skjønnheten* kom ut som resultat av kontroversane rundt *55 minutter*.

2.2 Felles situasjonskontekst for alle tekstane

Før medlemskapstingingane mellom den norske regjeringa og EU (då EF) vart det nedsett eit informasjonssekretariat under UD. Dette informasjonssekretariatet sette ned eit utval med namnet Regjeringas informasjonsutval for europasaker (RIES). Dei sende i mai 1993 ut brosjyren *55 minutter* til alle husstandar i landet.¹⁷ Brosjyren fekk kritikk, mellom anna frå Nei til EU og frå stortingrepresentantar frå nei-partia, for å vera ein-sidedig og lite objektiv (Kallset 1995:32 og e-post 6.4.2006). I revidert statsbudsjett vart det difor, etter press frå Hallvard Bakke, tidlegare statsråd for Arbeidarpartiet og leiar i Sosialdemokratane mot EU (SME), sett av fem millionar kroner til informasjonstiltak om EU. Debatten skulle balanserast, og EU-stoffet nå ut til folk med ein klår sendar: interesseorganisasjonane. «Om folket ikkje fekk balansert informasjon, skulle ein i alle fall få balanse i informasjonen,» skriv Kjell-Erik Kallset (e-post 6.4.2006). Europabevegelsen og Nei til EU søkte om middel til trykksaker. Nei til EU fekk 2,4 millionar av Utanriksdepartementet, Europabevegelsen mottok 2,2 millionar, og organisasjonen Frå nei til ja fekk 200 000 kroner (sst.).¹⁸ KrF-leiar Kjell Magne Bondevik og dei to parlamentariske leiarane Johan J. Jakobsen og Kjellbjørg Lunde meinte regjeringa braut føresetnadene for vedtaket om pengestøtte til informasjonstiltak etter bråket rundt *55 minutter*, og meinte nei-sida skulle fått meir av den totale potten enn ja-sida (NTB, 14.10.1993).

¹⁷ Brosjyren vart også laga i lommeutgåve, ein faldar med eit utdrag av teksten.

¹⁸ Historia om samanhengen mellom *55 minutter*, *Lesebok* og *Skjønnheten* er, etter det eg kjenner til, ikkje tidlegare publisert.

3 55 minutter om Norge og EF

Vi skal no sjå på dei direkte vilkåra for produksjon og tolking av teksten *55 minutter om Norge og EF*.¹⁹ *55 minutter* er gjeve ut av Regjeringas informasjonsutval for europasaker (RIES). Brosjyren vart send ut til alle husstandar i landet i eit opplag på 1,8 millionar den 15. juni 1993 (Aftenposten, 11.6.1993). 200 000 huslydar fekk brosjyren på nynorsk (UD 1993 F). Brosjyren kosta ferdig utsend tre kroner per eksemplar (sst.), altså totalt 5,4 millionar kroner (Aftenposten, 11.6.1993). Før denne masseutsendinga var den største utsendinga av EU-informasjon frå statleg hald ein brosjyre om EØS som kom ut i 1992 i eit opplag på 100 000 (UD 1993 F).

3.1 Steg 1: Situasjonsteksten

Fyrst kjem ei skildring av utsjånad og innhald i brosjyren *55 minutter*. Dei neste underkapitla handlar om forfattarane, målgruppene, tankar om teksten og debatten etter utgjevinga. Dette svarar til komponentane i situasjonstekstskildringa: medium, deltakarar og kommunikative mål. Framstillinga byggjer på intervju med ein av forfattarane, Ole Berrefjord, og kjelder frå UD sitt arkiv.²⁰

3.1.1 Skildring av heftet

Heftet er 44 sider langt. Omslaget er i fargar, men utan bilete eller illustrasjonar. Berre tittelen *55 minutter om Norge og EF* står på framsida, inni ein lilla boks. Fram- og baksida er prega av grafiske element i form av ujamne firkantar i grønt og gult, og diagonale liner, tyne i burgunder og tjukke i blått. Papiret er i same kvalitet som i det gamle A-magasinet. Heftet er litt lågare enn A4-format og har lilla rygg. Regjeringas informasjonsutvalg for europasaker står som sendar nedst på baksida, ramma inn av ein rektangulær, lilla boks. Det fyrste som møtar lesaren, er eit føreord utan tittel, som forklarar kvifor RIES har valt å senda denne brosjyren til alle husstandane i landet: Folk ynskjer informasjon om EF og å få svar på spørsmåla sine. RIES skriv at dei har prøvd å skildra korleis medlemskap i EF vil verka for Noreg på dei samfunnsområda nordmenn er mest opptekne av. RIES deler heftet inn i tre

¹⁹ Då heftet kom ut, heitte EU framleis EF. EF skifta namn til EU 1. november 1993. Der eg siterer direkte frå teksten, brukar eg EF. Elles brukar eg den noverande forkortinga, EU.

²⁰ I det følgjande viser eg til to intervju med Berrefjord: ein kort telefonsamtale 13.9.2006 og eit hovudintervju 16.11.06. Parentes med berre sidetal viser til sidetala i hovudintervjuet med Berrefjord. Dette intervjuet er transkribert på bokmål, etter gjeldande reglar i Bokmålsordboka. Telefonsamtalen med Berrefjord 13.9.06 er transkribert på nynorsk. Eg valde bokmål-transkripsjon i alle intervju i denne oppgåva av di flesteparten (tre) av informantane er austlendingar (sørlendingen snakka relativt bokmålsnært, berre nordvestlendingen låg nærast nynorsk). Den mest talemålsnære tillatne forma i Bokmålsordboka er vald.

emne: fyrst presentasjon av EØS og EF, så verknaden EF vil kunne ha på Noreg, og til sist den vidare utviklinga av EF-samarbeidet.

Utgjevaren står òg til sist i føreordet. Heftet byrjar med «20 spørsmål om Norge og EF» (s. 4–5) med sidetilvising for det aktuelle spørsmålet. Sidetala er ramma inn av boksar i mange ulike fargar. Dei 20 spørsmåla står med stor skrift og går over to sider. Skrifta i heftet er antikva (skrift med seriffar), med unnatak av framside og bakside, figurar, kart og overskrifter bak i brosjyren. Heftet inneheld 15 temaoppslag som går over to sider, for det meste dekt av tekst. Teksten i oppslaga er i stor og lesevennleg skrifttype. Fire av oppslaga er heilt fylte med tekst på båe sidene, resten inneheld illustrasjonar (grafar, tabellar, kart, kakediagram, faktaboksar) som stel litt av sida, eller er dekt av tekst over ca. 1 ½ side. Figurane er alltid plasserte på høgre oppslagsside, og er i fargar. I tillegg finst det eit europakart i fargar på midtsidene.²¹ I yttermargane av kartet står flagg, innbyggjartal og status i høve til EF/EFTA for dei ulike landa. Bak i heftet finn lesaren ei stikkordliste om EU, eit oversyn over tilgjengeleg informasjon om EU og ei liste over telefonnummer og adresser til ulike organisasjonar og parti. Sist i brosjyren er det sett av to sider til notat.

3.1.2 Forfattarane

Ole Berrefjord, i 1994 statssekretær i Statssekretærutvalet i UD og ved Statsministerens kontor (SMK), var med og skreiv brosjyren og koordinerte arbeidet med han. Berrefjord var leiar av RIES. Han opplyser at noverande (2007) utanriksminister Jonas Gahr Støre var sterkt involvert i skrivinga av heftet.²² I tillegg til Berrefjord og Støre, som då var spesialrådgjevar ved SMK, var desse medlemmer i RIES per 6.5.1993: statssekretær Helga Hernes, UD, politisk rådgjevar Marianne Andreassen, UD, politisk rådgjevar Ingrid Norstein, LD (Landbruksdepartementet), underdirektør Atle Leikvoll, UD, rådgjevar Elisabeth Walaas, UD, rådgjevar Steinar Sørli, UD, infoleiar Arthur Baste Knutsen, UD og rådgjevar Ole Lundby, UD (UD 1993 C). Spesialrådgjevar i UD Ketil Børde og Odd Fosseidbråten var også involvert i arbeidet med *55 minutter*, seier Berrefjord. Dei hadde koordinasjonsoppgåver (telefonsamtale med Berrefjord, 13.9.2006). Statssekretærutvalet hadde administrativt og praktisk ansvar for produksjonen av heftet.

²¹ Bergens Tidende saumfór kartet og meldte følgjande ("Usikkert om EF", 23.6.1993): «Regjeringens Informasjonsutvalg for Europasaker har plassert Belgia (med Brüssel) i Nederland og dessuten gitt landet Romanias flagg. Som Romania pussig nok har fått beholde [...]» Dei kunne dessutan opplysa om at «flere av de avbildede flagg ikke lenger har kommunistiske stjerner som de har i trykksaken, at Slovakias flagg er hvitt øverst og blått i midten og ikke omvendt pluss at kartets flagg også har et par andre, mindre skjønnhetsfeil. [...] Vet ikke regjeringen hvor Brüssel er?»

²² Støre takka nei til førespurnad om å bli intervjuet om *55 minutter*.

55 *minutter* vart utarbeidd vinteren/våren 1993 (UD 1993 H). Heftet vart forfatta av eit team av tilsette i UD. Teksten gjekk fram og tilbake mellom departementa, og mange var med og skreiv. Statssekretærutval og embetsmannsutval frå dei ulike departementa med ansvar for tema omhandla i teksten, var med i prosessen for å sikra kvaliteten. Berrefjord kallar tekstproduksjonen ein kollektiv prosess. Han kjenner ikkje att sine eigne formuleringar eller idear når han les gjennom teksten no i dag, og meiner det nesten er meningslaust å snakka om nokon forfattar i tradisjonell tyding – forfattaren er nesten irrelevant i denne samanhengen (telefonsamtale med Berrefjord 13.9.06). Berrefjord trur mange av dei som var med og skreiv teksten, inst inne var nei-sympatisørar eller tvilarar (s. 27).²³ Dessutan hadde forfattarane ulike verdiar, meiner Berrefjord:

Mange av de som var med å produsere dette, hadde jo ulike sjatteringer med hensyn til verdispørsmål, mer enn ja eller nei til EU. Da fikk en jo en viss form for motforestillinger (s. 17).

Han seier at mykje av kulturen som låg i desse pennane (dei tilsette i UD) var knytt til forvaltning, embetsverk og offentleg dokumentskriving, og kontrasterer dette med innhaldet i partiprogram, som gjerne har ei ideologisk slagside (*bias*) som ein lett får auge på (s. 19). Berrefjord samanliknar innhaldet i *55 minutter* med innhaldet i ei lærebok om samfunnsvitskap for vidaregåande skule, som har tilsvarande krav om å ikkje vera for normativ i den eine eller den andre retninga.

3.1.3 Målgruppe

På spørsmål om mottakarar dei hadde i tankane, svarar Berrefjord at ein i slike samanhengar av ein eller annan grunn tenkjer på ungdommar, gjerne i vidaregåande skule-alder, folk i attenårsalderen. Det var «menigmann og kvinne, Ola og Kari Nordmann» (s. 9) som var i målgruppa. Samstundes seier han at heftet var for «det interesserte publikum, altså, det er klart» (s. 4). Han fortel om danskane, som sende ut heile Maastricht-traktaten i posten. Folk er ikkje interessert i å lesa det, meiner han. Berrefjord meiner at det var RIES si oppgåve å gå inn i det han kallar «tvilerterrenget» (s. 27). Skriv ein veldig ”ja” og veldig ”nei”, skriv ein for sitt eige publikum, seier han. Berrefjord meiner heftet tok opp det folk gjekk rundt og lurte på. Spørsmållista i byrjinga av heftet tok utgangspunkt i spørsmålet ”kva har dette å seia for deg?” og knytte emnet til folks situasjon. Heftet vart tematisk lagt opp etter departementsområde, og basert på lesing av avisinnlegg visste forfattarane kva folk var

²³ Berrefjord sjølv stod på nei-sida i 1972, og var aktiv i AIK (Arbeiderbevegelsens Informasjonskomité mot EEC), men var ja-mann i 1994, noko han enno er.

opptekne av, fortel han. Dessutan gjennomførte RIES ei spørjeundersøking før dei gav ut heftet, for å finna ut kva folk var opptekne av. «Undersøkelsen viste blant annet at folk vil ta seg tid til å studere en brosjyre om Norge og EF,» sa han då (Aftenposten 11.6.1993). Undersøkinga han viser til, utført av ScanFact i februar 1993 på oppdrag frå regjeringa, kunne fortelja at over halvparten av dei spurde ville bruka meir enn 30 minutt på brosjyren, og 30 % over ein time (UD 1993 H).²⁴ Han kalla *55 minutter* for «folkeheftet»:

Dette er ingen to-tre minutters intravenøs vei til kunnskap om EF. Den er litt tyngre enn vanlig. Folk må eventuelt legge den til side for en stund og så bruke den til å studere enkeltspørsmål når de har tid.

3.1.4 Syn på eigen tekst

Om tittelen fortel han at formuleringa *55 minutter* skal «forberede folk på at det tar ikke så lang tid, men *litt* tid» å lesa heftet (s. 7). Heftet er etter hans meining eit godt stykke handverk. Berrefjord seier at styrken til teksten er at han glir lett, språkføringa er god: «Det er ganske greit å skjønne hva som står der» (s. 7). Det står i kontrast til det han sa i telefonsamtalen 13.9.06, der han la vekt på at *55 minutter* var «opphengt i departemental syntaks».

I UD heitte det at «[d]et faktum at norsk medlemskap i EF skal avgjøres ved folkeavstemning, pålegger Regjeringen og Storting et spesielt informasjonsansvar overfor velgerne» (UD 1993 B). Siktemålet var å laga grundig, enkel og heilskapleg informasjon om konsekvensane av ein EU-medlemskap. Heftet skulle handla om mellom anna sjølvråderett, arbeid, miljø, fiske og jordbruk, tema folk var svært opptekne av (UD 1993 H). RIES gav ut heftet for å dekkja det store behovet for opplysning og informasjon, fortel Berrefjord.²⁵ Han seier at dei ynskte å gjera informasjonen om EU så breitt tilgjengeleg som mogleg, og då kom ideen om dette heftet. Publikasjonen skilde seg ikkje nemnande frå det andre materiellet som vart gjeve ut, seier Berrefjord (intervju med Berrefjord, s. 1). Heftet var del av eit større informasjonsarbeid UD hadde om EU og EØS.

²⁴ ScanFact gjennomførte i veka etter at heftet vart distribuert ei undersøking for å kartleggja kor mange som hadde lese *55 minutter*, og kva dei syntest om heftet. (UD 1993 H). 79 % hugsa å ha fått heftet. 51 % hadde lese, bladd eller titta. 30 % av desse att hadde lese heile eller meir enn halvparten, 40 % litt her og der, og 30 % hadde berre titta. Av dei som hugsa å ha motteke heftet, hadde 52 % teke vare på det. 25 % hadde hatt det eit par dagar, og 21 % hadde ikkje heftet lenger. Den forventa gjennomsnittlege lesetida per person vart rekna ut til 33 minutt.

²⁵ 76 % av dei spurde i den nemnde ScanFact-undersøkinga frå februar 1993 meinte dei trong meir informasjon. 42 % meinte dei ikkje var særleg godt informerte, og 22 % meinte dei var dårlig informerte om EU, europaspørsmål og Noreg sitt tilhøve til EU.

Departementstilsette skreiv og brukte egne kjelder. UD starta ikkje ein eigen prosess med tanke på produksjon av dette heftet; dei nytta kunnskapen som var opparbeidd i departementsapparatet i åra fram mot EU-røystinga, fortel Berrefjord. Berrefjord meiner heftet tilhøyrrer opplysningssjangeren, og at det er nøkternt og sakleg, til liks med andre større hefte frå UD om EU. UD hadde heile tida krav om at informasjonen skulle vera «etter beste evne så faktisk riktig som overhodet mulig» (s. 1). «Teksten er jo relativt nøytral, den er deskriptiv,» seier han (s. 14). Innhaldet var retta mykje mot faktiske forhold (s. 29). Lesarane skulle ikkje ta stilling, men få svar, og så fekk dei ta stilling ved å lesa ja- og nei-brosjyrar (sst.).

Folkeopplysning er stikkordet (s. 8). Man skulle ikke forlede noen. En skulle informere noen, og det var i grunn det det dreide seg om (s. 14). Det å slenge til med veldig panegyriske saker var det jo ikke tale om i det hele tatt (s. 17). Den [brosjyren] hadde ikke som hensikt å overbevise, den hadde som hensikt å informere (s. 28).

Vi ser altså at Berrefjord legg vekt på at teksten han var med på å skriva, var prega av fakta og sanning. Dette samsvarer med ideen om det nærast politikknøytrale fagstyret departementstilsette utfører. Han meiner heftet var ein «edrueleg affære» (s. 28), sidan det fleire stadar i teksten blir vist til at det ikkje er mogleg å gje svar og at lesarane kan venda seg til ja- og nei-organisasjonane. Ynsket om ein nøktern tone har kanskje hatt innverknad på layouten også. Mangelen på illustrasjonar og grafiske krumspring kommenterer Berrefjord slik: «Det har sikkert reflektert at en her verken kunne overdrive eller fargelegge. Uansett hva en gjorde her, så ville en bli kritisert» (s. 8).

Eit utkast til *55 minutter* datert 1. april 1993 (UD 1993 A) syner at heftet kan ha vore meir EU-kritisk på dette tidspunktet, for så å bli mindre prega av motførestellingar i det endelege utkastet, som vart levert til reklamebyrået JBR 5. mai (UD 1993 C). I utkastet, sendt frå Jonas Gahr Støre til Berrefjord, heiter det t.d. i det som skal bli føreordet: «Et EF-medlemskap medfører både fordeler og ulemper.» Seinare vart denne formuleringa fjerna.

I oppslaget om velferd og EU i utkastet, står det at

Større konkurranse fra land med lavere skatter og avgifter enn Norge kan føre til press for lavere skatter og avgifter også hos oss. Svekkede offentlige inntekter kan føre til reduserte velferdsordninger.

I det endelege utkastet finst det ikkje slike innvendingar når det gjeld velferdspolitikken. I staden blir det i oppslaget om velferd og EU framheva at sal av varer og tenester frå norske

verksemder til EU-landa gjev Noreg inntekter, som er viktige for å finansiere velferdstilbodet vårt (*55 minutter*, s. 10).

Berrefjord avviste i 1993 (Aftenposten 11.6.1993) at *55 minutter* var partisk, og meinte at dei hadde gjort greie for mange problem knytte til EU-medlemskap også.

Sjølv om Berrefjord fleire gonger overtydd hevdar at *55 minutter* var ein fullt ut sakleg og informativ tekst, er han ikkje urokkeleg: På spørsmål om det ikkje er ein illusjon at nøytrale tekstar finst, svarar han at han er «samd i at det ikkje finst noko som heiter verdifri kommunikasjon» (telefonsamtale 13.9.06).

Berrefjord har reflektert over korleis ulike tekstar vender seg til ulike lesarar:

Tekstar inneheld ulike kodar. Desse tekstane inneheld ein fagleg kode som må omsetjast for at teksten skal kommunisera. Det er snakk om kva kode som har legitimitet. For somme er byråkratisk kode illegitim. Spørsmålet er: Korleis bruka språket i kontekstar som er så samansette? Det er eit dristig prosjekt å laga ein hybridtekst [mellom det eg går ut frå er byråkratispråk og kommunikasjonsspråk]. Det er eit spel. Ein blir utfordra til å gjera noko som er vanskeleg.

Denne haldninga vitnar kanskje om eit syn på byråkratiet som innehavarar av ei ekspertrøynd berre dei har tilgang til, ei røynd som treng eit ekspertspråk. Utfordringa blir i eit slikt verdsbilete å formidla den ”eigentlege sanninga” til folk, ei sanning som dei departementstilsette og regjeringsapparatet sit på.

Berrefjord meiner at «teksten vart forstyrra av at det var kontrovers rundt saka» (telefonsamtale 13.9.06). Korleis skulle dei kommunisera i ein politisert kontekst? spør han. Vi ser at Berrefjord bruker ordet ”kode” om det eg vil tru er ei bestemt språkføring eller stil. I hovudintervjuet bruker han ”kode” om noko anna, nemleg ideologi, eller det vi kanskje kan kalla ideologisk slagside:

Du skriver om det [EU], og er i en regjering som gikk inn for EØS, og går inn og vil forhandle om et medlemskap: Allerede da ville mange si at uansett hva du skriver, så finner de en kode på det (s. 19).

3.1.5 Debatten på utgjevingstidspunktet

Ved sida av dei næringsøkonomiske interessene var EU-debatten rundt tida heftet kom ut, prega av den institusjonelle debatten om det å gje frå seg nasjonal styresmakt (s. 29), seier Berrefjord. Han hevdar at EU-saka for veldig mange handla om «bosetting, distrikter,

sjansene for konkrete næringer» (s. 30). Han dreg òg fram energidebatten (vasskraft, gass og olje) som viktig.

RIES planla pressekonferanse med utvalsmedlemmene då heftet skulle sendast ut, og utgjevinga skulle bli annonsert på tv og radio. Det vart sett av 200 000 kroner til tv-annonser. Pressedekkinga kunne «bidra til at brosjyren ikke blir forvekslet med den store mengde ”direct mail” som husstandene daglig mottar» (UD 1993 D). Det vart ikkje så mykje pressemerksend rundt heftet då det kom, seier Berrefjord. Det var sjølvsagt nokre lesarinnlegg, men det var heilt som det skulle vera, eigentleg, presiserer han (s. 11).

Nei, jeg husker i grunnen bare noen få. De kontroversene som kom, var jo ventet . Som jeg sa, det er jo ikke mulig å lage informasjon fra regjeringa, etablissementet, som jo alle visste hadde et positivt syn på EU, uten at det ble en diskusjon. Det måtte det jo bli . Det var ikke noen store stormer, i hvert fall ikke som jeg opplevde (s. 11).²⁶

Knut Bøckman (Aftenposten, 26.6.1993) var mellom dei som meinte noko om brosjyren frå Regjeringas informasjonsutval for europasaker («stort mer innbydende kan det vanskelig lyde»), og hadde denne lett ironiske kommentaren:

Man har altså med et nødrep unngått å legge beslag på det norske folks tid og oppmerksomhet en klokke time [om tittelen]. Heftet er usedvanlig delikat med flere havgrønne plansjer, der særlig kurvene over Gytebestand av viktige fiskeslag gjør inntrykk og nok vil bli folkelesning.

SV-aren og u-landshistorikaren Tore Linné Eriksen (Aftenposten, 20.10.1994) kalla påstanden i *55 minutter* om at EU handlar mykje meir med u-land enn det Noreg gjer, talmagi.²⁷

Venstre, ved partileiar Odd Einar Dørum og generalsekretær Eldbjørg Lyngstad, sende eit klagebrev til RIES i juli 1993. Venstre var ikkje representert på *55 minutter* si liste over parti folk kunne kontakta for å få meir informasjon om EU. Venstre sitt framlegg var at RIES skulle setja inn lysingar i alle aviser, der RIES gjorde det kjent at Venstre òg kan gje

²⁶ Tor Brostigen frå Nei til EU er nok mellom dei som opplevde at det *var* stormar: «Det bidro til å svekke regjeringa i den forstand at de ikke kunne greie å skrive noe ned på et ark og legge det fram uten at det utløste masse bølger», «både i media og ikke minst på Stortinget», (intervju med Brostigen, s. 1). Han kallar pengestøtta til Nei til EU og Europabevegelsen «en rein stortingsdiskreditering av det regjeringa hadde lagt frem» (sst.).

²⁷ Dette vart seinare retta opp i, i Stortingsmelding nr. 40 om EU-medlemskap, skriv Eriksen.

veljarane EU-info. Denne lysinga, meinte Venstre, kunne vera titulert «5,5 sekunder ekstra om Norge og EF» (UD 1993 G).²⁸

Det vart oppstyr på Stortinget då *55 minutter* skulle bli send ut. SV med leiaren Erik Solheim ynskte å stoppa den «systematisk ubalanserte» brosjyren, men nådde ikkje fram med kravet. Ole Berrefjord sa då at han ikkje i sin villaste fantasi hadde trudd at heftet ville tilfredsstillast både ja-sida og nei-sida, «men jeg er ikke sikker på at nei-siden vil være mye meir kritisk enn ja-siden» (Aftenposten, 11.6.1994). Ja-sida *fann* ein feil i brosjyren, kuriøs, men stor nok: Dei som ynskte å ringja til Europabevegelsen og brukte telefonlista i *55 minutter*, enda opp hjå Jernbanepersonalets Forsikring.

I eit brev frå UD (UTØK 1) til handelsministeren datert 14.6.1993 (UD 1993 F) heitte det:

De foreløpige reaksjonene på tiltaket [*55 minutter*] har vært særdeles forutsigbare [om SV sine reaksjonar]. [...] Fra ja-hold har det hittil vært stille. Kun [Pål Atle] Skjervengen (Frp/Europabevegelsen) har uttalt seg – ikke om innholdet, men om presentasjonen, som han fant byråkratisk og kjedelig («som en stortingsmelding»). Det er verdt å merke seg at Sp – det andre sentrale nei-partiet – hittil ikke har kommet med noen reaksjon på tiltaket. En situasjon som neppe vil vedvare.

Målet med heftet var å gje auka kunnskap om EU og gjera folk merksame på kvar dei kunne få annan EU-informasjon. Hefteteksten var lang av di ein ville ta veljarane på alvor, heiter det vidare. Berrefjord blir i brevet sitert på at «folkeheftet» kan sjåast som eit «demokratisk fellesgods», sidan alle husstandar får det tilsendt. Den saklege og korrekte lina er lagd til grunn i Folkeheftet, og kommentarane dei har fått, tyder på at dei har lukkast med ein reieleg og seriøs freistnad, blir det hevda.

Kritikken om manglende ”balanse” er vanskelig å forstå. Alle må erkjenne at folkeheftet *ikke* representerer noen argumentasjonsrekke for Regjeringens begrunnelse for å søke om medlemskap [orig. uth.].

At det heftet ikkje inneheld skrekkvisjonar som ofte blir hevda frå «visse hold», har lite med manglende balanse å gjera, står det. Føremålet var å bidra med korrekt kunnskap. «Det har vi klart.»

Når eg påpeikar at heftet i alle fall resulterte i at *Lesebok* og *Skjønnheten* vart laga, seier han «det også var jo politikk, så det var greit, det» (s. 12).

²⁸ Det vart ingen lysingar. For å vera representert på lista måtte partiet vera representert på Stortinget i den dåverande stortingsperioden (UD 1993 I).

3.1.6 Oppsummering: Berrefjord og lesaren

Vi har sett at Berrefjord meiner folkeopplysning var stikkordet i *55 minutter*. På kva måte gjev Berrefjord i intervjuet uttrykk for sitt syn på lesaren?

Berrefjord meinte folk trong opplysning og informasjon. Han ville laga ein brosjyre som femna breitt, men seier at heftet nok appellerer mest til interesserte lesarar (s. 9). Kanskje kan vi hevda at Berrefjord har, eller hadde, ei uklår oppfatning av målgruppa for heftet.

Vi har sett at Berrefjord meiner at det han kallar byråkratisk kode, er illegitim for somme lesarar. Måten Berrefjord formulerer seg på, set kanskje problemet på hovudet: Ansvar for at kommunikasjonen skal flyta godt mellom byråkratiet og folket, blir ut frå ei slik kommunikasjonsforståing skyve over på folket (som synest at koden er illegitim) i staden for på byråkratiet (som bruker den koden som er naturleg for dei). I ein kommunikasjonsituasjon har bae partar ansvar: Forfattaren har ansvar for at teksten skal kunna bli forstått, og lesaren har ansvar for å strekkja seg mot ei best mogleg forståing av teksten (i retning av modellesaren).

Berrefjord hevdar den nøkterne lina UD køyrde i informasjonsarbeidet, var fornuftig m.o.t. den interne usemja i Arbeidarpartiet i EU-spørsmålet. Dette var konklusjonen hans i eit internt notat etter folkerøystinga. Han meinte at det «ikke var mulig å kjøre følelsesmessig» med basis i eit regjeringsapparat som var delt i to. «Da hadde bataljen blitt deretter» (s. 26).

Samstundes trekkjer han fram at nasjonal handlefridom og suverenitetsoppgeving som eit vanskeleg tema. Reglane for å gjera endringar i Grunnlova er institusjonelle problemstillingar som ikkje er enkle å fanga opp (s. 31). Dei som syntest dette spørsmålet var viktig, var anten opptekne av det på statsrettsleg eller emosjonelt grunnlag, seier Berrefjord (sst.).

3.2 Steg 2: Kven er «vi»? Pronomenbruk

Det neste steget i analysen er å kartleggja bruken av pronomena «vi/oss», «vår(-t/-e)» og direkte tiltale gjennom «du», «deg» og «dere». Dette nivået er også relativt eksplisitt, i den forstand at orda er lette å finna i teksten.

3.2.1 Vi, oss og vår

Ser vi nærare på førekomsten av desse pronomena, finn vi at desse orda ikkje alltid viser til fellesskapen eller folket (t.d. slik ein ville venta at eit oppbyggjande «vi» ville blitt brukt i ein politisk brosjyre).

I tabellen i vedlegg 1 er alle ytringar i heftet som inneheld «vi», «oss» «vår», «vårt» og «våre» samla. Kategoriane i vedlegget går delvis over i kvarandre. Det er i dei fleste tilfella truleg fleire alternativ enn det/dei eg har lista opp.

I 64 av 78 tilfelle (82 %) meiner eg å ha funne at orda viser til ein politisk handlekraftig aktør med politiske interesser. «Vi forhandler samtidig med Sverige» (s. 7), «Felles spilleregler [...] som vi oppnår [...] ved EØS-avtalen» (s. 10) og «Vi har talerett, men ikke stemmerett» (s. 17) er døme på ytringar der «vi» viser ein handlande med politisk makt. Berre desse tilfella (14 av 78, 18 %) viser til noko som liknar på ein ”folkefellesskap”:

Hva med råderetten over våre energiresurser?; om lag 70 prosent av de varene vi kjøper fra utlandet; De endelige betingelsene ... kjenner vi; ... vil fortsatt være opp til våre folkevalgte; Samtidig opplevde vi kald krig; Det som skjer i verden omkring oss; de globale miljøproblemene, som også har stor betydning for oss; I første halvdel av vårt århundre; for å sikre fred og stabilitet i vår verdensdel; STATOILs spesielle rolle i utnyttelsen av våre energiresurser; ... som det er EFs fiskere får ta i våre farvann; bruken av våre energiresurser; Med selvråderett forstår vi ...; om vi bestemmer oss for å gå med i EF...

Det sterke ordet «vi» er mykje brukt i oppslaget om sjølvråderett, samanlikna med resten av heftet. Det blir bygd eit «vi» som er synonymt med heile Noreg. Her bruker RIES vi-et mobiliserande for å samla folket rundt ei felles forståing av kva sjølvråderett inneber.

I EU-debatten (mest i 1972) har sjølvråderetten vore den konsekvente nei-sidas ord, og for nei-sida tyder sjølvråderett at Noreg skal styra seg sjølv, utanfor EU. I fyrste runde av «Folkeavstemmingsundersøkelsen» i september 1994 vart 3000 informantar spurde kva argument som låg til grunn for EU-standpunktet deira. Det mest vanlege argumentet hjå nei-folk (22,5 %) var «selvråderett, sikre folkestyret og lokaldemokrati» (Ringdal 1996:51).²⁹ RIES freistar å omdefinera sjølvråderettsomgrepet: «Det er et utslag av norsk selvråderett om vi velger å gå med i EF [...]» (55 minutter, s. 37).

Også Europabevegelsen sitt hefte *Skjønnheten* nemner sjølvråderetten, i fire tilfelle: «Er det sant at sjølvråderett hjelper mot sur nedbør?» (s. 12), «[v]i har mindre ”sjølvråderett” enn vi

²⁹ Det vanlegaste ja-argumentet var «viktig å samarbeide, medlemskap gir medinnflytelse» (Ringdal 1996:49). Også ei måling Norsk Gallup gjorde på vegner av Landbrukets Utredningsinstitutt i februar 1994 viste at sjølvråderett var viktig: 34,2 % av nei-røystarane meinte at sjølvråderett var viktigaste sak i EU-kampen. Den same målinga viste at «adgang til EUs indre marked» var den viktigaste saka for ja-folk (32,5 %). Mellom tvilarane var arbeidsløyse nemnd som viktigaste sak (32,5 %), med sjølvråderett på andre plass (17,8 %) (udatert dokument frå SME sine arkiv i Arbeiderbevegelsens arkiv). Ei ScanFact-måling frå juni 1993 (UD 1993 H) viste at arbeid og sjølvråderett var dei viktigaste temaa for «folk flest». For tvilarar var miljøsak og Noregs situasjon i dag (med EØS-avtalen) også viktig.

tror» (s. 15), «[e]r det sant at mer sjølråderett gir fred i verden?» og «[a]lle disse stedene [Bosnia-Hercegovina, Serbia, Kroatia, Nagorno-Karabakh] dreier det seg om bruken av ”sjølråderett”, ført ut i sin ytterste konsekvens» (s. 16). I *Nei til EU* si *Lesebok* er ikkje ordet sjølvråderett med i det heile. Her blir det i staden snakka om «folkestyre». Tor Brostigen fortel at *Nei til EU* heldt seg unna ”sjølvråderett”. Han meiner dette ordet vart brukt mot nei-sida av somme på ja-sida, som ein hersketeknikk med det siktemålet å få nei-sida til å verka sjølvopptekne (intervju s. 34). ”Sjølvråderett” var ikkje sentralt i folkerørsla i 1972, meiner han, bortsett frå for AKP-arane i Arbeiderkomiteen mot EEC og dyrtid. Brostigen synest ”sjølvråderett” er eit vanskeleg ord, for ingen styrer heilt utan ytre påverknad (s. 35). Folkestyre er ein styreform, seier han, og ved å bruka det ordet i staden for ”sjølvråderett” unngjekk ein ordkløveri om sjølvstende eller ikkje sjølvstende og kunne i staden debattera kva EU er (s. 37). Kallset skriv at ”folkestyre” var hovudomgrepet for *Nei til EU* frå 1992, og at sekretariatet i *Nei til EU*, grupper i SV og Ap og blant ungdom var imot temaet ”sjølvråderett”, av same grunn som Brostigen oppgjev. ”Folkestyre” var positivt ladd og dekte «argumentasjonen om nasjonal suverenitet og enkeltmenneska sine demokratiske rettar» (1995:11).

I 55 *minutter*-opplaga «Omverdenen og EF» og «Den europeiske union» blir ikkje ordet «vi» nemnt i det heile. Det kan tyda på at tekstforfattarane er medvitne om at det er vanskelegare å byggja eit «vi» når ein legg fram dei større, vanskelege og meir abstrakte temaa, internasjonale tilhøve og unionsspørsmålet, enn når ein snakkar om velferd, arbeid, miljø, distrikt, jordbruk og fiske (som er meir handterlege emne for folk). Likevel har altså RIES valt strategien med eit mobiliserande «vi» i oppslaget om sjølvråderetten, sjølv om dette også er eit vanskeleg tema. Det kan tyda på at behovet for å skapa felles forståing av sjølvråderettsomgrepet er stort.

Dei oppslaga der «vår» eller ei bøyingsform av ordet er brukt mest, er «Bedriftene og EF» (fem gonger) og «Energi og EF» (fire gonger) – ikkje overraskande, sidan det er i desse delane av heftet spørsmålet om naturressursane og dei økonomiske interessene i Noreg vert tematiserte. Det som er «vårt», er ofte «vårt forhold til EF» (fire gonger), eigne ressursar («våre energiresurser», «vårt jordbruk» osv.) (åtte gonger), og ord knytte til politikk («våre folkevalgte», «vårt velferdstilbud», «vår egen politikk», «vår velferd», «vårt eget marked» osv.) (13 gonger). Det er altså handfaste verdiar, i form av olje og gass, eller politiske aspekt ved Noreg som blir konstituerte som «våre» i teksten.

Vi har sett at vi-et i *55 minutter* er eit «vi» med politisk makt, at det blir mobilisert rundt ei felles forståing av sjølvråderett, og at det biletet teksten skaper av kva som er vårt, eller norsk, er ressursane våre.

3.2.2 Norsk og Norge

Den same forståinga av kva som er vårt, gjer seg gjeldande i bruken av «norsk»/«norske». Dei fleste konstruksjonane med «norsk», 40 av 61, har med økonomi, industri og ressursar å gjera («norsk jordbruk», «norske bedrifter», «norsk gass», «norsk olje», «norsk kontinentalsokkel», «norsk fisk»), resten har med politikk å gjera («et eventuelt norsk EF-medlemskap», «den norske velferdspolitikken», «norske myndigheter», «norske interesser», «norske matvarepriser»), nokre få (fire) er meir ”nøytrale” («norske husstander», «det norske bosettingsmønsteret», «norsk oversettelse», «norsk regelverk»). Lesaren blir møtt med naturressursane og rikdommen som definisjon av det norske, ikkje t.d. kultur og språk. Dette har truleg å gjera med at samarbeidet på område som kultur og språk ikkje gjekk like djupt som når det galdt t.d. handel og næringsliv.

Leitar ein opp alle stadene der «Norge» eller «Norges» er nemnd, finn ein at oppslaga der ordet førekjem flest gonger, er «Hvor står vi?» (ni), «Velferd og EF», «Miljø og EF», «Omverdenen og EF» og «Hva med selvråderetten?» (alle åtte kvar). «Hvor står vi» og «Hva med selvråderetten?» har også høgt innhald av «vi», som vi har sett. Kanskje det går an å sjå *55 minutter* som ein sirkelkomponert og retorisk tekst, der «Hvor står vi» (tidleg i heftet) og «Hva skjer med selvråderetten?» (sist i heftet) inneheld særleg mange fellesskapsmobiliserande ord som skal skapa ei ramme rundt resten av temaa i teksten? Dette har i så fall med overtydinga av lesaren å gjera: Dei fyrste sidene skal få lesaren til å identifisera seg med heftet og stoffet, dei siste sidene skal understreka identifikasjonen slik at lesaren lukkar heftet med kjensla av at han eller ho er omslutta av den fellesskapen som blir presentert i brosjyren.

3.2.3 Du, dere og deg

«Du» og «dere» er lite brukt i *55 minutter*. Eg finn berre seks førekomstar av «du», fire «deg» og ingen «dere», alle i anten byrjinga eller slutten av heftet, der lesaren får ”instruksar” om korleis heftet skal lesast, og kvar ein får meir informasjon. Mangelen på direkte tale til lesaren tyder på at språket i brosjyren ikkje er spesielt appellativt. Som vi skal sjå i dei neste kapitla, finst det ingen «du» eller «deg» utanfor føreordet i *Lesebok* heller, medan *Skjønnheten* ved somme høve talar direkte til lesaren i hovudteksten.

I staden for å koma lesaren nærare og skriva «*du er kanskje* opptatt av at økonomisk vekst går ut over miljøet», hevdar *55 minutter* at «*[m]ange* er opptatt av at økonomisk vekst går ut over miljøet» (RIES s. 15, mi uth.). Språkbruken er generelt det vi kan kalla distansert. I døma under er alternative setningar med meir appellativ språkbruk markert med †:

I dag sier stadig flere at de ønsker mer kunnskap om hva EF er [...] (s. 3), ikkje

† du er kanskje en av de mange som ønsker å vite mer om EF.

Heftet blir sendt til «alle norske husstander (s. 3), ikkje

† du og alle andre i landet har fått et informasjonshefte fra oss.

Vi har forsøkt å beskrive hvordan et EF-medlemskap vil virke for Norge på de samfunnsområder nordmenn er mest opptatt av (s. 3), ikkje

† vi har forsøkt å beskrive hvordan et EF-medlemsskap vil virke for Norge på de samfunnsområder vi tror/vet du og andre i Norge er mest opptatt av.

Noen vil nok likevel mene at det ene eller det andre kunne vært framstilt på en annen måte, og andre vil ønske å få vite mer (s. 3), ikkje

† du vil kanskje mene at det ene eller det andre kunne vært framstilt på en annen måte, eller du vil ønske å få vite mer.

På de neste to sidene har vi samlet 20 av de spørsmålene mange nordmenn stiller seg om Norge og EF (s. 3), ikkje

† på de neste to sidene har vi samlet 20 spørsmål. Vi håper de gir deg svar på noe av det du vil vite om Norge og EF.

Det er verdt å merka seg at det i føreordet i *55 minutter* står ei klår oppmoding til «du-et», lesaren, nesten som eit direktiv (språkhandling som befaler nokon å gjera noko). Slike oppfordringar finst ikkje i *Lesebok* eller *Skjønnheten* sine føreord. «Derfor oppfordrer vi deg til også å søke annen informasjon» (s. 2). Ein får som lesar kanskje kjensla av at ein *burde* skaffa seg meir informasjon. Forfattarane av *55 minutter* opptre som autoritetar. Når RIES tilrår annan litteratur om EU, har dei til ein viss grad ryggen fri og blir vanskelegare å kritisera.

Etter føreordet i heftet kjem oppslaget med 20 spørsmål RIES har formulert på vegner av folket (s. 4–5). Desse 20 spørsmåla skal gjera det lettare å finna fram i teksten. Her parafaserer RIES spørsmål frå folket. Dei gjer spørsmåla frå folket til orienteringspunkt for folk som skal finna fram i heftet. Denne brukarrettleiinga står i kontrast til den meir nøkterne og avmålte tonen elles i heftet.

Vi har i steg 2 sett at «vi-et» som blir skapt i *55 minutter*, hovudsakleg er eit ”politikar-vi”, og at teksten i svært liten grad vender seg til lesaren i form av direkte tiltale. Når norsk sjølvråderett blir tematisert, blir det bygd ei felles forståing av innhaldet i sjølvråderetten mellom anna med bruk av «vi». Det som er vårt, det norske, er naturressursane våre eller politiske institusjonar og omgrep.

3.3 Steg 3: Kven talar? Agensskjuling

I såkalla aktive setningar blir den ”ansvarlege” for handlinga i setninga kalla agens. I passive setningar finst det ikkje eit slikt ansvarleg subjekt. Ein konsekvens av slik agensskjuling er at handlinga i setninga, uttrykt ved hjelp av verbet, framstår som noko sjølv sagt. Handlinga blir naturalisert, den handlande blir passivisert og kjem ikkje til syne. Å skjula den reelle handlande i ei setning treng ikkje vera ein medviten strategi, det kan skje umedvite. Men det kan kjennast enklare å bruka passiv eller på andre måtar skjula agens dersom ein skriv eller talar om eit vanskeleg tema, sidan ein då ikkje gjer den reelle budskapet i utsegna like eksplisitt som i ei aktiv setning. I *55 minutter* har eg funne fleire døme på setningar der den handlande på ein eller annan måte blir skjult, som vist i vedlegg 1.

Ikkje alle desse døma er like problematiske. Somme av ytringane er det eg vil kalla «tilnærma nøytrale», som t.d. «[f]or å oppnå dette, og for å fjerne usikkerheten som knytter seg til opp- og nedgang i valutakursene landene i mellom, foreslår man bl.a. å innføre en felles valuta» (*55 minutter*, s. 33).³⁰ Lesaren forstår at framlegget sannsynlegvis kjem frå nokon i EU-systemet. I ytringa «[f]inner man ikke arbeid innen tre måneder, kan man bli bedt om å forlate landet» forstår vi at det er staten som med lova i hand kan senda ut dei som ikkje får arbeid. Men i tilfelle som «[u]tviklingen har gått i retning av åpnere verdenshandel og større konkurranse på tvers av landegrensene» blir det politisk meir problematisk («ladd») at vi ikkje får vita kven eller kva som er skuld i denne utviklinga, og kvifor denne utviklinga går føre seg. Dersom lesarane får presentert ei slik oppfatning av røynda, at utviklinga berre er slik, har dette ei politisk slagside: Lesarane får ikkje informasjon om årsakstilhøva i politikken, og blir i staden med på ei forteljing om politikk som resultat av ei naturleg ”utvikling”. Effekten kan bli at ein meir open verdshandel og større konkurranse framstår som einseitig positivt. Til dømes heiter det på s. 30 at «[d]et er behov for å utvikle samarbeidet på en lang rekke områder, og gradvis innføre felles spilleregler for handel mellom landene i Europa». Ein kan hevda at det ville vera klårgjerande for lesaren å få vite

³⁰ Dette er eit døme på semantisk, ikkje grammatisk, agensskjuling («man»).

kven som meiner dette behovet finst, ikkje berre *at* det finst. Det same gjeld for følgjande utsegn, om gjennomføringa av den økonomiske og monetære unionen: «Noen mener planene må utsettes, mens andre peker på at den siste tidens uro viser hvor viktig det er med sterkere samarbeid på dette området» (55 *minutter*, s. 33). Her blir det ikkje forklara *kven* som er for og *kven* som er mot. Lesaren får ikkje tydeleggjort politiske skiljeliner i dette spørsmålet.

3.4 Steg 4: Kor viss er den som talar? Bruk av modalitet

Vi har til no kartlagt bruken av dei fellesskapsmobiliserande orda og direkte tiltale, og skal sjå på modaliteten i desse ytringane. Som sagt i kapittel 1 uttrykkjer modaliteten i ei setning m.a. talaren si haldning til det han eller ho seier, til dømes kor sannsynleg eller vanleg det er. Når vi undersøker bruk av modalitet i denne oppgåva, er det for å finna ut korleis forfattarane stiller seg til EU og Noreg sitt eventuelle medlemskap i unionen.

Vedlegg 1 viser at det mellom dei utvalde setningane i 55 *minutter* berre finst modalitet realisert av eit finitt verbal («kan», «må» osv.), og ikkje av adjunkt («sannsynlegvis», «kanskje», «naudsynleg» osv.) i det heile. Modale adjunkt kan verka meir markerte enn modalitet uttrykt ved hjelp av finitt verbal. Adjunkt er ikkje obligatoriske i ei setning, medan verbal er det, difor kan modalitet realisert av adjunkt framfor finitt verbal verka meir munnleg, meir som ”fyllstoff”. M.a. sidan 55 *minutter* ikkje inneheld slik modalitet, verkar språkføringa formell.

Den modaliteten som finst i heftet, er hovudsakleg låg. «Ved medlemskap i EU vil vi delta på like fot i EF-landenes samarbeid om disse spørsmålene,» (s. 17) står det under overskrifta «Fred og EF», eit døme på låg modalitet. Mykje av den modaliteten som finst i 55 *minutter*, er realisert av «vil», slik som i den nemnde ytringa, og gjeld verknader av norsk EU-medlemskap. Det er snakk om ein hypotetisk situasjon, for vi er ikkje medlemmer, men om vi blir det, kjem vi til å delta på like fot. At det er mest låg modalitet, er ikkje så rart, når vi tenkjer på at ord som «kan» og «vil» er naturlege å bruka når ein snakkar om noko som ligg i framtida, som ein eventuell norsk EU-medlemskap. Dessutan var ikkje forhandlingsresultatet mellom Noreg og EU klårt da 55 *minutter* vart skrive, og mykje var usikkert.³¹ Ein slik bruk av «kan» og «vil» treng ikkje vera uttrykk for ei haldning til saka som blir lagt fram, anna enn at ein ikkje kjenner til dei framtidige tilhøva. Men ikkje all slik ”hypotetisk” bruk av modalitet er like nøytral: «Forpliktende internasjonalt samarbeid kan øke den reelle

³¹ *Lesebok* og *Skjønnheten* kom også ut før forhandlingsresultatet var ferdig, så mykje «kan» og «vil» i desse hefta vil også truleg ha med den uavklarte situasjonen å gjera, og ikkje vera så ladd som desse uttrykka elles kan vera.

selvråderetten, ved at vi kan få bedre resultater gjennom internasjonale beslutninger,» heiter det på s. 37. Her er det ikkje snakk om berre ein mogleg konsekvens av samarbeidet, men ei tolking av sjølvråderettsomgrepet, ei tolking det kan stå strid om.

Modaliteten blir i *55 minutter* av og til realisert av ord som «mest opptatt» «av stor betydning», «av langt større betydning» og «en av de viktigste»:

Felles spilleregler for handel i det indre marked, som vi oppnår både ved EØS-avtalen og et EF-medlemskap, er derfor av stor betydning for å sikre den verdiskapningen vi trenger for å finansiere våre velferdstilbud (s. 10).

Modaliteten blir brukt til å understreka kor viktig det er for velferden vår at vi er med i EØS og EF.

I dei tre tilfella der modaliteten er høg (s. 14, 36 og 37), er temaet kva vi må gjera med miljøproblema, t.d. «[s]kal vi bli kvitt sur nedbør over Norge, må andre land i Europa redusere utslippene» (s. 36–37). Miljøsak er ikkje mellom dei mest kontroversielle sakene i politikken; ofte er det tverrpolitisk semje om at miljøtiltak er naudsynte. At modaliteten er høg i setningar som omhandlar miljøtiltak, er difor truleg ikkje eigna til å støyta lesarar. Men når trongen for europeisk samarbeid i miljøpolitikken blir understreka med høg modalitet, og det ikkje står korleis dette skulle kunne ordnast *utanfor* EU, er det rimeleg å tolka modaliteten som ledd i ein overtydingsstrategi: Noreg må inn i EU dersom vi skal få gjort noko med miljøproblema.

3.5 Steg 5: På kva for "stader" går talen føre seg? Topos-bruk

3.5.1 Topoi i teksten

Å kartleggja topoi i teksten er del av kartlegginga av den retoriske strategien. Ein topos er ein "stad" der talen, eller teksten, går føre seg (Tønnesson 2003:147). Eg vel å sjå på topoi som ein type talemåtar som skal gje forfattaren større truverde, etos, hjå lesaren. Tekstforfattarane nyttar, medvite eller ikkje, to hovudtopoi i *55 minutter*. Den fyrste er variantar av det "å stå andsynes utfordringar":

- mange av de økonomiske utfordringene landene i Vest-Europa står overfor (s. 6)
- for å møte denne utfordringen (sst.)
- en av de viktigste utfordringene vi står overfor i dag (s. 7)

- mener landene at de bedre kan løse mange av de oppgavene de sammen står overfor (s. 8)
- utfordringer vi må møte uavhengig av vårt forhold til EF (s. 10)
- står vi overfor utfordringer (s. 16)
- flyktningestrømmer er eksempler på nye utfordringer landene i Europa står overfor (sst.)
- fattigdom og miljøproblemer i en rekke utviklingsland [...] er en alvorlig utfordring for Europa (s. 31)
- i lys av at landene møter felles utfordringer (s. 34)
- i dag står vi overfor stadig flere utfordringer (s. 36)
- landene i Europa står i årene framover overfor en lang rekke utfordringer (sst.)

Den andre toposen er ”anten vi blir medlem av EF eller ikkje”/ ”anten vi vil eller ikkje”:

- Uavhengig av vårt forhold til EF er norske bedrifter sterkt påvirket av hvordan markedet i EF utvikler seg (s. 19).
- EF-landenes organisering av sine energimarkeder vil derfor ha stor betydning for Norge, enten vi blir medlem av EF eller ikke (s. 25).
- Det norske jordbruket står overfor store utfordringer, enten vi blir medlemmer av EF eller ikke (s. 27).
- Enten vi vil eller ikke, får andre lands vedtak stor betydning for oss (s. 36).³²

Desse mønstra manar til forståing av at Noreg er nøydd til å gå med i det europeiske samarbeidet. Dette kan ha vore med og framprovosert kritikken nei-sida retta mot innhaldet i heftet.³³

³² Også *Skjønnheten* inneheld formuleringar som liknar: «Uansett om Norge sier ja eller nei til Europa blir vi påvirket av det som skjer i andre land» (s. 15) og «[d]et betyr at vi påvirkes stadig mer av EUs beslutninger og vedtak uansett – ikke minst på grunn av EØS-avtalen» (sst.). *Lesebok* inneheld ikkje slike formuleringar.

³³ Berrefjord seier: «Mye av den utviklinga som en så for seg, ville jo skje uansett. Hvordan skiller du økonomisk utvikling fra om du er med eller ikke med i EU? Når du har tunge trender, ikke minst internasjonalt, hvordan skiller du med hensyn til utvikling i miljøpolitikken og så videre? Utfordringen vår var: Hva kan du si vil skje uansett om vi blir med eller ikke? Og hva eventuelt vil være effekten av å stå utenfor i forhold til å være innenfor? Det var ganske analytisk utfordrende temaer» (s. 16). Berrefjord seier at dei ville skriva kva som ville skje med Noreg uavhengig om vi vart med i EU eller ikkje, men det er rimeleg å tolka setninga «[u]avhengig av vårt forhold til EF er norske bedrifter sterkt påvirket av hvordan markedet i EF utvikler seg» som eit ja-argument («då kan vi like gjerne bli med, sidan vi vil vera påverka av EF uansett») heller enn eit nei-argument.

3.5.2 Problemet 55 minutter

I motsetnad til dei to brosjyrane vi skal sjå på i kapittel 4 og 5, tek *55 minutter* ikkje offisielt standpunkt i EU-saka. Vi har likevel sett at regjeringa fekk kritikk for denne brosjyren. Den retoriske oppbygginga av teksten kan vera noko av grunnen til kritikken.

55 minutter er somme stader balansert, for så vidt som lesaren får presentert fakta som ikkje berre talar for EU-medlemskap. I framstillinga av EU sin jordbrukspolitikk får vi t.d. vita at det både er likskapar og skilnader mellom jordbrukspolitikken i Noreg og EU. Men retorisk sett er argumentasjonen rundt EU-medlemskapet ofte bygd opp slik at RIES rundar av ei argumentasjonsrekke der det både kan vera opplyst om gode og dårlege sider ved EU, med oppbygging av ein positiv verknad av EU-medlemskap, eller ei forsikring til slutt om at vi kan halda på ordningane våre i EU òg. Teksten om miljø (s. 14–15) er eit godt døme på det. Han startar med å fortelja at vi *kan* gjera mykje med miljøet i Noreg. *Men* for å løysa miljøproblema trengst felles innsats. EF-landa og Noreg har *same mål* i miljøpolitikken. Noreg *kan* halda på dei reglane vi har som er strengare enn EU sine på visse område. *Men* vi må innføra strengare reglar på andre område, der EU har strengare reglar enn oss. EØS-avtalen gjer det mogleg å *sjå miljø i samanheng med handel og økonomi*. Økonomisk vekst *kan* gå utover miljøet. *Men* opprustning av gamle kraftverk og satsing på kollektivtrafikk er døme på økonomisk vekst som *ikkje* går utover miljøet. Dei landa som vil skjerpa miljøkrava, *kan* tapa når det skal røystast over vedtak i EU. *Men* blir vi medlem av EU, kan vi delta i utviklinga av EU sin miljøpolitikk og bidra til å løysa dei globale miljøproblema.

Det er særleg i aller siste tematekst, om sjølvråderetten, at eg meiner det er rimeleg å hevda at *55 minutter* freistar å overtyda om at Noreg bør gå inn i EU. Andre land sine vedtak blir viktige for oss, anten vi vil eller ikkje. Internasjonale reglar har innverknad på valfridomen, men skaper også reglar, noko små land (altså t.d. Noreg) er avhengige av. Salet av norsk energi, norske interesser i Nord og betring av miljøet på Kola-halvøya er mellom grunnane til å søkja samarbeid i EU.

Spørsmålet er derfor om Norge bedre kan ivareta norske interesser ved å delta og ta ansvar på lik linje med andre europeiske land der viktige beslutninger fattes. [...] Forpliktende internasjonalt samarbeid kan øke den reelle selvråderetten [...]. Samtidig setter slikt samarbeid grenser for *hvordan* vi og andre land bruker selvråderetten hver for oss (orig. uth.).

Det blir framført argument både for og mot norsk medlemskap, men siste avsnitt sluttar slik:

Utenfor EF vil vi ikke være bundet av EFs vedtak, men mange av EFs beslutninger vil likefullt [sic] ha stor betydning for oss (s. 37).

3.6 Steg 6: Kven er lesarane i teksten? Oppbygging av modellesarane

Vi har kome til det mest implisitte av dei fire undersøkingsnivåa, modellesaren. Funna frå dei føregåande fem analysepunkta er med og skaper grunnlag for dette analysenivået. I tillegg til desse funna gjer eg i framhaldet ein separat modellesaranalyse. Den tek utgangspunkt i *eksplisitte spor*: tekstlege spor ein kan finna gjennom nærlesing av teksten. Til slutt konkluderer eg med kva for modellesarar eg har funne.

3.6.1 Modellesar 1

Nedanfor presenterer eg påstandar om ein modellesar 1.

3.6.1.1 Modellesaren kan identifisera seg med topp-politikar-sjiktet

Vi har i steg 2, undersøkinga av bruken av ord som «vi» og «du», sett at det i *55 minutter* blir konstruert eit ”politikar-vi”, der vi-et i heile 82 % av tilfella viser til dei som styrer og har politisk handlekraft, ikkje til folket. Ein mogleg modellesar må kanskje kunna identifisera seg med eit topp-politikar-sjikt som vi-et blir konstruert rundt. Denne modellesaren er kan henda nær topp-politikar-sjiktet sosialt, og del av ein elite. På den andre sida kan frammaninga av politikar-vi-et medvite eller umedvite vera eit grep for å å overtyda lesaren om at han eller ho er ein del av ein slik fellesskap, utan at vedkomande er det. Det er ikkje usannsynleg at eit såkalla folk flest òg kan sjå Noreg sine interesser, administrert av politikarar, som sine eigne. Denne innvendinga rokkar likevel ikkje ved hovudinstrykket, som er at politikar-vi-et er så massivt talmessig at identifikasjon med politikarstanden truleg er eit viktig trekk ved modellesar 1.

3.6.1.2 Modellesaren kan identifisera seg med byråkrati-sjiktet

55 minutter er skriven av mange forfattarar. Johansen og Kjeldsen skriv om fenomenet taleskrivarar at «[r]isikoen [for å ikkje treffa eit anna menneske sin språkstil presist] øker jo flere som er involvert, for da fødes talen ikke lenger av et menneske med karakter, men av en ansiktsløs komité» (2005:655). No kan vi ikkje sjå på RIES som taleskrivarar for regjeringa, men poenget kan også gjelda for ein skriven tekst med mange, ikkje namngjevne forfattarar, slik som *55 minutter*. Ein preglaus tekst utan personleg røyst finn kan henda vanskelegare klangbotn i ein lesar. Og identifikasjon blir vanskeleg når ein ikkje eingong veit kven

forfattarane er. Iver B. Neumann (sitert i Johansen og Kjeldsen 2005:655) hevdar dette om den departementale skrivemåten:

Når hele departementet kan stille seg bak en tale, er det altså fordi talen *er* departementet. Departementet eksisterer blant annet i kraft av at det har en stemme, og det blir dermed viktig at denne stemmen klinger flest mulig ganger og mest mulig rent. Derfor må antall taler som ikke er skrevet av "hele" departementet minimeres, og toner som ikke har noen plass i den byråkratiske skala, lukes bort.

Med unntak av førekomstar i føreordet og i listene over vidare lesestoff bakarst i heftet, finst det ikkje direkte tiltale i form av «du» eller «deg» i *55 minutter*, som vist i undersøkinga i steg 2 om bruk av m.a. «vi» og «du». Føreordet har inga overskrift med helsing, i motsetnad til *Lesebok* og *Skjønnheten*, der lesaren blir møtt med høvesvis «Velkommen til Lesebok 1994!» og «Stadig like forvirret?» Det byråkratiske preget vi finn i skriftet, peikar mot ein modellesar som ikkje treng å kjenna seg tiltala på nokon måte, truleg ein lesar som er van med å lesa denne typen dokument.

Ein slik modellesar vil truleg kunna identifisera seg med ein byråkratisk språkstil. Han eller ho vil til dømes ikkje reagera spesielt på følgjande innslag av den litterære stilen ein assosierer med konservativt språk eller byråkratispråk, nemleg enkel bestemming:

Hva skjer med Norden hvis *de nordiske land* blir med i EF? (s. 5). Det som skiller EF fra annet internasjonalt samarbeid, er at landene på bestemte områder er blitt enige om å overføre deler av sin myndighet til felles organer og *anvende denne myndighet* gjennom felles beslutninger (s. 8). Det betyr økt prisstigning i disse landene ved at *de varer* Sverige og Finland kjøper fra utlandet blir dyrere (s.32). Maastricht-traktaten har skapt diskusjon i EF-landene om *den videre utvikling* av EF-samarbeidet (s. 35). Senere fikk Danmark enkelte unntak og justeringer, og i en folkeavstemning den 18. mai sa danskene ja til Maastricht-traktaten og *den avtale* Danmark har forhandlet med de andre medlemslandene (s. 35). Europaparlamentet: [...] Har i mange tilfelle stor innflytelse på *de endelige vedtak* i Rådet (s. 38, mi uth.).

Agensskjulinga (språkleg ansvarsfråskrivning) eg fann i steg 3, peikar mot ein byråkratisk språkleg kode og ein modellesar som godtek han utan vidare. Innanfor det feltet forfattarane av *55 minutter* verkar på, er det ikkje uvanleg å møte ytringar som «[u]tviklingen har gått i retning av åpnere verdenshandel og større konkurranse på tvers av landegrensene» (s. 18). Ein modellesar som er samd i denne røyndomsframstillinga, og er van med å bruka slikt språk sjølv, vil kanskje ikkje spørja etter kven som eigentleg står bak ei slik utvikling, og kvifor, men registrera «[u]tviklingen har gått i retning av» nærast som ei fast formulering.

3.6.1.3 Modellesaren er ein svært interessert lesar

Utsjånaden på brosjyren peikar mot ein lesar som er van med å lesa krevjande tekstar.

Tittelen *55 minutter*, som kanskje fortel kor lang tid det vil ta å lesa heftet, fortel oss om ein modellesar som ynskjer å bruka nesten ein time på å lesa EU-informasjon. Som vi var inne på i steg 1, om situasjonskonteksten, har framsida og brosjyren generelt eit offisielt preg, og liknar ein rapport. Lengda på heftet, teksttunge sider og få illustrasjonar, peikar i retning av ein meir enn gjennomsnittleg interessert modellesar. Modellesaren set pris på ”balansert informasjon” og let seg ikkje forføra av prangande informasjonshefte.

Den interesserte modellesaren blir konstruert allereie i føreordet på s. 3.

I dag sier stadig flere at de ønsker mer kunnskap om hva EF er og hvordan et medlemskap vil virke for Norge. De ønsker mer informasjon og svar på mange spørsmål. Derfor har vi laget dette heftet som sendes til alle norske husstander. Vi har forsøkt å beskrive hvordan et EF-medlemskap vil virke for Norge på de samfunnsområder nordmenn er mest opptatt av.

Vi ser at forfattarane av *55 minutter* har merka seg aukande interesse for EU-informasjon, og at heile Noreg får heftet tilsendt.³⁴ Innhaldet i mange av dei 20 spørsmåla aller fyrst i *55 minutter* peikar mot den interesserte modellesaren:

Hvordan skiller EF seg fra annet internasjonalt samarbeid? Blir det innført et felles europeisk forsvar? Hva gjør EF i forhold til Sentral- og Øst-Europa? Hva skjer med Norden hvis de nordiske land blir med i EF? Hvordan blir samarbeidet med den tredje verden? Hva menes med en felles valuta? Hva menes med Den europeiske union? (s. 4–5)

Utanrikspolitikk, overordna spørsmål om europeisk samarbeid og innhaldet i unionsomgrepet har truleg større appell til ein interessert lesar enn til ein som er mest oppteken av dei verknadene av EU-medlemskapet som påverkar denne lesaren direkte i kvardagen.

Den interesserte modellesaren har også intertekstuell kunnskap nok til å forstå kva «EF-retten» er, når den blir introdusert brått og heilt utan forklaring på s. 11, der det blir påpeika at «EF-retten» sikrar at vi kan halda på Vinmonopolet her til lands, om vi ynskjer det. Dette vesle innslaget av innforståttheit står i kontrast til resten av innhaldet i heftet, som er sterkt prega av encyklopediske opplysningar om EU, nyttig for den ikkje fullt så godt orienterte lesaren.

³⁴ Denne interessa er truleg ikkje spreidd jamt utover folkesetnaden, men finst hjå visse grupper, og utsendinga gjekk sannsynlegvis til heile landet av praktiske årsaker.

Den interesserte modellesaren blir òg skapt i form av ei liste over ulike dokument lesaren kan tinga dersom ho eller han vil vita meir. «Hvor kan du få mer informasjon?» spør forfattarane av *55 minutter* på s. 39 og ramsar opp sju hefte og databasen Norim. Mellom hefta RIES tilrår, finn vi desse:

Europautredningen: Et omfattende og lett tilgjengelig utredningsarbeid om virkninger for Norge av ulike tilknytningsformer til EF. Hovedrapporten: ”Norge ved et veivalg” (200 s.) er en oppsummering av følgende syv delrapporter: [...]. Regjeringens begrunnelse for å søke om EF-medlemskap: [...]. Maastricht-traktaten – målsettinger og innhold: [...]. ”Informasjon om EØS-avtalen”: Gir en samlet og lett tilgjengelig innføring i avtalens siktemål og innhold.

Vi ser at hefta lesaren kan få tilsendt, *både* er omfattande og lett tilgjengelege, noko som kan verka som ei motseiing. Det er òg mogleg å tinga kortversjonar av hefte, t.d. kan ein lesa ei kort innføring i Maastricht-traktaten på berre åtte sider. Ein kunne sjå føre seg at opplysninga om at brosjyrane er lett tilgjengelege, inviterer ein ikkje altfor interessert lesar. Men ein lesar som faktisk gjer seg den umaken å ta kontakt med UD for å få tilsendt meir lesestoff etter å ha lese gjennom *55 minutter*, er ein svært interessert lesar. Denne lesaren kan, på neste side, lese kontaktinformasjon om ulike interesseorganisasjonar og parti, som står oppførte med adresser og telefonnummer. Dei tre siste sidene i heftet er blanke og sette av til «Notater», endå ein invitasjon til den informasjonshungrige lesaren.

55 minutter fanst også i lommeutgåve, fortel Berrefjord, som ein kunne få på førespurnad. Denne utgåva inneheldt hovudpunkta i det store heftet og var til å ha på lomma og slå opp i.³⁵ Det er grunn til å tru at det berre var dei mest ihuga som tok kontakt å få tilsendt ei slik lommeutgåve.

3.6.1.4 Modellesaren er oppteken av handelspolitikk

Vi såg i kapittel 2 om den felles kulturkonteksten for hefta at økonomiske argument ofte vart målborne frå ja-sida. Det finst fleire kulturkontekstuelle avtrykk i *55 minutter* av argument knytte til handel og økonomi. I fyrste temaoppslag i heftet, der temaet er EØS, kan vi lesa at Vest-Europa sidan 1990 har stått andsynes økonomiske utfordringar på grunn av konkurransen frå Japan, Sørøst-Asia og USA, og at EØS har vore svaret på desse utfordringane. Ein lesar som ikkje reknar internasjonalt regelverk innanfor varehandel som

³⁵ Eit brev til UD frå SMK om ein annan kortversjon av eit UD-hefte, brosjyren om Maastricht, syner at det har gått føre seg ein diskusjon om ulike måtar å presentera informasjon på, rett nok etter at *55 minutter* kom ut (UD 1993 E). I brevet heiter det at Maastricht-kortbrojyren skulle kommunisera med den delen av folket som ikkje handterer den typen språk og terminologi som er i den lange versjonen. Kortbrojyren bør ha mindre tekst og innehalda figurar, illustrasjonar og bilete, står det

viktig for valet av EU-standpunkt, vil kan henda falla av allereie her, i starten av heftet. Det blir fortalt om EUs tiltak for å møte utfordringa: å fjerna handelshindringar og laga felles reglar for utveksling av arbeidskraft over landegrensene og for vare-, kapital- og tenestehandel. Den næringslivsorienterte lesaren som ynskjer at Noreg skal hevda seg i europahandelen, blir altså konstruert tidleg. Ein nærings- og handelsorientert lesar vil nikka til at «[e]n av de viktigste utfordringene vi står overfor i dag er å sikre investeringer i Norge» (s. 7).

Sal av varer til EU-landa er avgjerande for inntektene i norsk økonomi, og

felles spilleregler [...] som vi oppnår både ved EØS-avtalen og et EF-medlemskap, er derfor av stor betydning for å sikre den verdiskapningen vi trenger for å finansiere våre velferdstilbud (s. 10).

Her er *55 minutter* klar i budskapet sin: Noreg bør samarbeida med Europa dersom vi skal halda oppe det velferdsnivået vi har i dag.

3.6.1.5 Modellesaren er oppteken av ressurspolitikk

Det som blir etablert som «vårt» i *55 minutter*, er naturressursane våre og politiske konsept som «våre folkevalgte» og «vår egen politikk», som vi såg i steg 2 ovanfor. Noko liknande viste seg i bruken av «norsk»: 68 % av tilfella er knytte til økonomi, industri og ressursar, resten til meir generelle politiske ord. Modellesaren blir altså konstruert som hovudsakleg oppteken av næringspolitikk, dinest av meir generell politikk. Heile fem av dei totalt 15 oppslaga i heftet gjeld næringspolitikk: «Bedriftene og EF» (s. 18–19), «Energi og EF» (s. 24–25), «Jordbruk og EF» (s. 26–27), «Fisk og EF» (s. 28–29) og «Valuta og EF» (s. 3233). Trass i at næringspolitikk har stor plass i *55 minutter*, er det ikkje bøndene og fiskarane som blir konstruerte som modellesarar (sjå 3.6.4 Ikkje-modellesarar). Ressurspolitikken kunne jo tenkjast å gjelda dei som er sysselsette innanfor næringane, ikkje berre dei som eig. Men næringspolitikken blir i *55 minutter* fyrst og fremst (ikkje utelukkande) skildra som felt for økonomisk vinning for Staten. Bonden får i teksten ikkje full garanti om å kunne halda på subsidiar og levebrød, og eg vil meina denne blir å rekna som ein ikkje-modellesar.

3.6.1.6 Modellesaren er europaorientert

Vi såg i kapittel to at ein utvida økonomi og miljøproblem var tematiserte på ja-sida som argument for europeisk samarbeid. Desse kulturkontekstuelle temaa finst det avtrykk av i *55 minutter*:

EF-samarbeidet er meir omfattende enn noe annet internasjonalt samarbeid. Idéen bak samarbeidet er at medlemslandene kan oppnå mer ved å ta beslutninger sammen enn hver for seg. Gjennom felles og bindende vedtak mener landene at de bedre kan løse mange av de oppgavene de sammen står overfor, særlig på områder som handel, økonomi, miljø og sikkerhet (s. 8).

Modellesaren er truleg oppteken av Noregs potensielle påverknadskraft innanfor EU. Ein slik lesar vil kanskje reagere positivt på følgjande ytring: «Etter initiativ fra Norge samarbeider EFTA- og EF-landene nå om felles tiltak for økt sysselsetting» (s. 12). Det blir ved fleire høve understreka at vi vil få meir påverknad dersom vi ikkje berre held oss til EØS-medlemskap, men også går inn i EU, t.d. vil vi kunna påverka regelverket i næringslivet (s. 18). Som påpeika i kapittel to om kulturkonteksten, var den nye situasjonen etter at Berlinmuren fall, eit tema i EU-debatten. I *55 minutter* blir det hevda at Noreg som EU-medlem òg vil kunna spela ei rolle i integreringa av dei tidlegare kommunistlanda i Aust-Europa ved å delta i EUs arbeid med å «hindre at landene i øst blir hengende igjen i store økonomiske, sosiale og miljømessige problemer», «sikre grunnlaget for en vidare demokratisk utvikling» og «gradvis innføre felles spilleregler for handel mellom landene i hele Europa» (s. 30).

Modellesaren synest truleg det er positivt å delta i eit EU som kan handla som blokk i verdspolitikken. På s. 9 heiter det at

landene samordner sine holdninger til internasjonale spørsmål som f.eks. forholdet til USA, Japan og Russland, utviklingen i Øst-Europa, konfliktene i det tidlige Jugoslavia og Midt-Østen.

Dette peikar mot ein europaorientert modellesar som ikkje synest det er viktig for Noreg å stå utanfor fellesskapen, men å tala med ei felles EU-røyst.

3.6.1.7 Oppsummert: modellesar 1

Vi har sett at modellesar 1 kan identifisera seg med byråkrati- og politikarsjiktet, er ein over middels interessert lesar, oppteken av handels- og ressurspolitikk og orientert mot europeisk samarbeid. Modellesaren likar tanken på at Noreg kan ha innverknad på politiske prosessar i EU, både for å fremja norske interesser og å bidra til å demokratisera Aust-Europa. Desse funna indikerer at modellesar 1 kan tilhøyra ein sosial elite.³⁶ Modellesaren deler truleg verdiar med forfattarane av *55 minutter*, som i hovudsak hørde til leiinga i UD. Eg vel å kalla modellesar 1 *Den politisk konforme modellesaren*.

³⁶ Ein empirisk lesar treng ikkje å tilhøyra eliten for å strekkja seg mot modellesar 1.

3.6.2 Modellesar 2

Vi har sett at *55 minutter* inneheld ein modellesar 1 i. Men eg har òg funne spor som peikar i ei anna retning. Nedanfor presenterer eg påstandar om ein modellesar 2.

3.6.2.1 Modellesaren er ikkje lesevand

«Har jeg rett til samme velferdsgoder hvis Norge blir med i EF?», «Hva med råderetten over våre energiresurser?» og «Hva skjer med selvråderetten?» (s. 45) er mellom «20 spørsmål» lista opp i byrjinga av brosjyren. Dei er følgde av eit sidetal, slik at lesaren raskare kan finna fram til svara. Ei slik lesarrettleiing står i motsetnad til dei trekka ved heftet elles som byggjer opp modellesaren som ein røynd lesar. Det same gjer stikkordlista på s. 38, der m.a. EF, GATT og EU sine institusjonar blir forklarte. I steg 1 om situasjonskonteksten, i intervjuet med *55 minutter*-forfattar Ole Berrefjord, kom det fram at tema-rekkjefølgja i heftet følgde ansvarsområda til departementa. Slik fekk vi ei inndeling av heftet i m.a. «Arbeid og EF», «Miljø og EF», «Energi og EF», «Jordbruk og EF» og «Fisk og EF». Departementsinndelinga som mal for heftet kan forklara behovet for ei pedagogisk lesarrettleiing. Etter mi meining er dette uttrykk for ein motsetnad i teksten mellom to modellesarar. Den urøynde modellesaren treng dei 20 spørsmåla for å dechifrera den departementale koden som ikkje er noko problem for den meir røynde modellesaren.

3.6.2.2 Modellesaren er tvilar/EU-skeptikar

«Vi»-undersøkingane i steg 2 viste at RIES særleg konstruerer eit «vi» i oppslaget «Hva med selvråderetten?» (s. 3637). Som nemnt blir det her mobilisert eit «vi» rundt ei felles forståing av sjølvråderett som ja-argument. Denne omdefineringa av sjølvråderettsomgrepet ville ikkje vore naudsynt andsynes ein ja-modellesar, som truleg ville meina at det å gå inn i unionen, er det rette i alle fall. Omdefineringa leier tankane til ein meir tvilande modellesar som ikkje har gjort seg opp ei bastant meining om kva det inneber å ha sjølvråderett.

Undersøkingane av modalitet i steg 3 viste at forfattarane av *55 minutter* ved somme høve bruker modalitet for å understreka at vi bør bli med i EU. Dette kan tyda på at modellesaren treng å bli overtydd, frå eit nei- eller tvilarstandpunkt. Fleire stader i *55 minutter* blir det lova at vi ikkje kjem til å bli overstyrte på ulike område dersom vi blir medlemmer av EU. EU-budsjettet er litt over 1,2 % av den samla inntekta til EU-landa, og resten, nesten 99 %, rår landa over sjølv, fortel RIES (s. 9). Innbyggjarane i EU har stor materiell tryggleik, men i alle fall vil Noreg framleis sjølv rå over utviklinga av velferdspolitikken (s. 10). Vi kan halda på Vinmonopolet og vår eigen likestillingspolitikk, og EU sine reglar set «i dag flere

standarder på likestillingsområdet» (s. 11). Den felles arbeidsmarknaden EØS og EU opnar for, er den same som vi har hatt i Norden sidan 1954 (s.12), og såleis ikkje noko framandt. Forfattarane av *55 minutter* fortel i delen om jordbruk at EU manglar regelverk tilpassa arktiske strok, men vi blir forsikra om at EU-landa fører sin eigen, individuelt tilpassa distriktpolitikk (s. 20). «Som medlem av EF vil Norge derfor fortsatt ha nasjonal kontroll over norske energiresurser» (s. 24), får lesaren vita. Og jamvel med innføring av ein felles valuta i EU vil det vera landa sjølve som har ansvaret for sin eigen økonomiske politikk (s. 33). Politiske avgjerder som er viktige i kvardagen, vil framleis vera norske politiske institusjonar si sak (s. 36). Ofte blir det argumentert med at EU og Noreg har same mål. Alle desse lovnadene peikar mot at tvilaren finst som modellesar i teksten, ein tvilar som må bli fortald at EU ikkje kjem til å overstyra Noreg.

55 minutter presenterer ein figur som viser sosiale utgifter, pensjonsalder og barnehagedekking i Noreg, Danmark og fire EU-land, og Noreg kjem langt frå best ut (s. 11). Ein slik figur fortel ein eventuell tvilar-modellesar at ordningane i EF-landa ikkje er så ille som vi kanskje trur.³⁷ Teksten om arbeid og EU inneheld statistikk om arbeidsløysa i nokre EU- og EFTA-land, og figuren fortel at Finland, som ikkje er EF-medlem, har høgare arbeidsløysa enn somme EU-land.³⁸ Biletet tvilaren eventuelt har av høgare arbeidsløysa i EU enn i Noreg, blir nyansert.

«Vi står andsynes mange utfordringar»-toposen som går att i heftet (jf. steg 5 ovanfor), appellerer til fornufta. Det er lett å tenkja seg at den ynskte responsen frå RIES si side er: «... og desse utfordringane møtar vi best ved å gå inn i eit samarbeid.» Igjen byggjer RIES opp ein modellesar som synest det verkar fornuftig å gå inn i union for å møte vanskelege utfordringar. Vi såg at utfordringane fanst m.a. innanfor økonomi-, trygging-, miljø- og flyktningpolitikken. Også velferdspolitikken byr på problem. Vi blir fortalde at kostnadstrykket som stadig fleire eldre og pleietrengande skaper, er ei utfordring vi må møte «uavhengig av vårt forhold til EF» (s. 10). Så kjem eit avsnitt med argument for at sal av varer til EF kan sikra velferda i Noreg. Og same kva tilhøve vi har til EU, vil norske verksemdar (s. 19) og energimarknaden (s. 25) bli påverka av utviklinga i EU. Sjølv om det

³⁷ Ein liknande figur, over totale sosiale utgifter i Noreg, andre nordiske land og EU-landa, finn vi i *Skjønnheten*. I motsetnad til i *55 minutter* blir poenget at Noreg ikkje er europameister, her drive gjennom i ein heilt annan grad. *55 minutter* har ein meir lågmælt argumentasjon der argumenta i *Skjønnheten* er byggjeklossar i den retoriske hovudbyggnaden i heftet: tilbakevising av nei-sida sine påstandar om Noreg som best i Europa.

³⁸ Også *Skjønnheten* har i sitt oppslag om arbeid ein figur som viser arbeidsløysa i Norden og EU-landa, og har same kjelde som *55 minutter*, statistikk frå OECD.

retoriske reknestykket ikkje er fullført, bør lesaren sjå kva to og to blir. Repetisjonen av «anten vi vil eller ikkje»-temaet kan få tvilarar til å landa på «ja».

3.6.2.3 Oppsummert: modellesar 2

Modellesar 2 er ikkje like van med å lesa hefte av typen *55 minuttar* som modellesar 1 er. Modellesar 2 treng m.a. rettleiing når han eller ho skal lesa brosjyren. Modellesar 2 er truleg tvilar og EU-skeptikar snarare enn EU-positiv. Denne modellesaren må overtydast om at eit Noreg i union med resten av Europa vil likna mykje på det trygge og kjende Noreg vi har i dag. Eg vel å kalla modellesar 2 *Den engstelege tvilar-modellesaren*.

3.6.3 Dei to modellesarane

Eg har identifisert følgjande to modellesarar i *55 minuttar: Den politisk konforme modellesaren*, ein næringslivsorientert, interessert ”elite-modellesar”, og *Den engstelege tvilar-modellesaren*, ein svakt skeptisk, ikkje så kunnig tvilar. *55 minuttar* er den einaste av dei tre brosjyrane i denne oppgåva eg hevdar har meir enn ein modellesar.

I situasjonskonteksten har vi sett at Berrefjord sjølv nemner to målgrupper, tvilaren og den interesserte lesaren, som soknar til kvar sin modellesar etter min analyse. Men kunne ikkje tvilaren samstundes vera ein svært interessert lesar? Kvifor er desse to lesarkjenneteikna lagde til ulike sosiale grupper, det eine til eliten, det andre ikkje? Det finst nok fleire empiriske lesarar som både er tvilarar og over midels interesserte i EU-saka. Men dei ville truleg vera tvilarar fordi EU-saka er så kompleks, ikkje t.d. på grunn av europafrykt basert på skortande kunnskap om EU. Den tvilaren som blir bygd opp i *55 minuttar*, treng å bli roa ned og forsikra om at tilhøva i Noreg ikkje vil bli drastisk endra om vi blir med i EU. Med andre ord har ikkje denne tvilaren frå før av detaljkunnskap om korleis EU vil verka i Noreg. Tvil på grunnlag av kompleksitet vitnar kanskje om eit visst abstraksjons- og kunnskapsnivå og plassering relativt høgt i det sosiale hierarkiet. Ein slik tvilar ville harmonera betre med min modellesar 1, som derimot ikkje er tvilar, men som identifiserer seg med ja-argumentasjon. Såleis meiner eg å ha hold for tesen om to modellesarar.

3.6.4 Ikkje-modellesarar

Det finst spor i teksten som kan fortelja oss om kven som sannsynlegvis ikkje er modellesarar. *Den sterkt EU-skeptiske og skulerte lesaren* er truleg ein ikkje-modellesar, då ein slik lesar ville reagere negativt når politiske prosessar som kjenneteiknar EU, blir karakteriserte som naturlege. (Naturaliseringa av desse prosessane viste eg i undersøkingane av agensskjulinga i steg 3.) Modellesaren deler RIES si røyndomsoppfatning av

samfunnsutviklinga som ei god utvikling. Ein nei-modellesar ville truleg reagera negativt på formuleringa om at det å gå inn i union er eit utslag av norsk sjølvråderett. Ytringa

[d]et som skiller EF fra annet samarbeid, er at landene på bestemte områder er blitt enige om å overføre deler av sin myndighet til felles organer og anvende denne myndighet gjennom felles beslutninger

ville truleg bli møtt med reaksjonen «men dette er jo det same som å seia at vi mister sjølvråderetten!» av ein nei-modellesar. EU er inga ny statsdanning³⁹, blir det hevda i *55 minutter*, og denne unionsdefinisjonen ville truleg heller ikkje tilfredsstilt ein unionskritisk lesar:

Slik begrepet brukes, må det forstås som summen av nært og omfattende samarbeid mellom landene, og en videreutvikling av det EF-samarbeidet som har utviklet seg siden 1950-tallet (s. 35).

RIES presiserer i føreordet at *55 minutter* ikkje er eit uttrykk for synet regjeringa har på EF-saka. RIES ser føre seg ei kritisk motrøyst og kjem denne kritikaren i forkjøpet allereie her.

På mange spørsmål finnes det heller ikke noe fasitsvar. Noen vil nok likevel mene at det ene eller det andre kunne vært framstilt på en annen måte [...] (s. 3).

Dette kunne vore eit spor av konstruksjonen av ein EU-skeptisk modellesar. Men kanskje ein heller kan tolka det som ei melding til nei-modellesaren om at denne publikasjonen ikkje fyrst og fremst er for han eller ho? I denne ytringa freistar *55 minutter*-forfattarane å ta brodden av kritikken dei ser føre seg skal koma, ved å påpeika at dei veit kva dei kan venta seg.

Ein annan ikkje-modellesar er *den fagorganiserte i bygg- og anleggsbransjen*. Denne modellesaren ville ikkje respondera positivt på følgjande:

EF-landene arbeider for å legge forholdene bedre til rette for at bedriftene kan skape flere arbeidsplasser bl.a. ved å samordne tiltak og investeringer i f.eks. bygge- og anleggsbransjen (s. 12).

Ein slik lesar ville nok tenkt at dette medfører at jobbar går ut på anbod i heile Europa, med svekte faglege rettar som resultat.

Eg vil hevda at *tilsette i primærnæringane og næringsmiddelindustrien* heller ikkje er modellesarar. RIES er ærlege om kva konsekvensar EU-medlemskap kan ha:

³⁹ I mai 1993, då heftet kom ut, heitte EU framleis EF.

Ved et EF-medlemskap vil deler av næringsmiddelindustrien møte spesielle utfordringer som følge av EFs felles jordbrukspolitik (s. 18).

Et felles regelverk skal hindre at landene gir omfattende støtte til egne bedrifter for at de skal få særfordeler i forhold til konkurrenter fra andre land (s. 21).

Målet [i GATT-samarbeidet] er å bidra til mer likeverdig handel med jordbruksvarer ved gradvis å redusere økonomiske overføringer til jordbruket og begrense muligheten til å hindre import av andre lands jordbruksvarer (s. 26).

Det ville få konsekvensar for norsk jordbruk å gå over til EU sine ordningar slik dei er i dag, fortel *55 minutter*. Matvareprisane ville gått ned, men overføringane til jordbruket og arbeidsplassar i distrikta ville blitt reduserte.⁴⁰

3.6.5 Målgruppe vs. modellesar

Dersom vil held Berrefjord sine utsegner om målgruppa opp mot dei modellesarane eg har funne, ser vi m.a. at ei av dei målgruppene Berrefjord nemnde, ungdommar i vidaregåande skule-alder, ikkje er typiske modellesarar. Det einaste eg har funne i heftet som peikar mot ein ung modellesar, er døme som viser til konsekvensar av EU-medlemskap dersom ein er student: «Landene [...] samarbeider om utveksling av studenter og godkjenning av vitnemål» (s. 9) og

[n]jordmenn som ønsker å studere i utlandet vil få bedre muligheter ved et EF-meldemskap, da de vil slippe å betale høyere studieavgift enn studenter frå det land der de ønsker å studere (s. 13).

Vidare er det lite ved utsjånaden til *55 minutter* (ingen bilete, få figurar, mykje tekst) som skulle appellera meir til unge enn eldre lesarar.

Berrefjord seier at det var RIES som hadde ansvaret for å gå inn i tvilarterrenget. Dette samsvarar med min modellesar 2, *Den engstelege tvilar-modellesaren*. Berrefjord syner forståing for at folk ikkje orkar å lesa gjennom dokument som t.d. Maastricht-traktaten. Samstundes meiner han at heftet er for det interesserte publikum, som samsvarar med min modellesar 1, *Den politisk konforme modellesaren*. Berrefjord sine perspektiv på målgruppa samsvarar med andre ord til dels med modellesarfunna, med unnatak av den unge lesaren Berrefjord meiner dei ynskte å nå.

⁴⁰ Det blir presisert at Noreg vil arbeida for eit levetørt jordbruk i medlemskapstingingane, som ikkje var ferdige då heftet kom ut.

4 Lesebok 1994

Førre kapittel starta med å skildra vilkåra for produksjon og tolking av regjeringas brosjyre, altså situasjonskonteksten. Vi skal no gjera det same med Nei til EU si bok *Lesebok 1994*. Kjeldene mine er dåverande informasjonssekretær i Nei til EU, Kjell-Erik Kallset, dåverande utgreiingsleiar i Nei til EU, Tor Brostigen, og biletkunstnar Arne Nøst.

4.1 Steg 1: situasjonskonteksten

Lesebok 1994 er ei paperbackbok i svart-kvitt på 96 sider (eksklusive omslag, innmeldingsgiro og blankett for tinging av Nei til EU-materiell), utgjeven av Nei til EU i samarbeid med Det Norske Samlaget. Pocketboka vart trykt i 1 850 000 eksemplar, 180 tonn bøker til saman, som frå mars 1994 vart distribuerte av 12 000 friviljuge til alle husstandane i heile Noreg via Nei til EU sitt rodenett.⁴¹ Dei einaste stadene i Noreg der Posten fekk jobben med å dela ut bøkene, var i Bærum, i Sør-Varanger og på Svalbard (NTB 3.3.1994). Ei innbunden ti sider lengre utgåve av boka vart også trykt opp til sal i bokhandelen (med opplag på 10 000), til ein pris på 94 kroner (Kallset 1995:34).⁴² Denne utgåva er trykt på betre papir og har betre plass enn pocketboka (alle tekstane startar øvst på ei ny side, medan dei følgjer kvarandre fortløpande i pocketutgåva). Den innbundne utgåva inneheld ti ekstra illustrasjonar av Arne Nøst, men har ikkje tingsingsblankett og innmeldingsgiro, slik pocketutgåva har.

Dersom bøkene skulle vorte distribuerte per post, ville dette kosta Nei til EU to millionar kroner, skriv Kallset (1995:35).⁴³ «*Lesebok* vart det største informasjonstiltaket Nei til EU gjennomførte i denne EU-kampen, og det var også eit av dei største organisatoriske løfta,» fortel han (Kallset 1995:32). Boka hadde ei kostnadsramme på 4,3 millionar. Trykkinga kosta 2,5 millionar (den offentlege løyvinga på 2,4 millionar dekte neste heile denne summen), og var den største utgiftsposten.

Redaksjonen vart avslutta 26. januar, og *Lesebok* vart lansert 3. mars 1994.

Hovudpressekonferansen vart halden i Aktietrykkeriet i Trondheim, med leiar i Nei til EU

⁴¹ Ein rode er eit geografisk område som blir avgrensa t.d. i samband med utdeling av materiell. Medlemmer i Nei til EU sine lokallag fekk i oppdrag å dela ut *Lesebok* innanfor ulike rodar.

⁴² Tidlegare forlagssjef i Samlaget Audun Heskestad meiner det vil vera vanskeleg å finna salstala til denne boka, pga. skifte av distributør. Han gissar på at salet av boka låg på rundt tusen eksemplar (e-post 30.11.2007).

⁴³ Historia om prosjektet *Lesebok 1994* er ikkje tidlegare publisert. I dette avsnittet har eg nytta ein uoffisiell informasjonsrapport laga av Kjell-Erik Kallset.

Kristen Nygaard, nestleiar Helen Bjørnøy og generalsekretær Guro Fjellanger til stades (Aftenposten, 4.3.1994). Det vart òg halde fylkesvise pressekonferansar, 15 i talet, der fleire av forfattarane i boka deltok. NRK Dagsrevyen valde å ikkje dekkja saka, men dei store regionsavisene skreiv mykje om boka, fortel Kallset (1995:35).

4.1.1 Skildring av heftet

Framsidedelet er ei teikning av ei kvinne på kvit bakgrunn som blæs i eit horn, og illustrasjonen er i svart, grått, blått, raudt og grønt. «Lesebok 1994» står i kvit skrift øvst på sida inni eit burgunderraudt felt langs toppen («bok» står delvis utanfor dette feltet og over i det kvite, og då med burgunderraud skrift). Den raude fargen er den djupraude fargen Nei til EU valde til sin grafiske profil, og som «kunne assosierast med helleristingar» (Kallset 1995:13). «Nei til EU» står i midten nedst på omslaget, det òg i kvit skrift på raud bakgrunn. Baksida har same ”loft” som framsida, med tittel. Vaskesetelen seier at dette er Nei til EU si bok om EU-saka, og at 1,8 millionar husstandar får boka. Dei skriv at ho inneheld «viktig saksinformasjon», men at medlemskapsspørsmålet er meir enn tal og fakta – difor forfattarbidraga i boka. Nei til EU står som utgjevarar saman med Samlaget, og bae logoane er trykte nedst på sida.

Dei fyrste sidene inneheld m.a. tittelsider og kolofon. I kolofonen står det at Rainer Jucker har laga layout på boka, og Arne Nøst illustrasjonane. I eksemplaret eg har, ligg det i tillegg eit istikk frå Nei til EU sitt lokallag på Grefsen/Kjelsås. Lappen fortel at det er dette lokallaget som har delt ut boka, og at Grefsen/Kjelsås Nei til EU er den største politiske foreininga i bydelen, med over 200 medlemmer. Men dei treng fleire, både aktive og passive, skriv dei, og oppmodar folk til å melda seg inn ved å bruka giroen bak i boka.

Kristen Nygaard har skriva føreordet i *Lesebok*. Der fortel han om bakgrunnen for boka, at ho er eit svar på regjeringa sin brosjyre *55 minutter*. Nei til EU meiner EU-informasjon vanskeleg kan vera nøytral, men at det viktigaste er at veljarane får allsidig informasjon. Boka er delt inn i «en faktadel og en skjønnlitterær del» (s. 7). Han rundar av føreordet med å seia at han vonar lesaren får glede av boka, tek standpunkt og jobbar for det.

All skrift i boka er av grotesk skrifttype (utan serifar). Faktatekstane, som er skrivne av Nei til EU, sju i talet, heiter «Europa», «Framtid», «Velferd», «Krig og fred», «Makt», «Nærhet» og «Arbeid», og er frå ei til tre sider lange (dei fleste to). Til saman inneheld dei 14 sidene

med faktatekstar om lag 5000 ord.⁴⁴ Dei er spreidde utover i boka, med dei 28 bidraga frå kjende norske forfattarar mellom seg. Det er ti illustrasjonar i boka, inkludert framsideillustrasjonen. Dei er teikna med splittpenn, på gamlemåten, seier Nøst: dyppa i blekkhus og dradd bortover arket før det tørkar, for ein «rask og leken strek» (intervju med Nøst, s. 32), og føresteller menneske som spelar instrument (engelsk horn, tuba, saksofon, klaver, trombone, symbol, trekkspel, harpe og munnspel), og ein som er dirigent.

4.1.2 Forfattarane

Sekretariatet i Nei til EU diskuterte kva som skulle vera «”svaret” til regjeringas hefte» (Kallset 1995:32) frå september 1993.⁴⁵ Kort tid etter løyvinga frå Stortinget lufta Kjell-Erik Kallset ideen om boka for generalsekretær i Nei til EU Guro Fjellanger og Tor Brostigen. Boka skulle vera ei blanding av sakprosaetekstar frå Nei til EU og bidrag frå norske skjønnlitterære forfattarar. Arbeidsgruppa som stod for bokarbeidet, bestod av Stein Ørnhoi, Eva Nordlund, Ottar Grepstad, Thorvald Steen og Kjell-Erik Kallset.

Ørnhoi er SV-politikar og historikar, og var nestleiar i Nei til EU i 1994. Nordlund var nestleiar i Nei til EU saman med Ørnhoi og hadde bakgrunn frå Senterpartiet. Grepstad har Venstre-bakgrunn, var i 1994 (fram til få månader etter at *Lesebok* kom ut) forlagssjef i Samlaget, er målmann og sakprosa-historikar. Steen er tidlegare AKP-ar og var i 1994 leiar i Forfatterforeningen. Kallset hadde bakgrunn frå AUF og var medlem i SME (Sosialdemokratlar mot EU). Fjellanger var medlem i Venstre.

Lesebok-entusiastane Ørnhoi og Guro Fjellanger fekk gjennom bokideen i styret i Nei til EU utan å møte store motførestellingar. Men Kallset fortel at saka vart drøfta skikkeleg, for det var ein «heilt sprø tanke» (e-post 23.11.2007). Den tyngste og viktigaste innvendinga, meiner Kallset, kom frå Oslo Nei til EU, som var skeptiske til formatet. Dei meinte det ville bli vanskeleg å få ei bok nedi brevsprekkane og postkassene i bygardane i hovudstaden.

Ørnhoi kom på boktittelen og argumenterte med at *Lesebok 1994* skulle gå inn i den norske folkeopplysningstradisjonen, på same måte som dei norske lesebøkene i skulen hadde gjort det gjennom fleire generasjonar og vorte kulturelt fellesgods. Tor Brostigen fortel at boka skulle vera i lesebokforfattar og pedagog Nordahl Rolfsens tradisjon (intervju med Brostigen, s. 28).

⁴⁴ Kallset (1995:34), som også har rekna ut tal ord i *Skjønnheten*: 3063 ord.

⁴⁵ «Svar» tyder ikkje her endeleg at *Lesebok* konkret skulle kommentera regjeringa sitt hefte. Brostigen fortel at han trur det vart diskutert «helt eksplisitt at vi ikke skulle være en kommentarutgave til den [55 minutter] » (s. 28). Teksten skulle ikkje vera dagsaktuell, seier Tor Brostigen.

Dette h vde godt, for ei nyutg ve av den kjende leseboka til Rolfsen, *L sebog for folkeskolen. Med tegninger af norske kunstnere. F rste del* kom ut i oktober 1993 og vart kalla * rhundrets lesebok* i h ve 100- rsjubileet for fyrste utg ve.⁴⁶ Denne leseboka vart brukt i norsk skule fram til 1950- ra, selde 8,5 millionar eksemplar totalt og « pnet d ren til norsk litteratur og kunst» for generasjonar» (”Til Nordahl Rolfsens  re”, NTB 15.10.1993). Rolfsen si lesebok var «[d]en f rste norske bok som beveget seg i grenselandet mellom sakprosa og sk nnlitteratur p  *barnets* premisser» (Egil B rre Johnsen i Grepstad 1997:373, orig. uth.). Leseboka var eit utbreidd leseverk tilbake til 1800-talet:

Folkskolans l sebok, en av 1800-talets mest spridda b cker, blandade fakta och fiktion [...]. Men boken var inte fr mst avsedd f r litter ra tolkningar, dvs. den var inte fr mst en del av den litter ra institutionen utan av skolen som institution. Den skulle l ra ut hur v rlden var beskaffad och kunde i det syftet blanda en novell om livet p  en bondg rd i Sk ne med en saklig redog relse f r det sk nska lantbruket. Folkskolans l sebok var p  s  vis en sakprosabok (Englund mfl. 2003:55).

Leseboka vart obligatorisk i norsk skule fr  lov om landsskulen i 1860 og lov om h gare skule i 1869 (Grepstad 1997:334).

Opphavleg skulle boka heita *Norsk Lesebok 1994*. Arne N st, som skulle laga illustrasjonane i *Lesebok*, kravde at «norsk» m tte bli fjerna fr  tittelen om han skulle bidra. Han syntest det var provinsielt   ha med «norsk», og var redd for at tittelen ville kunna bli brukt mot Nei til EU i form av skuldingar om nasjonalisme og sj lvgodheit. Det vart r ysta over sp rsmålet, og «norsk» vart fjerna fr  tittelen (intervju med N st, s. 2).

Nei til EU meinte *Lesebok* ville skapa meir engasjement og diskusjon og overrasking enn ei vanleg brosjyre, og at folk ville spara p  boka og ha ho i bokhylla. Kallset utdjupar (e-post 6.4.2006):

Eg meinte at det   sende ut ei vanleg politisk brosjyre til alle husstandar ville innebera kostnader som ikkje kunne st  i forhold til den avgrensa nytta det ville gi. Eg meinte at sv rt mange berre ville slenge fr  seg ei brosjyre produsert av oss eller eit reklamebyr , men at det var annleis dersom vi gav folk ei bok. Den ville bli liggande p  stuebordet eller sett i bokhylla.

Kallset s g f re seg at Europabevegelsen ville bruka statspengane til ein vanleg brosjyre, og meinte Nei til EU sine medlemmer ville f  sj lvtilliten sin styrkt om dei s g at Nei til EU gav ut ei bok, og fekk sj  at s  mange av Noregs beste forfattarar var p  nei-sida.

⁴⁶ Eigentleg 101- rs-jubileet, d  Nordahl Rolfsen si lesebok kom ut fyrste gong i 1892.

Boka inneheld sju faktatekstar frå Nei til EU og 27 skjønnlitterære bidrag. Arbeidsgruppa tok tidleg i desember 1993 kontakt med 32 forfattarar, som vart stilte heilt fritt i høve til både form og innhald i bidraget. Dei vart heller ikkje spurde på førehand kva standpunkt dei hadde i EU-saka (intervju med Brostigen, s. 26). I brevet til forfattarane stod det m.a.:

Nei til EU ønskjer på ingen måte at du som forfattar skal produsere politisk propaganda for oss. Vi trur heller at skjønnlitterære forfattarar kan vera med og reise problemstillingar som er viktige i samband med EF-debatten, og som kan vera ein kjelde til refleksjonar og diskusjonar om samfunnet vårt, tilhøvet til EF-unionen og verda elles. Vi stiller ingen krav til innhald, litterær uttrykksmåte, sjanger e.l. (Kallset 1995:22)

28 av forfattarane sa ja.⁴⁷ Alle dei spurde var positive, men for somme av dei vart tidsfristen (17. januar eller, for nokon, før) for knapp. Andre hadde ikkje høve. Dei som deltok, fekk 5000 kr for bidraga. Tekstane var nyskrivne for *Lesebok 1994* med fire unnatak: Herbjørg Wassmo, Rolf Jacobsen, Halldis Moren Vesaas og Jan Erik Vold sine bidrag hadde vore trykte tidlegare. Dei andre forfattarane, i same rekkjefølgje som i boka, var Ragnar Hovland, Karsten Alnæs, Eldrid Lunden, Odd Børretzen, Einar Økland, Knut Faldbakken, Gro Dahle, Dag Solstad, Vigdis Hjorth, Torgeir Schjerven, Synnøve Persen/Laila Stien, Kjetil Bjørnstad, Thorvald Steen, Edvard Hoem, Erik Fosnes Hansen, Olav H. Hauge, Jostein Gaarder, Paal-Helge Haugen, Bjørg Vik, Lars Saabye Christensen, Lars Amund Vaage, Inger Elisabeth Hansen og Kjartan Fløgstad.⁴⁸ Ni av 28 forfattarar er kvinner. Ni av tekstane er på nynorsk, ein er på dialekt (Wassmo), ein på samisk/bokmål (Persen/Stien) og dei resterande 16 er bokmålstekstar. Dei langt fleste av forfattarane var i førti- og femtiåra då *Lesebok* kom ut: Ti av forfattarane er fødte på 1940-talet, og ti på 1950-talet. Den yngste forfattaren er fødd i 1962 (Dahle), dei to eldste i 1907 (Jacobsen og Moren Vesaas). 16 forfattarar er det eg vil kalla austlandsforfattarar, tolv forfattarar er det eg vil kalla periferiforfattarar (forfattarar frå resten av Noreg).

Temaa i dei skjønnlitterære tekstane i *Lesebok* er fleire, men det finst tema som går att i meir enn ein tekst. Til dømes handlar fleire av tekstane om *mangfald*⁴⁹: Hovland skildrar ei reise nedover i Europa til både katedralar og vertshus. I Alnæs sitt stykke møter vi ein verdsdel med både vinraudt hav, dublinske hundekadaver og glede i Barcelona. Børretzen ser for seg

⁴⁷ Det er totalt 27 skjønnlitterære bidrag i *Lesebok*. Laila Stien har omsett Synnøve Pedersen sitt samiske dikt til norsk, og er med det den 28. forfattaren.

⁴⁸ Kommentator Per Egil Hegge i *Aftenposten* meinte at ein kunne finna ja-argumentasjon både i Hoem, Moren Vesaas, Steen og Økland sine bidrag (*Aftenposten*, 7.3.1994).

⁴⁹ Fyrste setning i fyrste faktatekst nemner òg mangfald: «Europa er et mangfold av ulike folkeslag og kulturer, et kontinent som strekker seg frå Atlanterhavet til Ural» (s. 9).

kampen mellom dei nasjonale tradisjonane i ei framtidig samkøying av den europeiske julefeiringa. Frå Solstad sin synsvinkel brer naturen seg ut i alle sine ulike fasongar under flykroppen. Steen fortel om Wergeland sin kamp for mangfaldet mot eit Noreg som forbaud jødar å koma til landet. «Men Europa er først og fremst forskjellenes rike,» heiter det i Fosnes Hansen sin tekst (s. 66). *Draumen* er òg sentral i fleire av tekstane. Lunden ser for seg ein situasjon der eg-et kunne gått gjennom veggen. Hovland kysser ei kvinne i Europa og glir bort i draumar. Persen påkallar den som «hegner om det nordligste havs frosne drømmer» (s. 51). Marionetthunden i Hoem sitt dikt spelar draumen om fred på piano på varieteen i Praha. For Fosnes Hansen er tanken om europeisk statsdanning ein utopi, ein draum. Og ved Saabye Christensen sin stein mellom Sigerfjord og Bogen gror draumane, blir det fortalt. Både draumen og mangfaldet møtast i Alnæs sin tekst. Mangfaldet til den skjelmiske og deilige prinsessa frå Kreta «forblir en isrose i våre europeiske drømmer» (s. 15).⁵⁰

Faktatekstane vart nyskrivne til *Lesebok 1994* av Tor Brostigen (utgreiingsleiar i Nei til EU) og Kjell Erik Kallset, og dei vart korrekturlesne av Ottar Grepstad. Faktatekstforfattarane ynskte å plassera desse tekstane innimellom dei skjønnlitterære bidraga.⁵¹

Nei til EU meinte kunstnarar kunne skriva appellativt utan å propagandera, og at dei kunne kommunisera på ein annan måte enn byråkratar og reklamefolk, som dei rekna med Europabevegelsen ville bruka. Kallset (e-post 6.4.2006) syntest ikkje Nei til EU så langt, i 1993, hadde evna å engasjera kunstnarane i same grad som i 1972. Også denne gongen måtte nei-sida sikra seg hegemoniet i kulturlivet, meinte han. Kunstnarane var viktige opinionsdannarar i ei gruppe Nei til EU måtte nå: dei intellektuelle landet over, og spesielt byradikalarane. Nei-sida vann i 1972 på grunn av alliansen mellom bygdefolket og radikalarar i byane, meiner han, og den alliansen måtte bli styrkt. Kallset vurderte det også slik at boka ville føra til debatt om kunstnarane si rolle i samfunnsdebatten, ein debatt med utgangspunkt i Nei til EU og på Nei til EU sine premiss. Ei innvending mot *Lesebok*-prosjektet galdt nettopp denne sida ved boka: «Ei slik bok var smal, ikkje brei og ”tabloid”

⁵⁰ Svein Gjerdåker har intervjuet forfattarane frå *Lesebok* om EU-standpunktet deira a13 år etter (Dag og Tid 16.2.2007). Av dei 19 han har intervjuet, seier fire ja til EU (Gaarder, Vik, Hjorth og Faldbakken), og ein er tvilar (Vold). Av desse var det berre Faldbakken som var ja-mann då han bidrog i *Lesebok*. Dette var kjent allereie i 1994. Han skreiv sjølv i VG 23.4.1994: «Jeg har bidratt til den famøse 'Lesebok 1994', hvor jeg og et dusin av mine kolleger lot være å ta klart standpunkt på invitasjon fra Nei til EU.» Brostigen trur også at Hovland skreiv i ettertid at han var blitt ja-mann (s. 26).

⁵¹ Innhaldet i dei skjønnlitterære bidraga har ofte samanheng med tittelen på den føregåande faktateksten. Til dømes er Edvard Hoems dikt «På varieté i Praha», der det blir vist til fyrste verdskrigen og «fredens Europa» (*Lesebok*, s. 58), plassert etter faktateksten «Krig og fred». Nøst sine bilete har ikkje ein klar samanheng med sakprosaen eller skjønnlitteraturen, med unntak av ein Grieg-figur som spelar piano på s. 21. Illustrasjonen står før Einar Økland sin tekst «A-mollkonserten», eit av dei mest kjende stykka til Grieg.

og direkte appellativ. Vi skaut sporv med kanonar for å sikre hegemoniet i kultur-Norge,» seier Kallset (e-post 23.11.2007).

Mange tillitsvalde i Nei til EUs var stolte over boka, og dette gjorde det truleg lettare å få til distribusjonen gjennom rodenetta, skriv Kallset. Han seier at velviljen når det gjeld utdelinga kan «ha samanheng med at mange av dei mest aktive i Nei til EU nettopp var intellektuelle folk frå by og land, ein politisk elite» (Kallset i e-post 6.4.2006).

4.1.3 Målgruppe

Illustratør Arne Nøst seier at det var interessant «å henvende seg til heile det norske folket med egentlig en ganske smal trykksak» (s. 2). Han meiner innhaldet av dikt og noveller ikkje er slikt ein forbinder med argumentasjon for eller imot EU, og at boka difor fungerer som «en henvendelse til individet fra individer» (s. 3). Han kallar boka idealistisk, og naiv i trua på kunsten si gjennomslagskraft, og full av gode ynske frå leiinga, av typen «vi bryr oss om deg som leser» og «bryr oss også om at du får det dårligere hvis vi blir med» (s. 3). Men han meiner *Lesebok* var ei medhårs-stryking til dei som allereie var på nei-sida, og at boka vart laga for at dei skulle føla seg ivaretekne og synlege og halda ut sommaren fram til folkerøystinga (s. 29). Nøst meiner mange tvilarar var reflekterte, høgare utdanna og sentralt busette tidlegare nei-folk som på «det her litt optimistiske nittitalet» (s. 29) var redde for at eit nei ville fjerna Noreg frå Europa. Boka var også for desse, meiner Nøst, ho var «medhårs pleie av dem som var i stand til å formulere en god retorisk tvil» (s. 30). Han trur kanskje det var tvilarar mellom 30 og 50 ein skulle nå gjennom *Lesebok*.

Også Tor Brostigen hevdar at boka ikkje var retta mot alle. «Jeg trur det snakkes mest til nei-folk» (s. 57), seier han. *Lesebok* var ifølgje Brostigen ei bok for medlemmene, og teksten var ein «argumentativ stafettpinne» (sst.) – dei som las teksten, skulle bringa budskapet vidare. Brostigen viser til den statsvitskaplege ”tostegshypotesen”, ein mekanisme som inneber at sendarar påverkar mottakarar med ein budskap, ikkje direkte (i eitt steg), men via opinionsleiarar (to steg). Medlemmene skulle vera slike opinionsleiarar. Tekstane var altså ikkje frå Nei til EU direkte til nokon, men til «masse folk rundt omkring som kunne ta det vidare» (s. 7).

Tekstane i *Lesebok* var ikkje mynta på kven som helst. «Du må jo skrive for folk som har et visst politisk nivå og som ser sammenhenger», folk som er «mer enn en gjennomsnittlig interesserte» (s. 58). Brostigen ville «forankre argumenter og det er blant annet forsøkt løst

gjennom et noteapparat» (s. 4). Men, som han seier, «for en akademiker virker det egentlig litt snålt» (s. 6) med så mykje noter på så korte tekstar, og for alle andre kan det verka litt for grundig. Dette er ikkje så viktig, meiner han, for «du vil jo ha fleire typer lesere. Det slår litt ulikt ut på ulike typer lesere» (s. 6). Brostigen ser for seg to typar lesarar: Dei som ikkje veit så mykje og skal orientera seg litt, og dei over 140 000 medlemmene i Nei til EU.

Tanken var at dei skulle leggja opp argumentasjonen så breitt som mogleg, og ta alt det viktigaste med. «Det skal ikke bare være gulerøtter i disken, det skal være litt forskjellig,» (s. 18) fortel Brostigen. Dei prøvde å unngå «ideologiske ord», for å kunna appellera til folk i «ulike politiske tradisjoner» (s. 20). Brostigen seier at ein ikkje kan driva *targeting* på ein folkemasse på ein million fem hundre og seksten tusen nei-røystarar (s. 17).

Kallset skriv i rapporten om informasjonsarbeidet i Nei til EU i 1994 at planutvalet på landsmøtet i 1993 sette opp desse satsingsområda eller målgruppene: EU-motstandarar som er EØS-tilhengjarar, fagrørsla, byane, kvinner, ungdom og studentar, nei-bastionane og kultur. Dette var meir «retningsliner for informasjons- og organisasjonsarbeidet enn det var ei prioritering av målgrupper» (Kallset 1995:8). Nei til EU ynskte å nå både tvilargrupper, ja-folk og grupper der dei stod sterkt. «Altså ikkje noko enten–eller, men eit både–og» (1995:9). Kallset skriv også (1995:52):

Pressa fokuserte heilt til siste dagen på den store «kampen om tvilarane» mellom ja- og nei-sida. Dette var aldri den viktigaste kampen slik vi såg det, og etter dei første stabile meiningsmålingane hausten 1994 snakka vi ikkje meir om «tvilarane». På den eine sida var det sjølv sagt ikkje muleg å sjå på tvilarane som ei gruppe med noko anna felles enn at dei var i tvil om kva dei skulle stemme. På den andre sida trengte vi ikkje å overtyde nokon som var i tvil. Vi måtte i første rekkje halde på dei som allereie var EU-motstandarar, og ikkje minst måtte vi få dei til å delta i avstemminga.

4.1.4 Syn på eigen tekst

Tor Brostigen fortel at boka skulle vera både informativ og eit overskotsfenomen, noko særeige (s. 3). Tekstane skulle vera saklege og så faktabaserte som mogleg, seier Brostigen, og siterer eit gammalt Aftenposten-slagord: «solid bakgrunn for egne meninger» (s. 4). Boka skulle fortelja om Nei til EU sitt syn på EU og kva dei meinte eit EU-medlemskap ville føra til for Noreg (s. 37). Idealet var å laga tekstar som var så gode at dei kunne bli lesne opp høgt eller brukte som utgangspunkt for t.d. ein 1. mai-appell eller eit lesarinnlegg (s. 12). *Lesebok* skulle også vera «noe som folk beholdt» (s. 3). For Nei til EU var det viktig å laga ei bok

som folk ville ha i hylla, og produktet, den solide pocketboka, skulle liggja godt i handa og stå godt i hylla: «Har du prøvd å sette en sånn lefse opp i en bokhylle noen gang? Det går ikke, kan ikke stå, vet du» (s. 51), seier Brostigen. Folk skulle kunna henta informasjon frå boka og slå opp i ho.

Brostigen er nøgd med teksten og synest at han flyt nokolunde (s. 9). Det var ingen andre tekstar i heile EU-kampen Brostigen sjølv fila så mykje på som faktadelane i *Lesebok* (s. 14). Dei brukte sandpapir på formuleringane i *Lesebok*, der dei hadde brukt øks på mykje anna dei produserte (s. 19), forklarar han. Resultatet skulle bli «magert», slik at det skulle bli mogleg for folk å «putte sine egne ord oppå» (s. 20). Språket skulle ikkje vera blomstrande, og ikkje prega av fyndord.

Brostigen fortel at Kjell-Erik Kallset og han sleit mykje med forma på teksten i byrjinga.⁵² I starten var innhaldet «leksikalt, så og så mange representanter, lite argumenterende» (s. 4), før dei kom fram til det endelege resultatet. Vi har sett at medforfattar av *55 minutter*, Ole Berrefjord, snakkar om at ein tekst kan ha ulike kodar, og Brostigen er inne på noko av det same her: Det fanst ein konflikt mellom «den leksikale kontra den politiske teksten» (s. 13). Teksten inneheld ein del hypotetiske argument av typen «vi vil antageligvis få» og «det vil innebære at», av di tingingsresultatet ikkje var på plass, fortel han. Sjølv om han er nøgd med teksten, saknar han det han kallar jordingar (s. 23), gode døme som folk kunne bruka, kjøt på beinet

Vi ser at forfattarane av både *55 minutter* og *Lesebok* legg vekt på at teksten skulle vera faktabasert. Illustratøren Arne Nøst trekkjer i staden fram det symbolske innhaldet i *Lesebok*, når han seier at ideen om individet er viktigare i teksten enn eigeretten over olja (s. 4). Han fortel at figurane hans ikkje skulle vera politiske, men handla om aktiviteten, energien og motet til mennesket (s. 5). Dei spelande menneska tek del i andre sitt rom, har tru på at deira røyst tel, og symboliserer fridomen til å uttrykkja seg, seier Nøst (s. 24). Han var «kynisk» og ville gje folk bilete som dei slapp å tolka, men som samstundes var «litt sånn *arty*» (s. 5). Teikningane hans skulle sjå ut som dei var teikna rett på arket, utan rammer, slik det såg ut i lesebøker. Nøst fortel at han teikna på alle opne sider i sine eigne lesebøker, og ville slik skapa den rette kladda-i-lesebok-kjensla i *Lesebok*. Bileta av dei spelande menneska som boka er fylt av, kunne folk relatera til, tenkte Nøst: «Alle har et forhold til han som spiller

⁵² Han seier at også Stein Ørnhoi, Guro Fjellanger og Kristen Nygård var med på å diskutera korleis teksten skulle sjå ut.

tuba» (s. 6), ein korpsmedlem som spelar i kulde og regn. Folk har gode kjensler knytte til korps, meiner han. Det verkar som Nøst hadde eit medvite tilhøve til det folkelege i prosjektet sitt. Framsidefiguren på boka, ei kvinne som spelar på eit engelsk horn (ein «kultivert lur», ikkje ein norsk neverlur, s. 6), liknar Prillar-Guri frå folkeeventyra, fortel han.⁵³ Han forventa at folk ville respondera på folkeeventyr-motivet. At ei kvinne gjev varsel, er eit sterkt symbol både i gresk myte og norsk forteljning, seier Nøst (s. 6).

Ein av figurane til Nøst er ein mann som slår ein slymbal over hovudet så han får vondt i hovudet. «Det er en form for sjølpisking som jeg syns kler det prosjektet her,» seier Nøst (s. 15). Han kallar «den gode troa på det opplyste mennesket, ønsket om at alle skal være glad i litteratur og glad i sang og musikk» eit «spor av uskyld» (s. 16). Sjølvpiskinga har å gjera med ynsket om at vi skal vera uskuldige (s. 16). Nøst meiner også det ligg noko ufriviljug i *Lesebok*-prosjektet, eit imperativ: «Du bør lese det» (s. 20). Nøst imiterer sendarrøyster: «Du må spise opp grauten din, det er til det beste for deg», «les boka di, nå» (s. 21). Boka kunne like gjerne heitt *Leksebok*, for folk assosierer lesebøker med skulen, meiner Nøst. Alle har gått på skule og veit kva ei lesebok er. Nøst samanliknar det å gje ut *Lesebok* med å reisa seg opp i ei jobbkantone og deklamera eit dikt. Somme vil setja pris på det, nokon vil sjå opp til personen for motet, men dei fleste vil føla seg litt forstyrta og tenkja «set deg ned, då, mann» (s. 31). Nøst fortel at han har hatt problem med Nei til EU sitt formspråk. Dei er betrevitande og formyndarske, snusfornuftig økologiske og ikkje prega av lyst, meiner han, og seier det slik: «Klart at du fryser ikke når du har ullklær, men dem stikker så inn i helvete» (s. 35).

Det massive noteapparatet var teke med for å få Nei til EU til å verka meir truverdige andsynes ei regjering som i utgangspunktet hadde meir truverd. «Hvis du ikke har makt, så må du ha mere rett,» seier Brostigen (s. 52). Å kunna forankra teksten i unionstraktaten gjer ho meir faktabasert enn ho ville vore dersom referansen berre var noko einkvan på Nei til EU-kontoret hadde skrive.

4.1.5 Debatten på utgjevingstidspunktet

Ifølgje Brostigen rekna Nei til EU hausten 1993 med at det skulle ta lenger tid før tingsingsresultatet mellom EU og Noreg var klart, og at folkerøystinga ikkje skulle koma før i

⁵³ Framsidefiguren på *Lesebok* vart skoren ut av eit digert tre som bles ned under orkanen i 1992, kan Nøst fortelja (s. 7). Den tre meter høge figuren vart eit stort symbol, og det var mykje taktil glede ved ho, mellom anna var det om å gjera å ta ho på brysta. ”Prillar-Guri” vart stolen frå Bondelaget si kantine og vart funnen att eit år etter hjå ein bruktseljar i Otta. Ho var også med på ei båtreise nedover norskekysten, og stod i Oslo Spektrum valnatta. Eit anna spinoff-produkt av *Lesebok* var ein cd med artistar som var meir populære enn dei skjønnlitterære forfattarane i *Lesebok*. Omslaget var prydd av ”Prillar-Guri”. Cd-en vart ingen suksess, seier Nøst (s. 22).

1995. Tingingsresultatet var fyrst klart etter at boka vart gjeve ut. Brostigen meiner boka difor ikkje svara på spørsmåla som var oppe i ålmenta då ho kom (s. 3). Etter at tingsingsresultatet var klart, handla debatten mest om fiskerikvotar, seier Brostigen (s. 25).

Etter boklanseringa sette Dagbladet i gang ein debatt på kultursidene som vara i tre månader. Dette ordskiftet dreidde seg på generelt plan om kunstnarar sitt politiske engasjement. Dagblad-ordskiftet «åpna et debattlandskap som ikke hadde vært tilgjengelig for oss før», fortel Tor Brostigen (s. 9).

Ikkje alle var like nøgde med *Lesebok* som leiinga i *Nei til EU* var. Dåverande kulturredaktør i *Aftenposten* Per Egil Hegge var ikkje overraska over at forfattarane hadde stått fritt:

Så fritt har de stått at noe av dette må være hentet opp fra innerste skrivebordsskuff (hvor det kanskje burde ha fått ligge), mens annet bærer preg av å være skrevet siste kvelden (som kanskje kunne ha vært brukt til andre sysler) (*Aftenposten*, 7.3.1994).

Leiar i Europabevegelsen Inge Lønning meinte blandinga av skjønnlitteratur og «*Nei til EUs* egne, anonyme dikt» likna presentasjonsforma til dei reklamefinansierte TV-kanalane, der faktatekstane var dei uynskte reklameavbrota (Lønning, *Aftenposten* 12.3.1994). Han meinte at tekstforfattarane sin aksept for denne forma var eit prov på at «markedskreftene vinner innpass i de beste kretser». Faktadelane, meinte han, var

demagogi som vi har hørt og lest mange ganger før. Det virker som om *Nei til EU* tror det er god folkeopplysning å lese høyt fra EU-traktater og tolke det som står der i verste mening (*NTB*, 3.3.1994).

Forfattar Axel Jensen meinte *Lesebok* var «[e]n underlig blanding av informasjon, desinformasjon, demagogi og skjønnlitteratur» (*VG*, 27.8.1994).⁵⁴ Lars Fr. H. Svendsen og Thomas S. Nilsen (*Aftenposten*, 5.4.1994) kalla *Lesebok* eit «forrykende festmåltid av litterær storslagenhet»:

Det er med ydmyke sinn vi sitter her med ”Lesebok 1994”, hvor flere av Norges fremste skjønnlitterære ånder med gripende oppriktighet og engasjement har bidratt i folkeopplysningens tjeneste.

⁵⁴ Men han må ha likt *ideen* om å laga ei lesebok. Jensen laga seinare ei lesebok *for EU* som vart utgjeven på Aschehoug og subsidiert av Europabevegelsen. *Det kollektive eventyr. En bok om Norge, Europa og EU* var inga mot-bok, sa Jensen. Både forfattarar og politikarar frå inn- og utland skulle bidra, òg med kritikk. Ho skulle visa at dersom ein skulle diskutera EU-saka, «da må man heve blikket litt over kjøttgrytene» (*Aftenposten*, 28.6.1994). Wennesland sa at boka var for dei som gidd å lesa meir enn ingressane i tabloidavisene (*Nordlys*, 15.9.1994). 15 nordmenn og 11 utlendingar bidrog, mellom andre Vaclav Havel, Toril Brekke, Roy Jacobsen, Tom Lotherington og Anders Ehnmark. Boka inneheld også eit intervju med Jaques Delors og eit intervju med Tore Stubberud og Carsten Jensen om boka *Den nye middelalder* av den franske filosofen Alain Minc.

Svendsen og Nilsen karakteriserer forfattarane og dei ulike bidraga i vendingar som «et frapperende kontrapunktisk motstykke», «brannfakkell», «skarpe penn», «gripende langt inn i hjerterøttene» og «med utsøkt karaktertegnning», på ein slik måte at det ikkje kan tolkast som noko anna enn ironi. Svendsen er i dag (2007) prosjektleiar i den høgreorienterte tenkjetanken Civita. Eg tok kontakt for å få stadfesta at panegyrikken var ironisk meint. Svendsen svara: «Den teksten hadde jeg helt glemt at jeg noensinne hadde skrevet! Jeg kan imidlertid bekrefte at innlegget så absolutt var ironisk ment, samt at Thomas og jeg ville se hvor mange anmelderklisjeer vi kunne klare å presse inn på minimalt med plass» (e-post 29.10.2007).

Ifølgje Brostigen fekk Nei til EU sine medlemmer hakeslepp av boka, og leiinga fekk kritikk for å ha laga ei bok med skjønnlitterære innslag (s. 7). Han meiner kritikken kom av at tusenvis av medlemmer hadde borte tonnevis av bøker, argumentsamlingar, som Brostigen kallar det (s. 8), over heile landet, bøker dei syntest for det meste inneheldt irrelevant tekst. «Det er ikke alle som er så mcluhanske i huet at de tenker at ”the medium is the message”,» seier Brostigen (sst.).⁵⁵ Å laga boka og bera ho rundt til kvar einaste postkasse var ein stor del av poenget med utgjevinga. Ingen venta seg dette frå Nei til EU. *Lesebok* var ein demonstrasjon av organisatorisk kreativitet og kraft, seier Brostigen.

Erling Folkvord, stortingsrepresentant for RV, må derimot ha vore ganske mcluhansk i hovudet. Etter statsminister Brundtlands orientering til Stortinget om resultatet av tingingane om norsk medlemskap i EU, gjekk han opp på talarstolen og deklamerte Gro Dahle sitt dikt ”Revens tale”, som stod på trykk i *Lesebok*. Opplesinga av diktet, som handlar om reven (EU) sitt tilbod til haren (Noreg) om å koma «inn i denne halsens delikate portal» og kjenna «drøvelens berøring» skapte latter og god stemning både mellom ja- og nei-representantane i salen.⁵⁶ Folkvord var ikkje nøgd med tingingsresultatet og hevda at «det å bli spist er en negativ prosess».

⁵⁵ Brostigen viser til den kanadiske kommunikasjonsteoretikaren (m.a.) Marshall McLuhan, opphavsmannen til uttrykket «the medium is the message».

⁵⁶ ”Humor og diktlesing etter Gros EU-redegjørelse”, NTB, 17.3.1994. Då ei kvinne på fylkesårsmøtet i Nord-Trøndelag Ap las opp det same diktet frå talarstolen, var ikkje reaksjonane dei same frå leiar i Ap Torbjørn Jagland. Han fortalde kva han syntest om nei-sida: «Folk som Folkvord og Edvard Hoem og andre på den fløya der, de gikk for ti år siden i 1. mai-tog i Torggata med bilde av Stalin. De forsvarte de mest grufulle diktatorer i verdenshistorien, Stalin og Pol Pot i Kambodsja. Skal de nå stå fram og tolke dagens virkelighet?» (”Stalin og Pol Pot inn i EU-debatten”, NTB, 17.4.1994.)

4.1.6 Oppsummering: Brostigen, Nøst og lesaren

Tor Brostigen ville gje lesarane av *Lesebok* argument «som de kan forstå, noe annet enn å gjengi» (s 53). Han ynskte å forankra teksten i faktiske EU-dokument for å gje folk tryggleik når dei skulle argumentera mot EU, gje dei «noe helt annet å tygge på, mye mere mat» (sst.). Vi har sett at det var eit uttala mål å driva folkeopplysning med boka (jf. også namnet *Lesebok*). Men Brostigen synest ordet ”folkeopplysningsprosjekt” brukt om *Lesebok* er eit «litt svært ord», og kallar det «om ikke et dannelsesprosjekt så i alle fall et meningsdannelsesprosjekt» (s. 52).⁵⁷ Ynsket om å gje folket nyttig lesestoff er uttrykk for både eit positivt syn på lesaren (lesaren er ein interessert og potensiell lesar av EU-materiell) og ovanfrå-og-ned-perspektiv (lesaren må bli opplyst). Uansett var ikkje boka for alle: Brostigen meiner at ho var for over gjennomsnittlig interesserte, og at effekten vel var størst «på kulturelt eliteplan» (s. 26). Arne Nøst meiner Nei til EU hadde ein viss sjølvtilitt på vegner av massen eller folkebreidda når dei rekna med at alle i Noreg skulle vera interesserte i *Lesebok*. Det ligg naturleg sjølvtilitt og autoritet bak det å alludera til eit normert leseverk.

Sjølve utdelinga av boka kravde folkeleg deltaking, og boka var tenkt å vera ein bruksgjenstand. Folk skulle leggja sine egne ord oppå, som Brostigen sa – det er nesten noko interaktivt ved det. På liknande vis inviterer Nøst til deltaking gjennom å minna lesarane om dei tomme sidene i gamle dagars lesebøker, dei som er til å kladda på. Nøst teikna korpsspelarar og folkeeventyrfigur på framsida, og folk skulle sleppa å tolka illustrasjonane for mykje.

Det er fleire aspekt ved *Lesebok*-utgjevinga som kan kallast litt elitistiske. Arne Nøst meiner kanskje 20–30 % av dei som fekk *Lesebok*, har eit forhold til ein av dei skjønnlitterære forfattarane (s. 3). Og eit av måla med utgjevinga at nei-sida skulle få hegemoni i kulturlivet. For det tredje skulle Nei til EU-tillitsvalde ville få sjølvtilitten sin styrkt når dei såg *Lesebok*. Som Kjell-Erik Kallset har peika på, var mange av dei aktive i Nei til EU del av ein politisk elite. Dei skulle vera opinionsdannarar, instrument for å nå ut til folket.

På den eine sida ser vi at Nei til EU ville gjera teksten tilgjengeleg gjennom faktaopplysningar til hjelp og bruk ”for egne meningar”, på andre sida kan signaleffekten av noteapparat kanskje vera overakademisk eller elitistisk. *Lesebok* var både i form og innhald ein symbolsk maktdemonstrasjon («the medium is the message», som Brostigen seier [s. 8])

⁵⁷ I rapporten om informasjonsarbeidet til Nei til EU i 1994 skriv Kallset at *Lesebok* stod i «norsk folkeopplysningstradisjon» (1995:1).

og ei elitedlemshandbok. Boka tok i mindre grad omsyn til ”vanlege folk” og tvilarar si potensielle interesse for nei-saka (sjølv om Nøst hevdar at målgruppa også inkluderer tvilarane). Det finst kanskje ein viss monn av paternalisme i *Lesebok*, som vi har sett Nøst peika på: «Spis grauten din, det er det beste for deg.» Hans Gudmund Tvedt, som forfatta teksten i Europabevegelsen sin brosjyre, målber mykje av denne kritikken: «Når det gjelder den leseboken så tenkte jeg at den ikke var veldig folkelig, at den kanskje var litt for elitistisk til å være effektiv» (s. 36). Han held fram:

Noe av det var sikkert ganske slagkraftig, og noe av det mener jeg å huske var ganske akademisk. Jeg tror at hvis jeg hadde vært en som ikke var veldig vant til å orientere meg ut fra tekst, så ville jeg blitt litt overveldet og neppe funnet fram til det som kanskje hadde mye å si meg (intervju med Tvedt, s. 37).

Arne Nøst meiner òg *Lesebok* godt kunne vore meir folkeleg. «Hvorfor kunne det ikke vært et bilde av han i D.D.E da, hvis han var oppe og gikk på den tida der, et foto der han spiller, og så snakkeboble: ”Æ e mot EU, æ, sjø”» (s. 38).

4.2 Steg 2: Kven er «vi»? Pronomenbruk

4.2.1 Vi, oss og vår

Vi såg at vi-et i *55 minutter* stort sett viste til ein politisk handlekraftig aktør med politiske interesser og politisk makt, og at det ved få høve handla om eit folkeleg eller ålment vi.

Vedlegg 2 viser førekomsten av personlege pronomen i *Lesebok*, fyrst «vi/oss» og «vår/vårt/våre». Mellom dei 29 «vi» i *Lesebok* viser elleve av dei til Nei til EU (38 %), ti til staten (34 %, ein av dei viser til stat og kommune), to til folket eller Nei til EU (7 %), fire til ”folket” i ei eller anna form (folket, alle, alle europearar eller veljarar/folket, 14 %), ein til Nei til EU-medlemmer og ein til politikarar (3 % kvar). Vi ser altså at Nei til EU er sendar-vi i nesten halvparten av «vi»-førekomstane, og at vi-identiteten også ved mange høve er statleg.

Nesten 18 % av «vi»-tilfella i *55 minutter* viste til eit felles «vi». Om vi slår saman folket / Nei til EU med folket/alle-kategoriane, får vi 21 %. Det er med andre ord ikkje så stor skilnad på omfanget av eit ”folke-vi” i *55 minutter* og *Lesebok*. Skilnaden mellom dei to tekstane er denne: I *Lesebok* opptre sendaren oftare som «vi» enn i *55 minutter*, og i *55 minutter* viser vi-et svært mykje oftare til eit statleg «vi» eller ”politikar-vi”. Det har truleg med forfattarane å gjera: *55 minutter* er skriven av byråkratar og politikarar, *Lesebok* er skriven av Nei til EU (sakprosaetekstane).

Jamført med *55 minutter* er det ikkje mange ytringar med «vår/vårt/våre» i *Lesebok*. Vi finn «våre synspunkter» (s. 7), «våre medlemmer» (s. 7), «etterkomarane våre» (s. 19), «våre reglar» (s. 19), «våre fiskeressurser» (s. 75), «våre folkevalgte» (og «vår postgirokonto», s. 99). Det er for få førekomstar til å gruppera desse koplingane på nokon måte. *55 minutter* skaper identitet og tilhøyrse ved å kopla det som er vårt, til naturressursar eller politisk system, medan *Lesebok* ikkje viser så stor trong til det.

4.2.2 Norsk og Norge

I *55 minutter* vart det norske hovudsakleg presentert som Noregs naturressursar, økonomi og industri. Gjer forfattarane av *Lesebok* det same? I vedlegg 2 er alle ytringar med «norsk(e)/Norge(s)/Noreg(s)» lista opp.

I motsetnad til i *55 minutter* finst det berre éin referanse til økonomi i *Lesebok*, nemleg ein førekomst av frasen «norsk økonomi». Det finst ingen samanstellingar av «norsk» og noko som har med naturressursar eller industri å gjera. Ordet «norsk» blir oftast sett saman med institusjonelle, politiske ord av typen «grunnloven», «regjeringen», «domstoler», «lovforslag» og ikkje minst «(EU-)medlemskap» (fem gonger). Ved eit par høve blir det norske knytt til «folk»/«folket», «lokalsamfunn» og «forfattere». Vi ser altså at det heller ikkje i *Lesebok* blir konstruert norsk identitet som har med kultur å gjera (norsk kultur blir til gjengjeld rikeleg representert ved hjelp av dei skjønnlitterære bidraga og illustrasjonane, både faktisk og symbolsk). Som nemnt blir det norske heller ikkje knytt til natur og ressursar. I *Lesebok* blir det norske sett i samanheng med politiske institusjonar. Dette heng truleg saman med det tidlegare nemnde behovet for å byggja autoritet og etos. Det var òg grunn til å framheva norske politiske institusjonar av di EU-medlemskaps spørsmålet for mange på neisida var eit prinsipielt spørsmål om omgrep som sjølvråderett.

4.2.3 Du, dere og deg

Til liks med *55 minutter* inneheld *Lesebok* lite «du» og «deg», og ingen «dere». Vedlegg 2 viser seks førekomstar av «du» og fem av «deg». Ikkje overraskande er desse orda brukte i byrjinga og slutten av heftet: i føreord og innmeldingsblankett. I føreordet vender Nei til EU seg direkte til lesaren og fortel kvifor han eller ho har fått denne boka, og kjem med ynske om at boka skal spora til aktivitet. På innmeldingsblanketten appellerer organisasjonen til lesaren om å melda seg inn i Nei til EU eller gje ein gåve. Også i *55 minutter* er «du» berre brukt i byrjinga eller slutten av boka. I kapitlet om *55 minutter* peika eg på at det ved fleire høve i føreordet kunne blitt brukt du-form i staden for t.d. det generelle «mange» («[m]ange

er opptatt av at økonomisk vekst går ut over miljøet» [RIES s. 15, mi uth.]). Dette gjeld ikkje i like stor grad i *Lesebok* sitt føreord.

Det er stor likskap mellom *55 minutter* og *Lesebok* på dei områda eg har undersøkt i steg 2. Ein kunne venta seg lite direkte tiltale frå forfattarane av *55 minutter*, som er byråkratar med oppdrag å informera om Noregs tilhøve til EU. Noko meir overraskande er det at ein interesseorganisasjon som Nei til EU ikkje nyttar meir direkte tiltale, som i til dømes ein valbrosjyre. Noko av grunnen til at det ikkje er større skilnad på hefta kan vera at Nei til EU freista å skaffa seg same autoritet som regjeringa i EU-saka, og søkte dette gjennom same distanserte språkføring. Vi har sett at Tor Brostigen hevdar at det var ein medviten strategi i Nei til EU å gjera teksten så sakleg og faktabasert som mogleg. Regjeringa hadde stor definisjonsmakt, så målet vart å få sannsynleggjort at Nei til EU hadde gode argument.

4.3 Steg 3: Kven talar? Agensskjuling

Vi såg i førre kapittel at *55 minutter* inneheld fleire ytringar der den handlande eller ansvarlege i ytringa blir skjult (agensskjuling). Dette kan vi finna t.d. i setningar med passivkonstruksjonar, men det er mogleg å ”gøyma” den handlande i ei ytring også der det finst eit identifiserbart subjekt. Konsekvensen av agensskjuling kan vera at årsakstilhøve t.d. i politikken blir skjulte for lesaren eller framstelte som noko naturleg og uunngåeleg. I *Lesebok* har eg funne lite agensskjuling, og ingen av dei identifiserte ytringane (som vist i vedlegg 2) er det eg vil kalla «problematiske», med unnatak for «[m]ange mente at dette var et partsinnlegg, og Stortinget vedtok at det også skulle bevilges penger til informasjon fra Nei til EU og Europabevegelsen» (s. 7), som står i føreordet til boka. Her kunne ein sjå føre seg at «mange» kunne vore erstatta med t.d. «Nei til EU og nei-partia på Stortinget», slik at lesarane fekk eit tydeleg bilete av interesse motsetnadene i EU-saka.

4.4 Steg 4: Kor viss er den som talar? Bruk av modalitet

Eg vil no undersøkje modaliteten (talaren eller forfattaren si haldning til det han eller ho seier) i dei setningane eg allereie har analysert pronomenbruken i. Påfallande ved *55 minutter* var at eg ikkje fann modalitet realisert med adjunkt (ord som «sannsynlegvis», «kanskje» eller «sikkert»), men ved finitt verbal (ord som «kan», «skal» eller «må»). Det same gjeld for *Lesebok*: Det finst ingen adjunkt i dei undersøkte setningane, og den modaliteten som finst, er oftast realisert med finitt verbal, som i «[v]i tror at forfattere og andre kunstnere *kan reise* problemstillinger som *kan være* en kilde til ettertanke og diskusjon også i denne

sammenhengen» (s. 7). At det ikkje finst modalitet realisert av modale adjunkt, kan gje *Lesebok* eit meir formelt preg, som vi òg såg var tilfelle med *55 minutter*.

Modalitet kan bli uttrykt på andre måtar enn ved finitt verbal eller modale adjunkt, som t.d. «[d]en viktigaste oppgåva er å sikre livsgrunnlaget for etterkomarane våre» (s. 19). Også i *55 minutter* fanst bruk av ordet ”viktigaste”, men med ein litt annan innfallsvinkel: «En av de viktigste utfordringene vi står overfor i dag er å sikre investeringer i Norge» (s. 7). *55 minutter* sin modalitetsbruk er basert på praktisk forståing av reglement, kva vi «kan» om vi blir medlemmer av EF, eller kva som «vil» skje, basert på det at vi *vil* ha rett til å vera med og ta avgjerder dersom vi er medlemmer, t.d. I *Lesebok* viser forfattarane ei anna haldning til framtida i EU: «EU har sagt at dei *skal* prøve å kome opp på same nivå, men vi har ikkje fått garantiar om at vi *kan* vedta eller behalde strengare miljøreglar (s. 19)». Der det i *55 minutter* blir hevda at «[d]et har vært antydnet at Norges netto bidrag *kan* bli mellom 3 og 4 milliarder kroner» (låg modalitet, s. 9), heiter det i *Lesebok*: «Noreg *må* betale mellom 3,5 og 4 milliardar kroner netto til EU kvart år dersom vi blir medlem – ei medlemsavgift på nesten tusen kroner for kvar innbyggjar» (høg modalitet, s. 31).

Den modaliteten som finst, er låg (14 ytringar) og høg (fire ytringar). Den høge modaliteten finn vi i ytringar som handlar om at informasjon om EU ikkje er nøytral («Vi mener at informasjon i EU-saken *vanskelig kan* bli helt nøytral, s. 7»), at vi som veljarar skal gjera eit viktig val, om Noreg som deltakar i verdssamfunnet, Noregs tilskotssum i EU, Noreg som brubbyggjar for fred, og handlefridomen vi treng for å vera ein slik brubbyggjar («Dersom Noreg også i framtida skal vere ein brubbyggjar i slike konflikhtar, må vi ha handlefridom til å føre ein sjølvstendig utanrikspolitikk» [s. 48]). Den høge modaliteten i ytringa om ladd EU-info og om valet alle i Noreg skal gjera, finn vi i føreordet i *Lesebok*. Den heng sjølv sagt saman med Nei til EU sitt sterke ynske om at lesarane skal forstå kor viktig saksfeltet dei skal setja seg inn i, er. Der høg modalitet i *55 minutter* berre vart brukt i delen om miljøpolitikk, brukar altså forfattarane av *Lesebok* høg modalitet også på andre område.

4.5 Steg 5: På kva for ”stader” går talen føre seg? Topos-bruk

Vi har sett at *55 minutter* inneheldt to formuleringar som gjekk att i teksten og som danna ”stader”, eller topoi, i teksten. Desse stadene kan vi sjå på som uttrykk for det som står på spel i teksten. I *55 minutter* galdt det truleg å overtyda om at vi ”stod andsynes utfordringar”, og at vi ”anten vi vil eller ikkje” ville bli påverka av det som skjer i EU. I *Lesebok* sine sakprosaetekstar er det særleg tre ”stader” som blir danna i teksten.

1. ”EU sitt regelverk er overordna det nasjonale”:

EUs regelverk er overordnet all nasjonal lovgivning (s. 10).

Hele EUs regelverk vil være overordnet alle beslutninger i Stortinget og ved norske domstoler, dersom Norge blir medlem i EU (s. 60).

Det er Domstolen selv som har slått fast prinsippet om at regelverket i EU er overordnet alle lover og domsavsigelser i medlemslandene (s. 61).

2. ”Medlemslanda mister fridom til å gjera vedtak som strider mot EU sine reglar”:

Medlemslandene kan ikke fatte beslutninger som strider mot EUs regelverk (s. 9)

Nasjonalforsamlingene i medlemslandene er bundet av vedtakene som Rådet fatter, og de kan ikke gjøre vedtak som strider mot Rådets beslutninger (s. 60).

Men det forutsettes at disse beslutningene ikke strider mot EUs felles regelverk, og det er dermed EU som avgjør hvilke typer beslutninger parlamentene i medlemslandene kan fatte (s. 76).

3. ”EU grunnlovsfestar den økonomiske politikken”:

Unionstraktaten fastlegger derimot hvilket økonomisk system som skal gjelde i EU, og ”grunnlovsfester” hovedtrekkene i den økonomiske politikken som skal føres (s. 10).

EU har grunnlovsfesta målet om tradisjonell økonomisk vekst, som skal skapast ved hjelp av ein fri marknad og ein økonomisk og pengepolitisk union (s. 19).

Alle tre topoi har med demokrati og styring å gjera. Dette samsvarar med funna til Schymik om nordisk EU-motstandsdebatt som dominert av diskusjonen om sentralisering og manglande demokrati i EU framfor økonomiske argument og motiv, som nemnt i kapittel to.

4.6 Steg 6: Kven er lesarane i teksten? Oppbygging av modellesarane

4.6.1 Modellesar 1

Eg har i *Lesebok* identifisert ein modellesar med desse kjenneteikna:

4.6.1.1 Modellesaren er leseglad

Tittelen *Lesebok* sender eit tydeleg intertekstuel signal. For dei som las Nordahl Rolfsens lesebok på skulen, det vil seia alle som gjekk på barnesteget fram til 1950-talet, er *Lesebok 1994* ein tittel som vil vekke minne om skuledagane og tekstane i denne typen bøker. For dei som har gått på skulen etter krigen og las Torbjørn Egner sine lesebøker, er lesebok også eit kjent fenomen. Det finst ein viss oppsedande tone i boka, som kan minna om

skuleboksjargong. Teksten «Europa» startar t.d. med følgjande ytring: «Europa er et mangfold av ulike folkeslag og kulturer, et kontinent som strekker seg frå Atlanterhavet til Ural» (s. 9). Også skjønnlitteraturdelen har døme på oppsedande formuleringar. Før Cyrano de Bergerac slepp til med replikkane sine, omsette av Halldis Moren Vesaas, blir vi fortalde at Edmond Rostand har skrive eit «svært velkjent skodespel» om mannen (s. 27). *Lesebok* fortel at folk skal læra, dei sit på skulebenken.

Boknamnet gjev eit signal om at boka er for alle. Men ikkje alle har positive kjensler knytte til lesing og skule. *Lesebok* som tittel kan peika mot ein modellesar som likar lesnad, likar å sjå på seg sjølv som ein som les, og set pris på den typen bokverk *Lesebok* representerer.

Det kan hevdast at denne modellesaren responderer på eller har ”lærerverdier”, eller offentleg sektor-verdier. Vi såg i situasjonskontekstskildringa i steg 1 at illustratør Nøst parafraserte *Lesebok*-bodskapen med eit «du bør lese det» og «les boka di, nå», oppmodingar frå ein lærar til ein elev. Modellesaren tilhøyrrer kanskje det vi kan kalla ”utdanningsmiddelklassen” og arbeider kanskje innanfor utdanning eller deler verdier med denne sektoren.

Noteapparatet i *Lesebok* kan støyta bort lesarar som ikkje er vane med å lesa akademiske tekstar, og dei omfattande referansane ber bod om ein modellesar med høgare utdanning. Det er også mogleg å sjå noteapparatet som etosbyggjande: Det gjev truverde. Modellesaren kan i så fall vera ein skeptikar som ynskjer å sjå at Nei til EU har prov for påstandane sine.

I steg 1, om situasjonskonteksten, såg vi at forfattar Brostigen ville at faktatekstane i *Lesebok* skulle vera magre, slik at folk kunne fylla inn sine egne ord. «For mye additiver» (s. 20) i ein tekst ville gjera dette vanskeleg. Dette peikar mot ein modellesar som evnar å fylla inn dei tomme stadene, ein lesar som ikkje treng å få ting inn med teskei. Måten tekstane i boka er sette saman på, krev òg sin lesar: Samanlikna med *55 minutter* og *Skjønnheten* er ikkje *Lesebok* ein samanhengande tekst. For mellom faktatekstane møter lesaren skjønnlitterære tekstar som bryt kontinuiteten i *hard facts*-lesinga. Ho er heller ikkje samanhengande retorisk sett: Tematisk sett skjer det ei form for innsnevring frå det store («Europa» som fyrste faktatekst) til det små og nære («Nærhet» og «Arbeid» som dei to siste) i boka. Men til skilnad frå dei to andre hefta er kvar faktatekst ei sjølvstendig retorisk eining. Det finst ikkje nokon slutt-tekst som summerer opp hovudbodskapen i *Lesebok*. Den siste teksten i boka, «Arbeid», er ingen grand finale, men sluttar med å peike på at ulike europeiske land kan

trenga ulike pengepolitiske tiltak, noko EUs pengepolitikk ikkje tek omsyn til (s. 88). Siste tekst i *55 minutter*, om sjølvråderetten, oppsummerer og konkluderer med at vi vil ha avgrensa påverknad på EU utanfor unionen, men vi vil bli påverka av avgjerdene til EU sjølv om vi ikkje blir med. *Skjønnheten* sluttar med ei oppsummering av kva som fører til fred i Europa, ideen bak EU: «Kulturelt og politisk samarbeid over landegrensene, handel, fri bevegelse av mennesker og verdier [...] Ta parti for kreftene som fremmer freden – si JA til Europa!» (s. 16). Lesaren på jakt etter det viktigaste i *Nei til EU* sin argumentasjon vil som sagt ikkje finna det på dei siste sidene, slik som i dei to andre brosjyrane, men må kunna ekstrahera det frå dei sju ulike faktatekstane. Dette peikar mot ein lesekompetent modellesar.

Undersøkingane i steg 2 om pronomenbruk viste at faktatekstane i *Lesebok* ikkje inneheld direkte tiltale til lesaren i form av «du» og «deg». Modellesaren i *Lesebok* kan altså ikkje vera avhengig av ein tekst med appellativ tone og aktiv invitasjon og lesarhjelp av dette slaget. Modellesaren aksepterer og likar at den typen tekst han eller ho les, er ein autoritativ faktatekst.

Som eg har vore inne på, handlar fleire av dei skjønnlitterære tekstane om *draumen*, noko som truleg tiltalar den leseglade. Fleire av dei peikar mot ein lesar med spesifikk litterær eller intertekstuell kompetanse. Inger Elisabeth Hansen tileignar diktet sitt, «Taket på tilværelsen», til ein diktar som truleg er ukjend for dei fleste: Gelman (s. 83). Olav H. Hauge fortel på Håvamål-vis om den norrøne heltefiguren «Orvar-Odd». Vi møter namn som «Arjuna» (s. 67), ein helt frå hindu-skriftet *Mahabharata*, ein intertekstuell detalj som vel heller ikkje kan reknast som ålmennkunnskap. Karsten Alnæs *namedroppar* diktarane Pirandello og Petrarca, og «betroelsene til Camus og Heine, bønnene frå Frans og Anne Frank, jubelen til Händel og Mozart» (s. 14–15). Attåt den spesifikke intertekstuelle kompetansen har modellesaren òg ein viss tolkingskompetanse. Både Eldrid Lunden, Vigdis Hjorth, Torgeir Schjerven, Paal-Helge Haugen og Ragnar Hovland har skrive komplekse tekstar som kan vera vanskelege å tolka. Schjerven sin tekst har absurde innslag (ingen reagerer når nokon skyt på eg-personen på ein restaurant) og passasjar som

”Menneskene underholder seg med psykologi og sprangridning, pornografi og spikerslag, margarin og begjær og mye annet. Gi meg rett når jeg likevel påstår at intet i popularitet kan måle seg med å pleie omgang med sprengstoffer” (*Lesebok* s. 46).

Felles for dei skjønnlitterære tekstane i *Lesebok* er at ingen av dei er spesielt «folkelege». Dei fleste av tekstane krev ein del tolking. Det som truleg er lettast å forstå for ein urøynd

litteraturlesar, er stykka til Faldbakken, Solstad, Steen, Fosnes Hansen og Vik. Dei føreset ikkje nokon spesiell intertekstuell kunnskap, og språket deira er lett å forstå. Faldbakken set ord på redlsa for at Åkersvika ved Hamar skal bli ureina. Solstad flyg over Noreg og fortel lesaren dette ved synet av Setesdal: «Jeg må røpe at eg kjente stor glede» (s. 37). Steen omtalar Wergelands samfunnsverksemd, som dei fleste i Noreg vel har høyrte om. Fosnes Hansen er den einaste forfattaren som eksplisitt gjev uttrykk for nei-standpunktet sitt, i ein sakprosatext. Viks forteljing har ei eventyrdrakt – og lesaren forstår ekspansjonsproblematikken i EU gjennom konsekvensane for salamanderen Sally når dammen ho bur i, blir utvida.

4.6.1.2 Modellesaren har høg kulturell kapital

Tekstane i *Lesebok* krev ein del tolking, men er ikkje heilt uforståelege heller. Fleire av dei skjønnlitterære bidraga er kanskje det Espen Ytreberg (2004:7) kallar *middelkulturelle*: Middelkulturen er kjenneteikna av «kombinasjonen av moderat sofistikert form og dyptloddende innhold». Vekt på dei ævelege sanningane og universalisering er middelkulturelle verdiar, hevdar han. Middelkulturen byr berre på passeleg motstand, men skammar seg ikkje over det. Han har fleirtalet bak seg, «selvbevisst snarere enn engstelig, offensiv snarere enn defensiv» (2004:8), og er folkeleg, egalitær og inkluderande. Utvekslinga mellom lågkulturen og middelkulturen er ukomplisert, for dei har felles kommunikative register: det folkelege og ekte. Det sterke sosialdemokratiet og motstanden mot sentralisering førte til at eliten i Noreg vart svak og splitta, hevdar Ytreberg. Alliansen mellom norsk egalitær, anti-sentralistisk politikk og norsk middelkultur dominerer i Noreg: Vi er alle middelkulturelle.

Arne Nøst sine illustrasjonar er kan henda også middelkulturelle. Korpsspelarane og dei andre musikarane han har brukt som motiv, er samlande, ålmenne og attkjennelege motiv. Samstundes er dei halvabstrakte, slik at det ikkje skal vera for lett å sjå kva bileta viser. Dei er ikkje for avantgardistiske, men dei er nonfigurative nok til å bli identifisert som «kunst».

Trass i at *Lesebok* slik kan tolkast som middelkulturell, vil eg understreka at ho likevel krev eit visst nivå av det den franske sosiologen Pierre Bourdieu har kalla ”kulturell kapital”, og at det ikkje held å ha gjennomsnittleg interesse og kulturelle føresetnader for å fullt ut verdsetja teksten. Hjå Bourdieu er kapital ei form for verdi som omfattar ressursar og ressurstilgang på ymse felt. Kapital kan vera symbolsk (som Bourdieu er mest oppteken av) eller økonomisk. Kulturell kapital er tett knytt til omgrepet sosial kapital, som tyder «det som av sociala

grupper igenkännes som värdefullt och tillerkännes värde» (Broady 1991:169).⁵⁸ Høgare utdanning, kjennskap til klassisk musikk og litteratur og evne til å konversera lett i sosiale samanhengar gjev høg kulturell kapital i dei fleste moderne utdanningssamfunn. *Lesebok* sender mange signal om dette. Forfattarane i *Lesebok* er ikkje kanoniske i streng forstand: Her er ikkje noko av Ibsen, Bjørnson eller andre som breie lag av folket kjenner frå skulegangen. I *Lesebok* finn vi heller ingen krimforfattarar eller forfattarar som skriv innanfor andre folkelege sjangrar, à la Margit Sandemo.

Nynorskforlaget Det Norske Samlaget står som medutgjevar av *Lesebok*. Det er grunn til å hevda at modellesaren er litteraturinteressert og kanskje jamvel kjenner til dette forlaget. Nynorskingane i *Lesebok* har eg i 4.1.1 Skildring av heftet karakterisert som periferiforfattarar, utan at det automatisk gjer dei meir folkelege enn dei bokmålsskrivande sentrumsforfattarane. Fleire av nynorskforfattarane er det som må kunne kallast ”avantgardediktarar”, t.d. Lunden, Økland og Haugen. Mange av dei skjønnlitterære tekstane i *Lesebok* peikar såleis mot at modellesaren har høg kulturell kapital.

4.6.1.3 Modellesaren er 68-ar

Vi har sett at dei fleste av forfattarane av dei skjønnlitterære tekstane er fødte på 40- og 50-talet. Dei er del av sekstiåttargenerasjonen. Sekstiåttardominansen i *Lesebok* vart påpeika, mellom anna av Per Egil Hegge, som meinte at ein burde stilla visse krav til kvaliteten på *Lesebok*, «selv om man jo gjerne legger lista lavt for diktere som plaget oss og ødela sitt ettermæle med sine trosbekjennelser til 1970-tallets hildringer» (Aftenposten, 7.3.1994).

Lesebok-forfattarane Solstad, Lunden, Økland, Vold og Haugen var tilknytte sekstiåttartidsskriftet *Profil*, som m.a. var med på å gjera Olav H. Hauge kjend. Fløgstad var seint på syttitalet tilknytt tidsskriftet *Basar* saman med Vold og Økland. Desse forfattarane var del av utdanningsrevolusjonen og politiseringa i kjølvatnet av han. Boka utstrålar som nemnt utdanningsverdiar kombinert med EU-nei. Nei-et i 1972 vart forklart med politiseringa som kom med utdanningsrevolusjonen. Mange jamnaldringar av desse forfattarane har nok særleg sans for dei. Mange av dei som var aktive i EU-kampen i 1972, var også aktive i 1994. Denne boka appellerer nok meir til dei enn til 20-åringar som vart politiserte i 1994.

⁵⁸ Bourdieu var motviljug når det gjaldt å gje eksplisitte definisjonar av eigne omgrep. Difor viser eg til Donald Broady sitt verk om Bourdieus forfatterskap.

Vi såg òg at det var ein viss balanse mellom kvinner og menn, sentrum- og periferiforfattarar og målformer i tekstane. Vi kan seia at *Lesebok* målber verdiar som kjønnskvotering⁵⁹, distriktpolitikk, solidaritet og demokrati, mykje i tråd med det statsvitaren Ronald Inglehart har kalla ”postmaterialistiske verdiar”. Han har hevda at det har gått føre seg eit verdiskifte mellom generasjonane i framskridne vestlege industrisamfunn frå 1970-talet til i dag: Før prioriterte ein fysiske behov og tryggleik høgare, no legg ein meir vekt på tilhøyrslø, identitet og livskvalitet (Inglehart 1990:66). Ideen om mangfald som kjem til uttrykk i fleire av dei skjønnlitterære tekstane (som vist i 4.1.2 Forfattarane), kling også godt saman med dei ”postmaterialistiske verdiane” i *Lesebok* (lokaldemokrati, sjølvråderett, økologi og kvinnepolitikk) og er med og byggjer opp denne modellesaren. «Makt» og «Velferd» fortel om høvesvis dårleg kvinnerepresentasjon i EU-kommisjonen og korleis minkande velferdsgode går ut over kvinner, noko som tyder på at modellesaren er kvinnepolitisk engasjert. Tredje verda-politikk høyrer også med i ei slik politisk ”pakke”. Utbyting av den fattige delen av verda er eit viktig motiv i to av tekstane, «Europa» og «Framtid», og i «Velferd» blir det hevda at den økonomiske og pengepolitiske unionen kan «auke forskjellane mellom dei fattige og rike områda» (s. 31). Modellesaren i «Framtid»-teksten er internasjonalt orientert, og solidarisk. Å reisa ytre tollmurar i konkurransen mot USA og Japan råkar utviklingslanda, som fell utanfor samarbeidet (s. 20).⁶⁰

4.6.1.4 Modellesaren er politisk interessert og skulert, og oppteken av demokrati

Vi har sett i steg 2 at det norske er knytt til politiske eller institusjonelle ord i *Lesebok*. Og undersøkingane i steg 5 om topoi synte at ”overordna regelverk”, ”grunnlovsfesting” og det umoglege i å gjera vedtak som strir imot EUs regelverk, var viktige ”stader” i teksten. Modellesaren er kanskje ikkje så næringsorientert eller økonomisk orientert, men er oppteken av demokratiske rettar. Vi såg i kapittel to om kulturkonteksten at nei-sida under EU-kampen var oppteken av å få fram at EU var ein udemokratisk organisasjon. Denne argumentasjonen er sentral i *Lesebok*.

Lesebok byggjer opp ein modellesar som er oppteken av at folket skal ha makt over politikken:

⁵⁹ Mot denne påstanden kan ein seia at balansen mellom sentrum og periferi, kjønn og målform truleg er representativ for kulturfeltet sjølv. Periferiforfattarane verkar t.d. ikkje innkvoterte, men som ”sjølvsgate” val i ei slik bok – dei er mellom dei viktigaste forfattarane i Noreg.

⁶⁰ Muren som bilete blir også brukt på s. 9: «EUs strenge regler og felles politikk fører til at det skapes en ny mur i Europa – en mur mellom de som er innenfor og de som er utenfor Den europeiske union.»

Innbyggerne i EU-landene har dermed ikke innflytelse og kontroll over den forsamlinga som vedtar de viktigste lovene som angår dem. Dette bryter med grunnprinsippet for folkestyret (s. 60). Det er et grunnprinsipp i demokratiet at det er de folkevalgte som vedtar lover. I EU blir lovene vedtatt av organer som ikke er folkevalgte, og EU-lovene går foran alle lovene i medlemslandene (s. 60). EU sentraliserer makta og flytter den fra folkevalgte organ til markedet (s. 75).

55 minutter målber ein annan demokratidefinisjon enn den som kjem til uttrykk i *Lesebok*. For Nei til EU finst demokrati fyrst og fremst på mikronivå: lokaldemokrati, sjølvstyre og nasjonalstatane som største eining. Teksten «Europa» byggjer opp ein nasjonalt orientert lesar som har sans for lokale løysingar og små einingar.⁶¹ *55 minutter* gjev uttrykk for orientering mot makronivået: overnasjonalt demokrati, mellom anna grunngjeve med utviklinga i Aust-Europa: «Det er likevel en meget krevende oppgave å få i gang den økonomiske utviklingen og hindre nasjonale og sosiale konflikter i de nye demokratiene i øst» (*55 minutter*, s. 30).

Lesaren møter i «Framtid» omgrepet «patent på liv» utan at det blir utdjupa kva dette er og om det er av det gode eller vonde. Modellesaren må respondera automatisk med eit «patent på liv er eg imot!» for at teksten skal fungera og budskapet koma fram, og modellesaren er nok difor del av eit normfellesskap som seier at patent på liv er ein negativ verdi.

I «Krig og fred» blir modellesaren bygd opp som motstandar av blokkpolitikk og tilhengjar av all-europeisk samarbeid gjennom KSSE framfor EU, som berre omfattar 12 land i Europa. «Nærhet» peikar mot ein maktkritisk modellesar som er oppteken av lokaldemokrati, ein open offentleg debatt og er motstandar av ”profittorientering”. For at argumenta for lokalt sjølvstyre skal ha noka kraft, bør modellesaren kjenna at ho har politisk påverknadskraft på eit eller anna plan. For ein lesar som kjenner seg makteslaus, kan det kanskje vera det same om politikarelite som styrer, sit i kommunestyresalen, på Stortinget eller i Brussel.

Titlane på faktatekstane i *Lesebok* er m.a. «Nærhet», «Krig og fred» og «Makt». Dei tematiske tilsvarande titlane til dei to fyrste i *55 minutter* lyder «Distriktene og EF» og «Fred og EF». *55 minutter* har ingen eigen tekst om makt eller styringssystemet i EU. Opplysningar om dette er spreidde i dei ulike oppslaga i heftet. Dei rett nok nok få døma på politisert ordbruk i *Lesebok* er signal til ein ideologisk oppteken, maktkritisk lesar som forstår styringssystemet i

⁶¹ Dette står i kontrast til demokratisynet som kjem til uttrykk i *55 minutter*: «Det som skiller EF fra annet internasjonalt samarbeid, er at landene på bestemte områder er blitt enige om å overføre deler av sin myndighet til felles organer og anvende denne myndighet gjennom felles beslutninger. Det er medlemslandene som styrer den politiske utviklingen av fellesskapet» (s. 8). Nettopp det å «overføre deler av sin myndighet til felles organer» er det *Lesebok* opponerer mot.

EU ikkje som eit demokratisk og fungerande reisverk, men som eit demokratisk problem. Kanskje kan vi seia at modellesaren er oppteiken av dei overordna politiske spørsmåla, prinsipielle spørsmål, til dømes om kven som skal styra. Dette står i motsetnad til den meir daglegdagse sakspolitikken eller ressurspolitikken som er lettare for folk å forstå.

Nokre av dei skjønnlitterære bidraga peikar òg mot ein politikkorientert modellesar. Jan Erik Volds dikt «Jesus var en flyktning fra år null» er lettare å forstå dersom ein har ein viss monn av politisk kompetanse i tillegg til å følgja med i media. Vold kommenterer Lillehammer-OL og krigen på Balkan. Arbeidarpartiet får også passet sitt påskrive:

Når en politimann / bruker et ”lovlig” / nakkegrep, som fører til døden, har / han da // ikke drept / den døde? Hvem har i så fall / drept den døde? Hvorfor skal den dødes mor / betale for spørsmål // norsk rettsvesen nekter / å besvare? Det at politimannen var beruset, har det / ingenting / med saken å gjøre? Hysj-hysj, tenk ikke / høyt, vi er i Folkets / Hus nå! Kan du skjønne at Haakon Lie / tør gå fritt omkring / på gatene i Florida, der det er så mange mord / på utlendinger? [...] Hva er forskjellen / på en modig mann / og Jens Chr. Hauge / Spør etterretningstjenesten – nei, spør / heller CIA / i Washington, der sparer de sine papirer / og gir ærlig svar, 25 år senere (*Lesebok* s. 34–25).

Fløgstad rapporterer frå vitjinga si på Oseberg A, og det heile er ganske forståeleg for ”folk flest”, til vi kjem til dette:

Ved middagsbordet, som står framme i messa til midnatt, saman med komleetande roughnecks og derrick monkeys, er det vanskeleg å ikkje tenka på Enzensbergers diagnose av Norge som ei blanding av fortidsmuseum og framtidslaboratorium (*Lesebok* s. 94).

I tolkinga av denne utsegna hjelper det å vita at den nemnde Enzensberger heiter Hans Magnus til førenamn og er ein tysk forfattar, diktar og samfunnsdebattant. Vi ser altså at både Vold og Fløgstad sine tekstar krev innblikk i samfunns- og kulturspørsmål for å bli forståtte fullt ut.

4.6.1.5 Oppsummert: modellesaren

Modellesaren i *Lesebok* er truleg meir einskapleg enn modellesaren i *55 minutter*. Der eg kunne skilja ut fleire modellesarar i *55 minutter*, har *Lesebok* etter min analyse berre ein, rett nok samansett av fleire, men kompatible, kjenneteikn: utdanningsverdiar, kulturell kapital og politisk interesse. Denne modellesaren vil eg kalla ”68-ar”-modellesaren.

4.6.2 Ikkje-modellesarar

Når ein summerer opp kjenneteikna til modellesaren i *Lesebok*, kan ein lett tenkja seg motstykket, ein ikkje-modellesar som er manuell arbeidar. Men det finst arbeidarlesarar som kanskje kunne vore modellesarar i *Lesebok*. Arbeidarkultur er ikkje berre rullings og lågkulturkonsum, men òg frå gammalt av arbeidarrørsle-kultur med organisert foreiningsarbeid og leseopplæringstradisjonar, der arbeidaren skulle gjerast til subjekt gjennom skulering og lesnad.⁶² Ein kan sjå for seg at Den lesande arbeidaren ville hatt glede av både skjønnlitteraturen og faktatekstane. Sjølv om teksten «Arbeid», der m.a. faglege rettar er omtala, står heilt bak i boka, er dette den lengste av tekstane (tre sider). På nest siste side kan *Lesebok*-lesaren fylla ut ein kupong og tinga materiell frå Nei til EU, og eitt av hefta dei kan få tilsendt, er «Solidaritet eller union. Et hefte sett fra fagorganisertes ståsted». Det er såleis ikkje tilstrekkeleg å slå fast at *Arbeidaren* er ein ikkje-modellesar, denne arbeidaren må definerast nærmare: Han må vera upolitisk og ha låg kulturell kapital.

4.6.3 Målgruppe vs. modellesar

Kjell Erik Kallset fortalde at alliansen mellom distrikta og byradikalarane måtte bli styrkt, og at *Lesebok* skulle bidra til dette. I «Fremtid» blir kvalfangstforbodet til EU trekt fram som døme på minimumsstandardane EU set i miljøpolitikken. Byradikalarar er ikkje mellom dei mest ivrige forkjemparane for norsk kvalfangst. Signalet som blir sendt ved å velja nett kvalfangst som døme i staden for noko anna, tyder på at ikkje berre byradikalarane er modellesarar for *Lesebok*. Og som vi har sett, har eg ikkje funne at byradikalaren er ein spesifikk modellesar. *Den bokelskande lærar-modellesaren på Voss* er like mykje ein modellesar som *Byradikalar-modellesaren frå Oslo*.

Vi såg at Nøst meinte det å gje ut *Lesebok* var å stryka nei-folk med håra for at dei skulle halda ut til folkerøystinga var over. Han meinte òg at lesaren som kunne formulera ein god, retorisk tvil, var i målgruppa. Brostigen trudde boka var mest for nei-folk, medlemmer av Nei til EU og dei over middels interesserte. Men han nemner òg den som berre vil orientera seg litt og ikkje veit så mykje om EU, som ein mogleg lesar. Kallset hevdar om det generelle informasjonsarbeidet i Nei til EU at det var medlemmene, ikkje tvilarane, dei skulle nå. Slik eg har definert ”68-ar”-modellesaren, har denne høg kulturell kapital, er glad i å lesa og er politisk interessert og skulert. Med unntak av Brostigen sin ”orientera seg litt”-lesar er det altså godt samsvar mellom målgruppe og modellesar. Sjølv om eg ikkje har funne at tvilaren

⁶² Sjå t.d. del tre («Den lesande arbetaren») i *Den skötsamme arbetaren* av Ronny Ambjörnsson (1988).

er modellesar i *Lesebok*, høver ”retorisk tvil”-tvlaren til Nøst godt med modellesaren i *Lesebok*: Denne lesaren er truleg kulturelt kapitalsterk.

Modellesaren til *Lesebok* ser altså ut til å ha høg kulturell kapital, slik at det hefter noko elitistisk ved boka. Dette er kan henda rart, sidan nei-sida hentar mange røyster ikkje berre frå dei mest kulturelt kapitalsterke. Ifølgje Bourdieu treng ikkje dette vera eit paradoks: Motstand (t.d. Nei til EU) krev ei viss form for kapital:

Motståndet återfinns inom helt andra områden än de i strikt mening kulturella – och det är aldrig de mest utblottade som står för det. Detta kan man se på alla former av ”motkultur” som alltid [...] förutsätter ett visst kulturellt kapital. Och motståndet tar så oväntade former att det nästan blir osynligt för ett kultiverat öga (Bourdieu 1992:175).

Innsikta i dette sitatet, at motkulturelle uttrykk ikkje treng vera ”folkeleg”, men føreset ein viss monn av kulturell kapital, er tydeleg når det gjeld *Lesebok*. Denne boka kan ein sjå som eit motkulturelt uttrykk mot eliten og deira ja til EU. Men ei slik bok blir ikkje skriven av folk med møkk under neglene. Dei som står bak *Lesebok*, er rike på kulturell kapital, men i EU-kampen er dei allierte med nei-røystarar som sit på mindre av denne kapitalen. Nei-sida var ein allianse mellom akademikarar, funksjonærar, arbeidarar og ikkje minst bønder. Bøndene spela ei viktig rolle på grunn av den økonomiske støtta frå Bondelaget og fordi Senterpartiet var det mest sentrale nei-partiet. Bønder og det (låg)folkelege heng rett nok nær saman historisk, og bonden symboliserer for mange det ”rå” og udanna, men i Norden er bonden òg vel kjend som ein pragmatisk politisk aktør, prega av eit grundtvigsk folkedanningsideal. På eit vis er *Lesebok* kanskje eit bilete på «grundtvigianisme» (Engman 2000:13).

5: Norge møter Europa: Skjønnheten og udyret?

Norge møter Europa: Skjønnheten og udyret? er ein 16 sider lang gjennomillustrert brosjyre i A4-format utgjeven av Europabevegelsen i januar 1994. Europabevegelsen gav kommunikasjonsbyrået Burson-Marsteller i oppdrag å laga brosjyren for dei. Ifølgje dåverande generalsekretær i Europabevegelsen Tor Wennesland var *Skjønnheten* ei av dei trykksakene som var «viktige i valkampinnsputten».⁶³ Dei store brosjyrane som vart sende ut frå Europabevegelsen «oppsummerte alt det ja-sida stod for». Brosjyren hadde eit opplag på 1 million eksemplar (Kallset 1995:34)⁶⁴. Han vart send ut per post til alle husstandar i dei 25 største byane⁶⁵ og lagd ut på stands, seier Wennesland. Ingen av dei eg har snakka med, kan gje meg opplysningar om den totale kostnaden for heftet. Dåverande organisasjonssekretær i Europabevegelsen Trine Radmann fortel at pengane gjekk til trykk, illustrasjonar og tekstproduksjon, i tillegg til det Europabevegelsen la ned i produksjonen.⁶⁶

5.1 Steg 1: situasjonskontekst

I situasjonskontekstskildringa skal vi, som i dei føregåande kapitla, sjå meir på m.a. *deltakarar, føremål og medium* i *Skjønnheten*. Etter ei skildring av heftet kjem tekstskeparane til orde om målgruppe, sjølve teksten og reaksjonane på han.

5.1.1 Skildring av heftet

Utgjevar står på baksida, i lita skrift langs hefteryggen. Der står det også å lesa at Ellen Auensen har laga teikningane og at Burson-Marsteller står bak tekst og design. Framsida er prydd av ei stor karikaturteikning av ”Skjønnheten”, dåverande (1994) statsminister Gro Harlem Brundtland i rosa ballkjole, dansande i armane på det frakkekledde ”Udyret”, Frankrikes president François Mitterand. Baksidediletet er ei mindre teikning av ei fredsdue i tusen knas. Illustrasjonane dominerer *Skjønnheten* i større grad enn dei to andre EU-hefta: Venstre side av dei sju oppslaga er dekte av ei stor teikning, den høgre av tekst, to av tekstsidene har stolpediagram nedst. På s. 2 står eit lite føreord i marginen, og ved sida av dette

⁶³ Telefonsamtale med Wennesland 19.10.2005.

⁶⁴ I telefonsamtale med Wennesland 7.2.2006 opplyser han at brosjyren vart distribuert i 1,5 millionar eksemplar. Organisasjonssekretær i Europabevegelsen i 1994 Trine Radmann hevdar dei tinga ca. 1,4 millionar eksemplar av heftet (e-post 27.11.2007). Etter å ha leita i Europabevegelsen sine arkiv i Riksarkivet (20.2. og 28.3.2006) har eg ikkje funne nokon opplysningar om kor mykje det kosta å produsera og distribuera heftet.

⁶⁵ «Nei til EF har valgt å organisere distribusjonen noe annerledes enn Europabevegelsen, som nøyde seg med å postsende sin fargerike brosjyre 'Skjønnheten og udyret' i de store byene» (”Ny nei-leder klar for langspurt.” Bergens Tidende, 31.1.1994.

⁶⁶ E-post 27.11.2007.

det fyrste oppslaget, med bilete. Føreordet listar opp spørsmål Europabevegelsen meiner er viktige når veljaren skal bestemma seg:

Hvordan går det med velferdsstaten vår? Blir arbeidsløsheten større eller mindre innanfor EU? Får vi mer eller mindre miljøforurensning? Hva skjer med retten til å bestemme over oss selv, og får vi noe å si i EU-samarbeidet hvis Norge blir medlem?

Svara på desse spørsmåla er dei beste grunnane ein kan ha til å svara ja til Europa, skriv Europabevegelsen. Ei omgrepsavklåring kjem så: Europabevegelsen vel å bruka EU, som EF nett har vorte omdøpt til. «'Union' er et gammelt gresk ord og betyr direkte oversatt 'forening' på norsk,» skriv dei (s. 2). Den som vil ha meir informasjon, blir rådd til å ringja eller senda inn kupongen på siste side. Denne slippen dekkjer 1/3 av sistesida, resten er ein "miniversjon" av dei andre oppslaga i heftet.

Illustrasjonane er alle karikaturar med kjende norske og europeiske politikarar i hovudrolla, med unnatak av to: På s. 3, der motivet er ein saueflokk (europearar) og ulvar (europeiske politikarar), og s. 12, som viser ein nordmann sitjande på ei aude øy med forureining rundt seg. Skriftypen i heftet er ein gjennomgåande stor og lesarvennleg seriff.

5.1.2 Forfatarane

Kommunikasjonsrådgjevar Hans Gudmund Tvedt, tilsett i Burson-Marsteller, skreiv teksten i heftet, og grunnideen i heftet var hans. Men han fortel at tekstproduksjonen var ein prosess: Han diskuterte faktagrunnlaget med organisasjonssekretær Trine Radmann og til ein viss grad Wennesland, og samarbeidde tett med illustratør Auensen. Ho vart førespurd av Tvedt. Dei to kjende kvarandre frå Morgenbladet, der Tvedt var kultureddaktør frå mai 1976 til oktober 1980, og Auensen var teiknar.

Tvedt fekk få retningsliner av Europabevegelsen, og vart stilt fritt i det kreative arbeidet (s. 25). Auensen og Tvedt sat i timevis på telefon og diskuterte illustrasjonar og tekstar, og Auensen hadde stor innverknad på utforminga av heftet: «Tekstene ble nok av og til tilpasset litt etter tegningen,» fortel Tvedt (s. 8). Tilhøvet mellom dei var litt som tilhøvet mellom ein tekstforfattar og ein art director i eit reklamebyrå, som sit andsynes kvarandre og jobbar i team og til slutt ikkje veit kven som hadde kva idear, seier han (s. 9). Tvedt meiner grunnen til at Europabevegelsen konsulterte kommunikasjonsbyrå i staden for å skriva teksten sjølv, truleg var at «de mente vi hadde mere kommunikasjonfaglig kompetanse» (s. 24). Men å gje eit kommunikasjonsbyrå i oppdrag å laga *Skjønnheten* var absolutt ikkje ukontroversielt i

Europabevegelsen, meiner Tvedt (s. 24). Trine Radmann seier dei skaffa hjelp frå kommunikasjons- og designbyrå

slik at vi fikk profesjonell hjelp og en sikkerhet for at heftet ble enkelt å forstå og et utseende som gjorde det lesverdig. Vi fikk hjelp av B&M til teksten i heftet, men Europabevegelsen satt hele tiden med ansvaret for den endelige teksten, og B&M jobbet sammen med oss (e-post 27.11.2007).

5.1.3 Målgruppe

«Meningen er å henvende seg til tvilerne. Målgruppen var jo klart tvilerne,» seier Tvedt (s. 29). Også Auensen meiner at målgruppa for *Skjønnheten* var «den mellomgruppen som ikke riktig visste, den lunkne ”kanskje, kanskje ikkje”,» (s. 17), eller den som ikkje gadd å følgja med, som ho seier (s. 18). Også Wennesland meiner det var tvilarane *Skjønnheten* skulle nå. Europabevegelsen skulle med masseutsendingane sine ta dei usikre veljarane, seier Wennesland, og «det var viktig å ta byane».⁶⁷

Heftet har bakgrunn i det såkalla Kvinneprosjektet, der Tvedt og Burson-Marsteller i utgangspunktet var hyra inn for å laga eit konsept retta mot kvinner (s. 1). Hovudtrekka i det som var Kvinneprosjektet, enda seinare opp i form av *Skjønnheten*. Kvinneprosjekt-brosjyren skulle nå kvinner i det han meiner å hugsa var aldersgruppa frå 25 til 40 år, sidan «den mest massive nei-gruppen var kvinner» (s. 1).⁶⁸ Lesaren Tvedt såg føre seg, var «noe mere kvinne enn hun var mann, det tror jeg nok» (s. 28). Denne kvinna hadde «noe utdanning, ikke høyere utdanning, tror jeg. I hvert fall ungdomsskole, kanskje også noe utover det. Enten videregående eller noe yrkesrettet» (s. 28). Tvedt trur ho kunne vore ei av kvinnene i fokusgruppene som Europabevegelsen testa eit utkast av *Skjønnheten* i. Kvinnene i fokusgruppene var nei-folk, somme av dei var tvilarar, og nesten ingen av dei var for EU, seier Tvedt.

Tvedt og medforfattarane hans tok òg utgangspunkt i førestellingar som dei «visste var der» (s. 16), haldningar dei hadde identifisert mellom anna hjå deltakarane i fokusgruppene. Tvedt fortel at dei spørsmåla som står i føreordet i heftet, var dei viktigaste for «det som i utgangspunktet var målgruppen» (s. 3). Tvedt og Europabevegelsen fekk i fokusgruppene stadfesta mange av dei førestellingane dei rekna med at folk hadde (s. 3), m.a. førestellingar

⁶⁷ Telefonsamtale med Wennesland 19.10.2005.

⁶⁸ Det var også fleire kvinner enn menn mellom tvilarane, ifølgje ei ScanFact-måling frå juni 1993 (UD 1993 H).

om Noreg som eit betre land enn dei andre landa i Europa. Kvinnene i fokusgruppa tykte at veldig mykje av alt som er vondt i verda, hadde med EU å gjera, meiner han (s. 4).

Innspela frå fokusgruppene var formande for *Skjønnheten*: «Vi forandret ganske mye underveis ut fra de erfaringene vi gjorde, litt tonen i det. Hvordan folk tenkte og hvordan de formulerte seg. Vi prøvde å fange opp det,» fortel han (s. 3). Nokre av kvinnene i fokusgruppa reagerte på det dei oppfatta som arrogant språkføring i testversjonen dei skulle vurderer, og Tvedt freista å omformulera teksten slik at han vart mindre arrogant i tonen. Tvedt trur likevel at det som fungerer for kvinner, også fungerer for menn, og har ikkje sansen for ein kjønnssegregert kommunikasjonsstrategi. Når det seinare vart slik at *Skjønnheten* skulle sendast ut til fleire enn det dei hadde planlagt med Kvinneprosjektet, måtte dei tenkja mindre målgruppeorientert, seier Tvedt (s. 4). Han trur ikkje det finst så mange spor av den opphavlege kvinnevinklinga i *Skjønnheten*. Men han trekkjer fram valet av kvinnelege politikarar framfor mannlege i ytringa «[h]vis Norge var medlem av EU ville Gro samarbeidet med sosialdemokrater fra andre medlemsland heller enn Kaci» (*Skjønnheten* s. 7) som døme på ynsket om å nå kvinner (intervju med Tvedt, s. 20).

Tvedt meiner dei som verkeleg las heftet og likte det, var folk som var politisk interesserte i utgangspunktet og som i hovudsak sympatiserte med ja-sida (s. 27). Både innanfor SV og Ap, i Venstre, og kanskje i KrF kan ein finna folk som kunne lata seg påverka av *Skjønnheten*, seier Tvedt (s. 20).

5.1.4 Syn på eigen tekst

I kapitlet om *Lesebok* såg vi at denne boka ikkje var meint som noko svar på innhaldet i 55 minutter. *Skjønnheten* var heller ikkje det, fortel Hans Gudmund Tvedt (s. 38). Brosjyren «skulle ikke ligne på noe som de ellers fikk i fanget» (s. 13). Heftet skulle vera originalt og overraskande. Hovudmålet med teksten var å «formidle at EU er egentlig befolket av mennesker som ikke har veldig annerledes mål og prioriteringer enn det vi har» (s. 32), fortel Tvedt. EU er ikkje eit stort og skremmande udyr, men ein organisasjon med eit sympatisk mål som ikkje eingong fyrst og fremst er økonomisk, held han fram. Trine Radmann seier at dei ynskte å ufarleggjera norsk EU-medlemskap og fortelja om fordelane med å vera medlem (e-post 27.11.2007). Illustratør Ellen Auensen meiner òg at målet med *Skjønnheten* var å fjerna redsla for det ukjente, redsla for Europa (s. 25). Tvedt meiner det var viktig at *Skjønnheten* skulle vera humoristisk og kommunikativ.

Dette her skulle for Guds skyld ikke være ondt, det skulle være avvæpnende, ikke sant (s. 5). Dette her skal være enkelt og streit, det skal være ryddig og ufancy. I teksten så har jeg da prøvd å unngå alt sånt tekstforfatteraktig. Det er jo ganske streit og ikke noe forsøk på å være kjekk (s. 10).

Tvedt fortel at dei jobba hardt for at heftet ikkje skulle verka for reklameaktig: Det skulle ikkje sjå ut som eit «glatt» reklamebyrå hadde noko «fikst» for ein «svimlende sum» (s. 15), «hvilket det jo for så vidt heller ikke var, men det er jo fetteren, ikke sant [Tvedt meiner her at kommunikasjonsbyrå og reklamebyrå er som syskenborn – Burson-Marsteller er eit kommunikasjonsbyrå]» (s. 14). Det ufikse språket og den ufikse designen var med vilje, seier Tvedt, for ein må ikkje bruka ei ytre form som motarbeider det ein vil seia og det truverdet ein ynskjer å oppnå, legg han til (s. 15).

Tvedt peikar på at brosjyren liknar ei avis i format, papirbruk og typografi, og illustratøren er attpåtil ein avisteiknar (s. 12). Han meiner brosjyren er «stygt sagt propaganda» (s. 12), men «ganske mye av det er jo ganske sånn udiskutabelt hard facts. Det har jo også et visst preg av opplysningsbrosjyre, da, folkeopplysning» (s. 12). Tvedt synest at teksten hans er «forholdsvis effektiv»: «Dette er ikke en brosjyre hvor man skal vise hvor flink man er, men man skal gjøre en jobb» (s. 40). Tvedt er nøgd med teksten, men meiner han kunne vore endå kortare og strammare (s. 11).

Ifølgje Tvedt skryter teksten meir av Noreg enn det er strengt teke er dekning for (s. 5). Han hevdar i intervjuet at mange leid av vrangførestellingar⁶⁹ når det galdt synet på EU og Noreg. Han hadde, på bakgrunn av tilgjengeleg statistikk, skrive i testversjonen av *Skjønnheten* at Noreg var eit gjennomsnittslan i EU-målestokk når det galdt velferd, men det fann han ut at han ikkje fekk folk til å tru på (s. 5).

Faktisk, hvis du ser på dette her [viser s. 9 i *Skjønnheten*], så ligger Norge temmelig midt på treet i europeisk sammenheng. Det fant vi ut at det nytter det ikke å si, så her står det ”vi er en av de beste velferdsstatene i Europa” (s. 5).⁷⁰

⁶⁹ Også Kjell-Erik Kallset (1995:55) snakkar om vrangførestellingar Nei til EU meinte eksisterte mellom folk. I juni 1994 tok dei kontakt med MMI for å finna ut kva argument som var viktige på ja- og nei-sida: «Dessutan var vi opptatt av å få stadfesta forestillingar vi hadde om misforståingar som var utbreidde blant både ja- og nei-folk, og eventuelt å offentleggjera ei slik måling. På den måten rekna vi med at vi kunne få høve til å tilbakevise vrangførestillingar.»

⁷⁰ I oppslaget om velferd, som Tvedt refererer til (s. 9 i *Skjønnheten*), kjem det likevel godt fram ved hjelp av ulike døme at Noreg ikkje er europameister i velferd. Det Tvedt siktar til, er at han ikkje ville skriva eksplisitt at Noreg er eit gjennomsnittslan.

Auensen, som teikna for ja-sida også under EEC-debatten i 1972, den gongen som karikaturteiknar i Morgenbladet, valde klassiske eventyr som motiv for nokre av teikningane sine. Eventyr er «sånt som alle kan»: Alle skulle kunna skjøna bileta hennar, både intellektuelle og ikkje-intellektuelle (s. 1). Eventyrfigurar er «arketyper som det er veldig enkelt å putte inn symbolvirkningene i,» seier ho (s. 8). Ideen om framsida, med François Mitterand som Udyret og med Gro Harlem Brundtland som Skjønnheten, vart til i ei rulletrapp på Steen og Strøm, der Auensen såg ein plakat for Walt Disneys populære teiknefilm *Skjønnheten og Udyret*. Plakaten fekk Auensen til å tenkja på myten om Zevs som forvandla seg til ein okse og bortførte Europa.⁷¹

Det ur-nasjonale og rustikke, folkekunsten, blir parodiert i Auensen sine teikningar, med «bonderoser og gamle trau og lokk og lur» (s. 22). Desse tinga vart symbol for nei-sida, seier Auensen, men er ikkje så norske som vi trur: Norsk rosemåling er direkte kopi av barokk kunst i Frankrike, fortel ho. Ho ynskte å tøysa med bunader og rosemåling av di dette er del av den europeiske kulturarven (s. 22). Men ho var «forsiktig med bunader», fortel ho, for det er mange i Noreg som har bunad, og ho ville ikkje støyta folk (s. 24).

5.1.5 Debatten på utgjevingstidspunktet

Tvedt hevdar det i 1994 var krefter på ja-sida som ville skremma Noreg inn i EU, slik ja-sida gjorde i 1972. Slik skremselspropaganda er ikkje særleg verksam, meiner han (s. 2). I *Skjønnheten* freista han difor å nytta motsett strategi: å avdramatisera EU. Nei-sida var òg flinke til å laga skremmebilete av Europa, seier Tvedt, og trekkjer fram uttrykket «Annerledeslandet», som dei «brukte for alt hva det var verdt» (s. 2) om Noreg.⁷² Tvedt synest nei-sida delvis hadde saklege og gode argument, men at dei var flinke til å spela på nasjonalisme og framandfrykt hjå nordmenn (s. 2). Tvedt sa dessutan at nei-sida meinte «Norge er litt bedre enn alle andre» (s. 2).

Tvedt meiner han fekk positive reaksjonar på *Skjønnheten*, også frå nei-folk, og har inntrykk av at heftet vart ganske godt motteke (s. 19). Folk var mykje meir opptekne av bileta enn av teksten, seier han (s. 31).⁷³ Auensen fortel at det «virket som folk var veldig takknemlig for

⁷¹ Ifølgje gresk mytologi var Europa (som har gjeve namn til verdsdelen) ei fager kongsdotter som vart forført av Zevs i tyreham (Rian mfl. [red.] 2005:146 [baksida]).

⁷² Jf. note 6 i kapittel 2.

⁷³ Lesaren Nils S. Selvik meinte *Skjønnheten* var lettlesn og informativ, og at han fekk fram budskapet på ein humoristisk og folkeleg måte (Aftenposten, 24.2.1994). Men ikkje alle var like positive. Lesaren Olav B. Brusdal melde dette i Aftenposten 27.1.1994: «Den farvesprakende brosjyren om 'Skjønnheten og udyret' [...] spres nå i byens postkasser, til glede for småbarn som fryder seg over en ny tegneserie. [...] Brosjyrens hovedinnhold er dyretegninger, der kjente unionsmotstandere er avbildet som kaniner, sauer og ugler! [...] All den reelle

at man tillot seg å spøke med dette her» (s. 19). EU-debatten var beinhard, og «det virket litt befriende» å tøysa med politikarane og EU-saka. Tvedt viser til ein VG-test av ulike brosjyrar i EU-debatten (VG, 10.9.1994), der *Skjønnheten* kom godt ut.⁷⁴ Eit panel med tre fyrstegongsveljarar på 18–19 år⁷⁵, som alle tre var tvilarar, vurderte ti EU-publikasjonar. Dette var dommen deira over *Skjønnheten*:

Utseende:

Alle: Useriøst, men tiltrekkende.

Inni:

Alle: Morsomme illustrasjonar, farger og passe lange artikler.

Innhold:

Johanne: Dette er rettet mot lettpåvirkelig ungdom.

Lars: Usaklig og underholdende hele veien gjennom.

Mala: Veldig lett å lese, kanskje litt for lett?

Totalinntrykk:

Lars: Dette er den eneste EU-publikasjonen jeg ikke hadde kastet med en gang.

Mala: Dette ville jeg ha lest.

Johanne: Ikke jeg, dette er bare propaganda.

Johanne meiner at heftet er retta mot ungdom, medan Tvedt, ikkje nemnde ungdom som målgruppe for *Skjønnheten*. Ungdomspanelet responderer positivt på heftet, med atterhald som «usaklig», «for lett» og «propaganda».

5.1.6 Oppsummering: Tvedt, Auensen og lesaren

Ved hjelp av innspela frå fokusgruppene kunne Tvedt laga ein relativt ”demokratisk” tekst, prega av innspel frå folk. Tvedt ynskte å skapa identifikasjon. «Hvis du skal gå inn i en union med noen, så må jo det være ut fra at du har en viss tillit til at dette er fornuftig og de menneskene du skal være i union med, kanskje ikke er totalt forskjellig fra deg selv» (s. 2). Desse haldningane kan vitna om tiltru til folks sunne fornuft. Forfattarane av *Skjønnheten*

informasjon om EU og Norge i denne 16-siders brosjyre ville fått god plass på et dobbelt postkort! Den hovedansvarlige for denne misjonsutgaven er prof. dr. theol. Inge Lønning, leder for Europabevegelsen!»

⁷⁴ Korkje *55 minutter* eller *Lesebok* var med i denne testen.

⁷⁵ Mala Naveen (i dag [2007] Wang-Naveen, journalist i Aftenposten), Johanne Hjorthol og Lars Wettestad.

gjev også uttrykk for at dei er realistiske når det gjeld kor interesserte ”folk flest” er i EU-spørsmålet, og kor mykje tid dei har til å setja seg inn det. Det var eit mål at i alle fall delar av *Skjønnheten* skulle bli lesen. Auensen, som fortel at ho sjølv ikkje orka å lesa alt ho fekk i posten, seier om *Lesebok*:

Jeg kan ikke tenke meg at hver eneste husstand tenkte ”å, nå har boken om EU kommet, nå må vi lese gjennom den”, det er helt utenkelig. Ikke sant, det er fotball på tv. Det er helt utenkelig at noen virkelig satte seg inn i den teksten (s. 38).⁷⁶

Tvedt gjev uttrykk for at teksten fyrst og fremst skulle kommunisera, vera folkeleg og tilgjengeleg. Vi har sett at Tvedt har karakterisert teksten sin som ryddig, enkel, streit, ufancy og effektiv, og at han meiner teksten hans har element av folkeopplysning. Tvedt og Auensen seier dei ville nå fram til folk:

Det [at fokusgruppedeltakarane syntest at EU var skremmande] bestyrket oss veldig på det med å gjøre dette avvæpnende, og vi gjorde den snillere i tonen, og valgte tegninger som var hyggeligere enn vi egentlig hadde tenkt i utgangspunktet (intervju med Tvedt, s. 4).

5.2 Steg 2: Kven er «vi»? Pronomenbruk

Vi skal no sjå på førekomsten av direkte tiltale til lesaren uttrykt ved orda «vi/oss», «vår/vårt/våre» og «du/deg/dere».

5.2.1 Vi, oss og vår

Vedlegg 3 syner dei ytringane i *Skjønnheten* som inneheld dei nemnde pronomena.

Av dei 46 førekomstane i tabellen viser over halvparten (26, eller 56 %) til staten, som i «[v]i kan med andre ord beholde helsevesen, trygder og velferdsordninger på samme nivå, også om vi går inn i EU» (s. 9). Ved fem høve representerer «vi» Europabevegelsen (10 %): «Vi har valgt å bruke betegnelsen EU, der vi tidligere ville skrevet EF» (s. 2). Staten og Europabevegelsen skjuler seg altså bak 67 % av orda til saman. Eit ”folke-vi” finn vi sju førekomstar av (15 %). Døme på dette er ytringa «[d]e fleste av oss har det bra her i landet» (s. 9). Eit «vi» som viser til eit meir ålment «alle» finst det åtte av (17 %), til saman 32 %, til dømes: «Vi skal ikke så mange årene tilbake i historien før landene som nå utgjør Den europeiske union utkjempet den mest ødeleggende krig menneskeheten har sett» (s. 16).

⁷⁶ Som vi såg i kapittel 4, var ikkje Nei til EU åleine om å gje ut omfattande tekstar i EU-kampen. Ja-sida gav også ut ei lesebok, *Det kollektive eventyr*.

Vi ser altså at det oftare enn i *55 minutter* er tale om eit ”folke-vi”. 82 % av det vi kan kalla vi-orda i *55 minutter*, viser til ein handlekraftig, politisk aktør, medan 18 % viste til eit ”folke-vi”. I *Lesebok* såg vi at 21 % viste til eit slikt ”folke-vi”. Med andre ord er det *Skjønnheten* som i størst grad skaper noko som liknar ein mobiliserande folkefellesskap i teksten. Felles for alle dei tre tekstane er at vi-et oftast viser til staten, politikarane eller sendaren.

Det er særleg nest siste oppslag i heftet, «Er det sant at Noreg kan fortsette som før, bare vi sier nei til EU?», som inneheld mange vi-ord. Det kjem altså til eit retorisk høgdepunkt heilt på slutten, der trongen for å skapa fellesskap og felles forståing er stor.

Ein påfallande skilnad på *55 minutter* på den eine sida og *Skjønnheten* og *Lesebok* på den andre er framstillinga av kva som er vårt, det felles norske. Til liks med *Lesebok* (faktatekstane) er *Skjønnheten* ein kortare tekst enn *55 minutter*, og vi finn desse døma på vår, vårt og våre: «velferdsstaten vår» (s. 2), «oljen og gassen vår» (s. 15), «nabolandene våre» (s. 15) og «vår egen og Europas framtid» (s. 15). Det er like umogleg å gruppera desse som vi såg det var i *Lesebok*, men som nemnt skaper *55 minutter* ei forståing hjå lesaren av at det framfor alt er naturressursane og det politiske systemet som er vårt. Den store skilnaden er altså at *Lesebok* og *Skjønnheten* ikkje bruker så mange av ytringane i hefta sine til å framstella kva som tilhøyrer og konstituerer oss, medan *55 minutter* gjer det.⁷⁷

5.2.2 Norsk og Norge

I kva samanhengar blir «Norge» nemnt? Skjemaet i vedlegg 3 viser førekomstane av ord som har med Noreg og det norske å gjera.

Vi såg at *55 minutter* inneheld mange samanstillingar med «norsk» og naturressursane våre. I *Skjønnheten* finst berre eitt døme på dette: «norsk laks» (s. 5). Fleirtalet av samansetningane «norsk» + X er politisk-institusjonelle. «Norge» er spreidd jamt utover i heftet, utan at spesielle temaområde peikar seg ut. Mest bruk av «norsk» er å finna i oppslaga om helse- og sosialpolitikk og arbeid. Det som blir konstruert som norsk i teksten, er anten a) *politiske institusjonar og omgrep*: «norsk sosialist» (s. 3), «norske demokratiet» (s. 2) «norske debatten» (s.5), «norske politikere» (s. 7), «norske regjeringsmedlemmer» (s. 7), «norsk stemme» (s. 7), «norsk medlemskap» (s. 9), «norske lover» (s. 13), eller b) *samanstillingar som har med næringsliv å gjera*: «norske bedrifter» (s. 11), «”norske” arbeidsplassene» (s.

⁷⁷ Med atterhald, som sagt, i høve til den ulike lengda på hefta.

11), «norske bedrifter» (s. 11), «norsk næringsliv» (s. 11), eller c) *ord som har med sosialpolitikk å gjera*: «den norske helse- og sosialpolitikken» (s. 8), «maken til helsekø som den norske» (s. 9) og «norsk alderstrygd» (s. 9).

5.2.3 Du, dere og deg

Lesaren blir i *Skjønnheten* møtt med direkte tiltale i føreordet, med appellativ bruk av «du». Også *55 minutter* og *Lesebok* inneheld «du» i føreordet sitt, men i *Skjønnheten* blir lesaren tiltala i mykje sterkare grad. *Skjønnheten* er det einaste av dei tre hefta som bruker «du» i sjølve brosjyreteksten, også her sterkt appellativt, i ytringar forma som retoriske spørsmål: «Tror *du* tyskere, nederlendere eller portugisere liker bedre å være arbeidsledige enn vi nordmenn gjør?» (s. 11, mi uth.). Dette er med og skaper ein heilt annan tone i *Skjønnheten* enn den vi kan sjå i *55 minutter* og *Lesebok*, der tonen er meir distansert.

5.3 Steg 3: Kven talar? Agensskjuling

Vi såg at *55 minutter* inneheldt fleire døme på det eg har kalla problematisk agensskjuling. Dette er ikkje tilfelle for *Skjønnheten*, der eg berre har identifisert tre døme på agensskjuling, som vist i vedlegg 3. To av dei tre er heller ikkje særleg problematiske:

Det skyldes at det europeiske samarbeidet nettopp har skiftet navn til Den europeiske union (s. 2). Navneskiftet markerer at det europeiske samarbeidet om å løse felles problemer er blitt tettere og mer omfattende (s. 2).

Heller ikkje det eine dømet som finst på eit ”problematiske” val, «[v]erden forandrer seg fort» (s. 15), er så alvorleg. Ein kan sjølv sagt likevel innvenda at det ikkje blir sagt noko om korleis verda forandrar seg og kven eller kva som forandrar ho, og at det kunne vore klargjerande å få skildra dei prosessane som faktisk gjer at dette skjer. At så få ytringar i *Skjønnheten* kan bli kategoriserte som ytringar med agensskjuling, har truleg med den generelt enkle stilen å gjera. I *55 minutter* må noko av årsaka til førekomsten av agensskjuling vera den byråkratiske språklege koden.

5.4 Steg 4: Kor viss er den som talar? Bruk av modalitet

Modaliteten i pronomensetningane i materialet er vist i vedlegg 3.

Korkje i *55 minutter* eller *Lesebok* vart modalitetsdøma realiserte av adjunkt, men av verbal, dvs. av ord som «kan», «må» og «skal». I *Skjønnheten* finst derimot modale adjunkt, ein funksjonskategori realisert av ord som «sannsynligvis» (s. 2), «kanskje» (s. 2 og 12) og, som vi har sett, «sikkert» (s. 3). Dessutan finn vi modifierande uttrykk som «ikke så underlig» (s.

5), «de fleste av oss» (s. 9), «en av de beste» (s. 9) og «ganske bra» (s. 11). Disse uttrykka signaliserer at forfatteren si haldning til lesaren er uformell, og har difor ein mellompersonleg funksjon i tillegg til den ideasjonelle metafunksjonen (påstandar om verda). Slike uttrykk har også ein tekstuell metafunksjon. Dei høyrer ikkje heime i eit specialistregister, men i vanleg språkbruk.

Som i brosjyrane til regjeringa og Nei til EU er modaliteten i *Skjønnheten* for det meste låg. 24 ytringar har låg modalitet, som i «[s]pørsmålet er om vi *kan* løse framtidens problemer på egen hånd – eller om målene er lettere å nå i samarbeid med landene i EU» (s. 15). Vi såg at modaliteten var høg i *55 minutter* når det galdt miljø. Det same gjeld i *Skjønnheten*, der to av åtte døme på høg modalitet finst i ytringar som seier at forbruket må ned og at vi må løysa miljøproblema.

Det vestlige overforbruket *må* ned, men det kan vi i praksis bare gjøre sammen med de landene vi er avhengige av å samarbeide med økonomisk. [...] Vi vet at miljøproblemene *må* løses i fellesskap (s. 12, mi uth.).

Som nemnt i kapittel 3 var miljør sak viktig for tvilarar. Høg modalitet finn vi også når det er tale om at norske verksemdar er avhengige av EU-medlemskap for å overleva, og i «[d]u har sikkert hørt om EUs ”demokratiske underskudd”» (s. 3), der «sikkert» realiserer modaliteten. Både *Lesebok* og *Skjønnheten* inneheld altså høg modalitet på andre område enn miljø, noko som skil dei frå *55 minutter*. Dette har truleg samanheng med at ein i dei opne nei- og ja-publikasjonane meir openlyst enn embetsverket kan kosta på seg å koma med påstandar om at noko *må* skje.

5.5 Steg 5: På kva for ”stader” går talen føre seg? Topos-bruk

I *Skjønnheten* har eg funne desse topoi:

1. ”Er det sant at [+ nei-påstand]”:

Er det sant at velgerne i EU-land helst stemmer på politikere som vil gi folket verre levevilkår? (s. 3). Er det sant at Norge er et lykkeland – helt forskjellig fra resten av Europa? (s. 4). Er det sant at ingen i EU bryr seg om hva lille Norge har å si? (s. 6). Er det sant at hele Europa beundrer den norske helse- og sosialpolitikken? (s. 8). Er det sant at det bare er i Norge at arbeid til alle er politikernes jobb nummer én? (s. 10). Er det sant at sjøråderett hjelper mot sur nedbør? (s. 12). Er det sant at Norge kan fortsette som før, bare vi sier nei til EU? (s. 14). Er det sant at mer sjøråderett gir fred i verden? (s. 16).

Desse ”Er det sant at...”-formuleringane er overskrifter i heftet, og er parafraseringar av nei-sida sine meiningar. Det blir polemisert mot nei-sida også i sjølve teksten: «Likevel prøver nei-siden å skape inntrykk av at politikken i Den europeiske union går helt på tvers av interessene til folk flest» (s. 3) og «[i] den norske debatten pleier nei-siden å framstille Den europeiske union som en tumleplass for kapitalkreftene (s. 5)». Lesaren blir spurd om han eller ho trur på det *Skjønnheten*-forfattaren meiner er konsekvensen av nei-sida sine standpunkt, og svaret blir gjeve i teksten, nemleg ”sjølv sagt ikkje”: «Tror du tyskere, nederlendere eller portugisere liker bedre å være arbeidsledige enn vi nordmenn gjør? Selvsagt ikke (s. 11)». «Selvfølgelig tror ingen at folk lenger sør i Europa er dummere enn oss (s. 3)». Vi ser altså at nei-sida opptrer som ein slags tekstleg motstandar, og at teksten ”vil” byggje ned etosen til nei-sida, særleg i dei fyrste oppslaga og i form av overskrifter. Å slå tilbake mot nei-sida ser ut til å vera ein retorisk hovudstrategi.

2. ”Utanfor EU har vi ingenting vi skulle sagt”:

Innenfor EU kan vi arbeide for en slik politikk – utenfor har vi ikke noe vi skulle sagt (s. 13). Som medlem kan Norge styrke EUs miljøengasjement. Utenfor har vi lite vi skulle sagt. (s. 13). Norge kan alltid klare seg utenfor Den europeiske union. Men da blir vi stående med lua i handa, helt avhengige av organer der vi ikke engang har talerett (s. 15).

Den tekstlege antitesen til desse påstandane finn vi i oppslaget «Er det sant at ingen i EU bryr seg om hva lille Norge har å si?», som er plassert litt lenger fram i heftet (s. 6). Her blir det argumentert for at Noreg som eit lite land *vil få* mykje å seia i EU dersom vi blir med.

5.6 Steg 6: Kven er lesarane i teksten? Oppbygging av modellesarane

Kva lesar blir konstruert i *Skjønnheten*?

5.6.1.1 Modellesaren er ein tvilar som hellar meir mot nei enn mot ja

Vi får eit eksplisitt signal allereie i føreordet på s. 2, der lesaren blir tiltala som tvilar.

Modellesaren blir etablert som usikker og kunnskapstrengande:

Er du usikker på hva du skal mene om Den europeiske union (EU)? Det er du ikke alene om. Kanskje føler du at du har fått for lite informasjon? Det er du heller ikke alene om!

Modellesaren treng å bli forsikra om at Noreg vil få noko å seia i EU, at EU ikkje skal styra velferda vår, og at EU har høge miljøstandardar. Dette er med på å byggja opp ein tvilande modellesar:

Derfor blir også de små medlemslandene hørt og tatt hensyn til (s. 7). Den europeiske union prøver ikke å lage en felles velferdsordning for alle medlemslandene. Stort sett er sosialpolitikken overlatt til hvert enkelt medlemsland, med to unntak [...] (s. 9). Det er ingen store forskjeller på miljøpolitikken i Norge og EU (s. 13).

Skjønnheten er den av dei undersøkte brosjyrane som hadde førekomst av modalitet realisert av modale adjunkt («sannsynligvis», «kanskje», «sikkert»). Som nemnt i kapittel 3 kan ein argumentera for at modale adjunkt er meir markerte enn modalitet uttrykt ved hjelp av finitt verbal. « I dette heftet tar vi opp mange spørsmål, men *vi* har lagt hovedvekten på de som *sannsynligvis* er viktigst når du skal bestemme deg » (s. 2, mine uth.) er kan henda meir påfallande enn til dømes † ”i dette heftet tar vi opp mange spørsmål, men vi har lagt hovedvekten på de som *er* viktigst når du skal bestemme deg”. Dette kan gje lesaren inntrykk av at Europabevegelsen er mindre sikker i påstandane sine enn Nei til EU og RIES er. Men det kan også gje inntrykk av at Europabevegelsen er meir open og inkluderande overfor lesaren. I så fall kan vi kanskje snakka om ein medviten tekststrategi.

Som vist i steg 5 om toposbruk, er nei-sida sterkt til stades i *Skjønnheten*, i form av ein slags antagonist til forfattern. Førestellinga om nei-røystaren sine meiningar blir projisert på modellesaren, som blir spurd om han eller ho verkeleg trur på nei-sida:

Tror du tyskere, nederlendere eller portugisere liker bedre å være arbeidsledige enn vi nordmenn gjør? Selvsagt ikke (s. 11). Et samlet norsk næringsliv vil inn i EU – tror du det er for å skaffe seg flere problemer og sende nye mennesker ut i arbeidsledighet? (s. 11). Er det noen som for alvor tror at den sure nedbøren fra England kan stoppes med norske lover? (s. 13).

Vi ser at det er viktig å markera at nei-sida har planta eit vrengjebilete av EU i folket. «Du har sikkert hørt om EUs ”demokratiske underskudd”,» står det på s. 2, og det er rimeleg å tolka denne ytringa slik at det er nei-sida som har påstått dette. Det blir appellert til fornuft, og nei-sida blir framstelt som irrasjonell eller uærleg, som i «[i] den norske debatten pleier nei-siden å framstille Den europeiske union som en tumleplass for kapitalkreftene. Skremmende? Ja, hvis det hadde vært sant» (s. 5).

Ordet «sjølvråderett», som tradisjonelt var blitt brukt mest av nei-sida, blir i *Skjønnheten* sett i bås med nasjonalisme-separatisme, noko som fører til krig, (som vi såg i kapittel 3):

Bosnia-Hercegovina, Serbia, Kroatia, Nagorno-Karabakh – noen få navn som alle vekker forestillinger om krig, død og meningsløs lidelse. Alle disse stedene dreier det seg om bruken av ”sjølvråderett”, ført ut i sin ytterste konsekvens (*Skjønnheten* s. 16).

Ein konsekvens av freistnaden på å etablere nei-sida som irrasjonell, kan bli at modellesaren vil ta avstand frå ho og bli for EU.

Dette er ikkje det einaste dømet på forsøksvis avdramatisering av prosjektet til ja-sida. Det blir trekt fram at sosialdemokratene er mellom dei «ivrigste forkjemperne for Den europeiske union» (s. 5): Labour i Storbritannia, tyske SPD, dei danske Socialdemokraterne og i Noreg Arbeidarpartiet. Modellesaren sympatiserer kan henda meir med det politiske sentrum enn med høgresida, og treng å sjå at EU ikkje er eit elite-høgreprosjekt. Det blir ved eitt høve brukt sentrum-venstresideretorikk: «Derfor arbeider EU for å få medlemslandene til å fordele godene og stoppe rovdriften på miljøet» (s. 5). «Fordele godene» og «stoppe rovdriften på miljøet» byggjer opp ein modellesar som synest desse verdiane er gode.

I *Skjønnheten* blir det polemisert mot nei-sida på ein slik måte at modellesaren vil tykkja det er pinleg å vera nei-menneske. «Men hva gjør vi om oljeprisen går ned, dollaren synker og vi får 200 000 nye pensjonister? Hvem skal betale regningen da? Barna?» blir det spurt retorisk (s. 15). Modellesaren skal forstå at konsekvensen av nei-sida sin motstand ville vera ein slik openbert absurd situasjon. Modellesaren er med på laget til dei som har *skjønt det*. På s. 3 i *Skjønnheten* kan vi finna dette dømet på intertekstualitet: Ei mellomoverskrift som lyder «Demokrater i alle land ...». Tekstsamspelet med det marxistiske «arbeidere i alle land, forén dere!» er tydeleg.

5.6.1.2 Modellesaren er noregsorientert

I føreordet listar Europabevegelsen opp fem spørsmål dei meiner er sentrale for den nyfikne lesaren. Desse fem spørsmåla byggjer opp ein modellesar som er oppteken av kva følgjer EU-medlemskapen får for Noreg. Fire av fem spørsmål handlar om konkrete følgjer for Noreg. Her er ingen spørsmål om internasjonal rettferd, som er viktig i *Lesebok*, eller tryggingpolitisk arbeid, emne som både *55 minutter* og *Lesebok* tek opp.

Modellesaren trur Noreg på somme vis er betre enn andre land i Europa. Teksten byggjer opp ein slik lesar med ytringar som «[v]i nordmenn har kanskje et nærmere forhold til naturen enn europeere flest» (s. 13). Modellesaren blir forsikra om at Noreg har «en av de beste velferdsstatene i Europa» (s. 9). Men førestellinga om Noreg som perfekt blir likevel aktivt tilbakevist i teksten. Overskriftene til dei ulike oppslaga, t.d. «Er det sant at Norge er et lykkeland – helt forskjellig fra resten av Europa?» (s. 4), skal få denne modellesaren til å tenkja over desse førestellingane. Vi er ikkje europameistrar i velferd: Noreg er berre «litt

over middels» i velferdspolitikken i høve til EU-landa (s. 11), Noreg er «litt over middels» når det gjeld arbeidsløyse (s. 9), og vi ligg bak EU når det gjeld visse miljøtiltak.⁷⁸

Kompetansen til ein norgesorientert modellesar blir utvikla i løpet av teksten: I dei fyrste oppslaga blir det understreka at vi har interesse av å delta i EU-samarbeidet (s. 5), og at vi vil få noko å seia sjølv om vi er små (s. 7). Så, fyrst på s. 9 i heftet, startar nedbygginga av modellesaren sin fordom om at Noreg er best i Europa innanfor velferd, sysselsetting og miljøtiltak (dei neste tre oppslaga). Modellesaren trur at Noreg kan klara miljøproblem åleine og ha ei sjølvstendig røyst utanfor EU, at vi kan halda fram som i dag, og at vi har «sjølråderett» («Vi har mindre ”sjølråderett” enn vi tror», s. 15), men får tilbakevist alt. Modellesaren går altså gjennom ei utvikling i teksten: Kompetansen blir bygd utover i heftet.

Modellesaren blir i staden bygd som noregsentusiast *innanfor EU-systemet*, ein som meiner Noreg har noko å fara med i det europeiske samarbeidet. Det nasjonale medvitet er ein negativ kvalitet så lenge modellesaren ynskjer å vera unionsmotstandar, men blir viktig når modellesaren skal forstå at Noreg må bli medlem i EU. Denne spenninga finst òg i dei norske eventyrmotiva i illustrasjonane og harselasen med den norske folkekunsten. Humoren og varmen i framstillinga av det norske, som lesaren kjenner seg att i og er trygg på, blir blanda med satirisk brodd: Noreg er eit fint land, men vi er ikkje så eineståande som vi skal ha det til jamført med Europa. Dette blir det truleg også spela på i framsideillustrasjonen, der Skjønnheten Gro dansar med Udyret Mitterand. I eventyret ”Skjønnheten og udyret” er udyret ein prins i dyreham, som berre kan bli menneske att dersom han får ei kvinne forelska i seg. Ein kan kanskje sjå Gro, og Noreg, som den som skal frelsa EU, udyret som er godt inst inne.

Store land og store bedrifter skal ikke kunne misbruke styrken til å overkjøre de små, for eksempel ved å lage egne ”spilleregler” (s. 5). Det er ikke de store og sterke som trenger mer rettferdige spilleregler – de klarer seg selv. Små bedrifter og små nasjoner er derimot avhengige av rettferdige vilkår for å kunne selge sine varer (sst.). [D]e små medlemslandene [blir] hørt og tatt hensyn til. Det er ikke tilfeldig at små land som Nederland, Luxemburg, Belgia, Irland og Portugal er blant fellesskapets ivrigste medlemmer (s. 7).

Europabevegelsen er på lag med dei små: Noreg er eit lite land i Europa, men kan likevel gjera ein skilnad. For det er «plass for en askeladd» (s.7). Kanskje finst det ein samklang

⁷⁸ Lesebok fortel ikkje om dei miljøstandardane i EU som er betre enn dei norske. Nei til EU nemner heller ikkje at det på visse område finst betre velferdsordningar i andre europeiske land. RIES og Europabevegelsen skriv på si side lite om makt og demokrati i EU-systemet (sjølv om det i Skjønnheten på s. 2 blir understreka at EU ikkje er demokratisk nok enno). At EU er ein udemokratisk organisasjon, er eit av hovudpoenga i Lesebok.

mellom biletet av Noreg i Europa og den vesle manns fornuft mot makta? «For en som vil bli hørt, er det viktigere å ha noe vettug å bidra med enn å være stor. Glem ikke at det var Askeladden som målbandt prinsessen!» (sst.). Modellesaren ynskjer at Noreg skal ha noko å seia i EU.

Oskeladden er kanskje eit godt bilete på både Noreg og den vesle mannen som vinn fram. Eventyrfiguren startar med ingenting og får gjennom ei blanding av sunt bondevett, mot og ein god porsjon flaks prinsessa og halve kongeriket. Vi kan sjå Noreg som det nyrike folket som har vore heldige og kome til pengar gjennom olja. Eventyrbiletet av Oskeladden snakkar til eit felles minne og ein felles identitet hjå nordmenn og dermed til heile folket. Valet av eventyrtemaet både i illustrasjonar og i tekst vitnar om medvit om den sterke og felles norske identiteten. Men Oskeladd-eventyra er forteljingar om individualisme, ikkje kollektivism. Oskeladden sine omgjevnader er ikkje eit støttande samfunn, familien (brørne) oppfører seg dårleg mot han. Oskeladdforteljinga fortel oss at det er rom for kløktige einskildindivid som ved hjelp av eigne krefter slår seg opp. «Norge kan alltid klare seg utenfor Den europeiske union. Men da blir vi stående med lua i handa, helt avhengige av organer der vi ikke engang har talerett» (s. 15). Som vi veit, er ikkje Oskeladden ein som står med lua i handa, han talar prinsessa midt imot, slik Noreg òg skal gjera.

5.6.1.3 Modellesaren har lågare kulturell kapital enn modellesarane i 55 minutter og Lesebok

På nest siste side i *Skjønnheten* blir lesaren fortald at «[ø]konomi og politikk henger sammen». Det er altså ikkje ein altfor sofistisert modellesar vi har med å gjera, om denne informasjonen trengs. Lesaren blir spurd om han eller ho trur at ungene våre skal betala rekninga om oljeprisen går ned og vi får mange nye pensjonistar. Ytringane «[e]r det noen som for alvor tror at den sure nedbøren fra England kan stoppes med norske lover?» (s. 13), «[m]en maken til helsekø som den norske har ingen EU-land!» (s. 9) og «[m]en hva gjør vi om oljeprisen går ned, dollaren synker og vi får 200 000 nye pensjonister? Hvem skal betale regningen da? Barna?» (s. 15) har innslag av paternalisme og populisme og kan minna om tonen i tabloide debattprogram på tv. Slagkraftige sluttpoeng som påstanden om helsekøen står i feit skrift og kan minna om VG- og Se og Hør-*punchlines*. Openberre retoriske poeng og uttrykk for misnøye med systemet peikar mot ein modellesar som i motsetnad til det vi fann for *Lesebok*, ikkje har høg kulturell kapital.

Språkbruken i heftet inneheld ingen kompliserte kodar, fagspråk eller uttrykk som er vanskelege å forstå. Ofte er språket svært enkelt, av typen «[d]et er ikke de store og sterke som trenger mer rettferdige spilleregler – de klarer seg selv» (s. 5), og med mellomoverskrifter som «Snille politikere?» og «Slemme politikere?» (s. 5). Samstundes finst det ei viss spenning mellom den kunnskapsskorten og den kunnskapen heftet føreset. Når det på s. 5 står at liberalistiske Thatcher-tilhengjarar utgjer nei-sida i Storbritannia, og dei er sette opp mot sosialdemokratar som ikkje «kjemper for en hensynsløs kapitalisme», krev det ein viss grad av kunnskap om politiske grupperingar: Lesaren bør kunna skilja mellom konservative og liberalistar for å skjøna kva som er så ”ille” med liberalistiske Thatcher-tilhengjarar. Denne innvendinga rokkar likevel ikkje ved inntrykket av språkføringa i heftet som gjennomgåande enkel. «Ikke størrelsen det kommer an på ...» blir det påstått i *Skjønnheten*, ei ytring modellesaren venteleg skal le av. Modellesaren har ikkje (berre) sofistisert humor.

Både *55 minutter* og *Skjønnheten* inneheld fleire spor av ja-sida sin generelle argumentasjon, som påpeika i kapittel 2, t.d. at EU er miljø-reddar og at vi bør bli med i EU om nabolanda går inn. Økonomiske motiv er nemnde i *Skjønnheten* òg, men det er ikkje vist til omgrep som «det indre marked» (*55 minutter*, s. 9) og «verdiskapning» (*55 minutter*, s. 10). I *Skjønnheten* blir det brukt eit anna vokabular når ein skal snakka økonomi: «betre tider for næringslivet» (s. 9), «[m]en EU vil gi næringslivet bedre kår [...]» (s. 11). Denne språkføringa er med og byggjer opp eitt av kjenneteikna til modellesaren i *Skjønnheten*: eit enklare politisk vokabular enn lesarane av dei andre hefta har.

Fleire påstandar i *Skjønnheten* står udokumenterte, t.d. «Europeere flest synes medlemskapet er bra» (s. 3) og «Det er ikke tilfeldig at små land som Nederland, Luxemburg, Belgia, Irland og Portugal er blant fellesskapets ivrigste medlemmer» (s. 7). Dette fortel oss om ein modellesar som ikkje alltid krev kjelder. Modellesaren er heller ikkje kritisk til det vi kan kalla ”gjengs samfunnsideologi”. Det blir t.d. påstått at alle medlemsland i EU er demokrati (s. 3). Det utelukkar ein modellesar som er kritisk til styringsinstitusjonane og meiner dagens demokrati ikkje er sant folkestyre.

Vi såg i steg 2 at *Skjønnheten* har den største førekomsten av eit ”folke-vi” av dei tre hefta. Lesaren blir også tiltala direkte i form av «du» andre stader i teksten enn i føreordet, noko vi ikkje finn i *55 minutter* og *Lesebok*. Det vitnar om ein modellesar som har trong til

identifikasjon med ein større fellesskap, og som responderer på appellativt språk. Ganske annleis enn *55 minutter* sin politisk konforme modellesar og *Lesebok* sin ”’68-ar”-modellesar.

Modellesaren ser truleg på seg sjølv som «folk flest» (meir om sosial plassering nedanfor). Påstanden om at nei-sida meiner politikken i EU går på tvers av interessene til folk flest, gjer kanskje identifikasjon med nei-sida vanskeleg for modellesaren. Å laga ein slik motsetnad mellom nei-sida og «folk flest» er kanskje ein del av ein kulturkamp om kven folket er. Europabevegelsen veit at nei-sida tradisjonelt har godt grep om folket, jf. meningsmålingane (kapittel 2). Men mange meiner at delar av nei-sida høyrer til ein kulturell middel- eller overklasse som er arrogant andsynes «folk flest», og Europabevegelsen kan spela på motvilje mot denne gruppa.

Modellesaren kan ha opplevd at staten eller velferdssystemet har svikta. «Er det sant at Norge er et lykkeland – helt forskjellig fra resten av Europa?» blir det spurt (s. 4). Her blir det truleg lagt opp til eit litt undrande «nei, kanskje ikkje?!» som respons, basert på eigenopplevd misnøye. Den nemnde ytringa om den lange helsekøen i Noreg vitnar også om ein modellesar som ikkje er nøgd med stoda i velferdsstaten. Modellesaren er redd for at ikkje-yrkesaktive frå andre land skal nytta godt av norske velferdsordningar, så *Skjønnheten* slår fast: «En spansk pensjonist kan for eksempel ikke heve norsk alderstrygd» (s. 9). Modellesaren blir konstruert som ein som er redd uvedkomande skal få «sugerøyr i statskassa» vår.

Illustratør Ellen Auensen sine bilete er runde, humoristiske, fargerike og detaljerte. Dei skil seg frå Nøst sine illustrasjonar, som er meir abstrakte og med flyktig strek. Både ja-folk som statsminister Gro Harlem Brundtland og nei-folk som Senterparti-politikar Per Olaf Lundteigen blir nådelaust portretterte. Dette kan vera med på å skapa humoristisk avstand til politikarstanden.

Men det er også mogleg å tenkja seg at ei slik framstilling av politikarar spelar på ei lettare form for politikarforakt, ei førestelling om at «politikarar pratar og pratar og gjer ingenting, dei er tullingar heile bunten». Ei slik haldning til dei folkevalde er vanlegare mellom folk som ikkje føler at dei har noko dei skulle sagt, dvs. menneske i dei lågare sosiale laga. Sosiologen Pierre Bourdieu peikar på at ei slik plassering i det sosiale hierarkiet ofte disponerer for tvilarstandpunkt. Vi skal no sjå nærare på dette.

5.6.1.4 Bourdieu om tvilaren

Mi modellesaranalyse peikar mot at modellesaren i *Skjønnheten* er tvilar. Både *Lesebok* og *55 minutter* er kanskje mest for *dei som har ei meining*. Det er venta at ein som samfunnsborgar tek side og vel eit alternativ. Men Bourdieu minner oss på at dette ikkje er like enkelt for alle. Kven er dei som kryssar av i ”veit ikkje”-kategorien, og kvifor gjer dei det? Han gjev svar:

the probability of members of the different classes responding to this survey [on the subject of the educational system] corresponded closely to their chances of access to higher education (Bourdieu 1995:158).

Ifølgje Bourdieu er ikkje berre mengda ”ja” og ”nei” i ei undersøking interessant, men også mangelen på respons, i form av ”veit ikkje”-svar. Di høgare kvalifikasjonar ein person har, di lågare skår på ikkje-respons.

Dei som føler dei har legitim rett til å meina noko, har fått denne legitimiteten gjennom utdanningssystemet.⁷⁹ Kva er det eigentleg å vera kompetent? spør Bourdieu, og svarar at det er å vera «entitled and required to deal with something» (1995:160). Dei som *sosialt er tillagde kompetanse*, dei folk ventar er politisk kompetente, er meir disponerte for å bli nett det. Dei som sjølve diskvalifiserer seg frå ha ei meining om eit politisk spørsmål, gjer det av di dei ikkje synest dei har politisk kompetanse.

Denne påpeikinga er interessant i samband med ein observasjon i *Skjønnheten*: Brosjyren er illustrert med store, fargerike karikaturar. Bruken av illustrasjonar i politisk materiell talar til sansane våre, det er det vi kan kalla eit ”sensologisk” verkemiddel (ideologisk eller politisk propaganda via bilete). Bourdieu meiner at di lågare ein går i klassehierarkiet, di meir røysting med grunnlag i *class sense* finn ein. Denne praktiske sansen for klasse er ikkje det same som klassemedvit: «So there’s this class sense, hidden away deep in the body, a relation to the body which is a relation to class, and then there is consciousness and class consciousness» (1995:166). Kjensla for klasse er «deep seated, corporeal dispositions in which a class lives without articulating itself as such» (1995:166). Ifølgje Bourdieu manipulerer meiningsprodusentar, umedvite, klassehabitus.⁸⁰ Kommunikasjonen mellom

⁷⁹ Her er det naudsynt å nyansera biletet. Sjølv om dette stemmer også i Noreg, har vi ein meir egalitær og (sosial)demokratisk kultur som gjer at også t.d. deltaking i politikken kan gje folk utan høgare utdanning kapital nok til å delta i samfunnsdebatten og kjenna seg meiningsføre.

⁸⁰ «Med habitus avser Bourdieu *system av dispositioner* som tillåter människor att handla, tänka och orientera sig i den sociala världen. Dessa system av dispositioner är resultatet av sociala erfarenheter, kollektiva minnen, sätt att

meningsprodusenten og lesaren eller tilhøyraren går ikkje omvegen om medvitet til nokon av dei, det er ein kommunikasjon mellom kroppar (1995:167). Dei som vel med praktisk klasesans framfor klassemedvit, er dømde til å risikera å ta feil når dei skal velja. Om vi føreset at tvilarane med låg grad av kulturell kapital som les *Skjønnheten*, bruker *class sense* framfor *class consciousness* når dei tek stilling til norsk EU-medlemskap, kan sans for dei folkelege illustrasjonane bidra til oppfatninga av EU som eit folkeleg prosjekt (dette føreset sjølvsaugt at EU er forstått som eit eliteprosjekt).

5.6.1.5 Oppsummert: modellesaren

Skjønnheten framstiller ja-sida ikkje berre som næringslivselite- og høgrefolk (slik nei-sida gjerne gjer), men som gode sosialdemokratar, individualistar som skaper sitt eget liv, og lesarar som vågar å spørja seg om påstandane til nei-sida kan vera rette. Kva slags lesar blir konstruert i *Skjønnheten*? Eg har identifisert ein modellesar eg vil kalla *Den lågkulturelle tvilar-modellesaren*. Det er mykje som tyder på at modellesaren er den tvilaren som var lei ”politikarsnakk” og ikkje tok EU-saka så høgtideleg, altså motsett av den typen tvilar som tvilar på grunn av ”kompleksiteten i saka”.

5.6.2 Ikkje-modellesarar

Den lokaldemokratiopptekne modellesaren er truleg ikkje-modellesar i *Skjønnheten*. Ein parafrasering av Europabevegelsen sitt demokratisyn kunne vera dette: ”Demokrati er folkevald makt (representativitet) og noko vi allereie har i alle EU-land”, jf. dette dømet frå teksten: «[...] alle medlemslandene er demokratier, og [...] EU styres av representanter som er direkte valgt av folket eller utpekt av medlemslandenes regjeringer» (s. 3). Ein annan parafrasering er ”EU er eit fenomen over landegrensene”, jf. følgjande døme frå teksten: «EU er det første virkelig vellykkede forsøket på å bygge opp et internasjonalt demokrati». «EU er et internasjonalt demokrati, som vi får i tillegg til det norske demokratiet vi har og fortsatt vil ha» (s. 3). Demokrati finst i *Skjønnheten* på makronivå og ikkje på mikronivå.

Den høgkulturelle modellesaren ville truleg reagere negativt på biletedominansen og den tidlegare nemnde tabloide tonen i heftet, og avfeia dette som lettvent. Det er grunn til å tru at modellesaren i *Lesebok*, som vi har sett har kulturell kapital over gjennomsnittet, ikkje er modellesar i *Skjønnheten*.

röra sig och tänka som ristats inn i människors kroppar och sinnen. [...] människors habitus [...] styr deras föreställningar och praktiker och bidrar därmed till att den sociala världen återskapas eller ibland [...] förändras» (Broady 1991:225).

5.6.3 Målgruppe vs. modellesar

Vi har sett at både Auensen, Wennesland og Tvedt meinte målgruppa for brosjyren var tvilaren. Dette samsvarar med modellesaren eg har funne, *Den lågkulturelle tvilar-modellesaren*.

Tvedt såg i tillegg føre seg lesaren som ei kvinne utan høgare utdanning. Han meinte at dei som las og likte heftet, var ja-sympatisørar og politisk interesserte. Eg vil hevda at det i så fall er ein (statistisk) motsetnad mellom målgruppa og den lesaren Tvedt trur las og likte heftet. For det fyrste er kvinner i større grad enn menn tvilarar, som Tvedt sjølv seier, og som nemnt i kapittel 2. For det andre har politisk interesserte gjerne høgare utdanning, medan låg utdanning disponerer for manglande interesse for politikk.⁸¹ Som vi også såg i kapittel 2, disponerer høg utdanning også for eit ja-standpunkt. Altså kan ikkje målgruppa vera heilt identisk med dei som Tvedt meiner likte heftet.

Eg har i modellesaranalysen ikkje teke stilling til kva kjønn modellesaren har. Teksten inneheld døme som kan appellera til kvinner, som Tvedt sjølv peikar på i steg 1 om situasjonskonteksten: Gro og Kaci er nemnde i staden for mannlege politikarar, og det er nemnt at irske og greske kvinner har note godt av EUs sosialpolitiske minstekrav (s. 9). Likevel trur eg ikkje modellesaren i *Skjønnheten* er spesielt kjønna.

⁸¹ «Norge er i ferd med å bli mer likt andre land i den betydning at sosial status påvirker den politiske deltakelse» (Pettersen og Valen 1996:80).

6 Konklusjon

I denne oppgåva har eg analysert politisk kommunikasjon i den norske EU-kampen. Eg har særleg konsentrert meg om relasjonen forfattar–lesar, og dei identitetsskapande elementa som blir til i det tekstlege møtet mellom desse to. Eg har sett på tre brosjyrar frå tre ulike aktørar og spurt om kva lesarar som blir konstruerte i desse tekstane, kva ideelle lesarar-i-teksten det var råd for dei informasjonssugne røysteføre å kjenna seg att i eller ikkje i 1994. Problemstillinga mi har altså vore: *Kven er 55 minutter om Norge og EF, Lesebok 1994 og Norge møter Europa: Skjønnheten og udyret? sine modellesarar? Kva for lesar(ar) rettar desse tekstane seg mot? Kvifor desse modellesarane?*

Det særeigne med *55 minutter*, *Lesebok* og *Skjønnheten* var at dei vart sende ut til heile det norske folket. Dette var massepublikasjonar som vart utdelte over heile landet, som handla om ei politisk sak det skulle vera folkerøysting om. Kven vende aktørane i EU-striden (ja-sida, nei-sida og regjeringa) seg til då dei skulle snakka til heile folket? Snakka dei verkeleg til ”folket”, eller til delar av det? Kva slags folk, i tilfelle det siste? I arbeidet med å finna svaret på dette har eg nytta modellesaromgrepet til Eco (1984). Med modellesaranalyse søkjer ein lesaren i teksten, den som faktiske lesarar må strekkja seg mot for å forstå teksten på ein relevant måte. Forfattaren sine skjulte disposisjonar og verdssyn kan gje avtrykk i teksten som berre kan dekodast ved hjelp av metodar som modellesaranalyse. Jakta på modellesaren er jakta på den ofte skjulte tekststrategien, intensjonaliteten i teksten, som forfattaren ikkje naudsynleg er medviten om.

I dette kapitlet vil eg fyrst gå gjennom dei sentrale funna i kapittel 3 til 5, og ta føre meg dei modellesarane eg har funne i kvart hefte. Hovudfunnet mitt er at dei tre brosjyrane vender seg til til saman fire ganske ulike modellesarar. Til slutt vil eg freista å forklara skilnaden i modellesarar.

6.1 55 minutter

Ole Berrefjord, ein av forfattarane av *55 minutter*, ynskte å laga ein tilgjengeleg EU-brosjyre for å møte det store informasjonsbehovet i folket. Etter ei kartlegging av kva dette folket ynskte informasjon om, skreid dei mange fagfolka i dei ulike departementa til verket og laga eit opplysningshefte dei klokka inn til litt under ein times lesnad til saman. Tittelen vart truleg til som eit kompromiss bygd på ei undersøking som viste at 50 % av dei spurde ville

bruka ein halvtime på å lesa brosjyren og 30 % ein time. Berrefjord karakteriserer heftet sitt som nøkternt, deskriptivt og edrueleg. Målgruppa for teksten var unge lesarar, attenåringar. Tvilarterrenget måtte sonderast, og heftet var for den interesserte lesaren, meiner Berrefjord.

I innsirklinga av modellesaren kunne vi konstatera at avsendar-vi-et i *55 minutter* er det eg har valt å kalla eit ”politikar-vi”. *55 minutter* vende seg dessutan i liten grad til lesaren i form av direkte tiltale. Lesaren møter eit Naturressurs-Noreg, og ei røyndomsframstilling som til dels underkommuniserer kva interesser som styrer den politiske utviklinga. Ein viktig retorisk strategi i teksten er å få fram at Noreg ”står andsynes utfordringar” vi må løysa ”anten vi vil eller ikkje”, ”anten vi blir medlemmer eller ei”.

Desse funna, og ei nærlesing av teksten, tyder på at det finst to modellesarar i *55 minutter*. Den fyrste, som eg har kalla *Den politisk konforme modellesaren*, har desse kjenneteikna: Han kan identifisera seg med politikar- og byråkratsjiktet (”politikar-vi”-et, byråkrati-språkregistret og naturaliseringa av politiske prosessar). Han er ein over gjennomsnittet interessert lesar (lengda og utsjånaden på heftet). Han er oppteken av handelspolitikk og er orientert mot Europa (viktige tema i heftet).

Den andre modellesaren, som eg har kalla *Den engstelege tvilar-modellesaren*, er ei mindre framtrédande røyst i teksten. Denne lesaren må overtydast, ved hjelp av den retoriske strategien, og bli hjelpt gjennom den omfattande teksten med ei lesarrettleiing i starten av heftet.

6.2 Lesebok

Til liks med Berrefjord meiner Tor Brostigen i *Nei til EU* at teksten hans skulle vera sakleg og informativ. *Lesebok* skulle dessutan vera spesiell og uventa, og noko av poenget med utgjevinga var sjølvne måten bøkene vart distribuerte på, ved at *Nei til EU* delte dei ut over heile landet. Medlemmene skulle kjenna seg stolte. Folket skulle få ei bok dei kunne ha i hylla. Med denne utgjevinga skulle *Nei til EU* få hegemoni i kulturlivet, tenkte informasjonssjef Kjell-Erik Kallset.

I motsetnad til *55 minutter* var det fleire sendar-vi i *Lesebok*, men også *Nei til EU* konstruerte eit statleg, og ikkje fyrst og fremst folkeleg, «vi». Heller ikkje *Lesebok* vende seg særleg til lesaren. Det norske vart ikkje knytt til ressursar, men til politiske institusjonar. I motsetnad til *55 minutter* var det vanskeleg å finna døme på språkleg tilsløring av politiske prosessar i

Lesebok. Dei dominerande topoi i teksten, hovudelement i den retoriske strategien, var å få fram at EU er eit udemokratisk prosjekt.

Desse funna, og ei nærlesing av teksten, tyder på at modellesaren er glad i å lesa (*Lesebok* som sjangersignal), har høg lesekompetanse (krevjande skjønnlitterære tekstar) og etter måten høg kulturell kapital. Han er politisk interessert (delvis innforstått politisk sjargong i faktatekstane) og særskilt oppteken av ”overordna” teoretisk-politiske spørsmål (tematisk fokus på demokratispørsmål). Denne modellesaren har eg valt å kalla ”68-ar”-modellesaren.

6.3 Skjønnheten

Også Hans Gudmund Tvedt, forfattar av *Skjønnheten*, trekkjer fram at brosjyren skulle vera original. *Skjønnheten* skulle fjerna redsla for Europa, seier illustratør Ellen Auensen. EU-prosjektet skulle ufarleggjerast, på ein humoristisk og ikkje minst kommunikativ måte. Tvilarane skulle få noko å tenkja på, fortel tekstskaparane: *var* det verkeleg slik som nei-sida lika å framstella det, at Noreg var eit lukkeland, i motsetnad til resten av Europa?

Skjønnheten var det heftet, viste det seg, som hadde flest «vi» av det slaget som viste til noko vi kan kalla folket og ikkje til politikarane eller staten. Språket er meir appellativt enn i dei to andre hefta, med bruk av «du», direkte tiltale til lesaren. Til liks med *Lesebok* – og i motsetnad til *55 minutter* – inneheld *Skjønnheten* forsvinnande lite tilsløring av politiske prosessar gjennom agenskjuling. Den overordna retoriske strategien i heftet var tilbakevising av nei-sida si framstilling av Noreg og EU.

Modellesaren i *Skjønnheten* har eg kalla *Den lågkulturelle tvilar-modellesaren*.

Modalitetsbruken peikar mot ein tvilar: Tilhøva i Noreg er *kanskje* ikkje som nei-sida seier. Modellesaren er truleg noregsorientert: Den retoriske strategien er å fjerna den sjølvgodheita nei-sida har planta i folket. Modellesaren i *Skjønnheten* har truleg lågare kulturell kapital enn modellesaren i dei andre hefta. Han treng appellativt språk, lite tekst og dominerande illustrasjonar.

Eg har altså identifisert to modellesarar i *55 minutter*, mot ein modellesar i både *Lesebok* og *Skjønnheten*. Dei tekstlege spora av lesaroppbygging eg kunne idenfisera i *55 minutter*, var såpass ulike at dei måtte bli grupperte i kvar sin modellesar, medan modellesartrekka eg kunne finna i *Lesebok* og *Skjønnheten* var så pass like at dei peika mot berre ein modellesar for kvar av tekstane. Vi skal koma tilbake til kvifor *55 minutter* skil seg frå dei andre på dette punktet.

6.4 Ulike forfattarar, ulike lesarar

Som vi har sett i kapittel 3 til 5, freista forfattarane delvis å tenkja på ulike grupper. Som mange andre forfattarar har dei tankar om kven dei vil nå. Men at dei ikkje har definitive svar når eg spør dei i 2007, tyder på at dei ikkje er heilt sikre sjølv (i tillegg kjem sjølv sagt at det er 13 år sidan EU-røystinga). Dei har gjeve ulike svar på spørsmål om målgruppe. Ole Berrefjord, ein av forfattarane av *55 minutter*, nemner ungdom i attenårsalderen, tvilarar og interesserte lesarar. Tor Brostigen, som skreiv faktatekstane i *Lesebok*, trur dei over 140 000 medlemmene i Nei til EU var potensielle lesarar, og at boka snakkar mest til nei-folk. Dette er illustratør Arne Nøst einig i, men legg til at fråfalne nei-folk, som kan formulera ein god, retorisk tvil, òg kan vera ei målgruppe. Målgruppa for *Skjønnheten* var tvilaren, seier Hans Gudmund Tvedt, han er ikkje i tvil, og illustratør Auensen er samd. Og denne tvilaren er kanskje ei kvinne utan høgare utdanning, funderer Tvedt.

Samanliknar vi det forfattarane seier om målgruppe med dei modellesarane som eg har identifisert, finn vi at det er ganske godt samanfall når det gjeld *Lesebok* og *Skjønnheten*, i litt mindre grad når det gjeld *55 minutter*. Modellesaranalysen har vist at alle modellesarane har eigenskapar som ikkje blir eksplisitt nemnde av tekstskaparane. Der forfattaren t.d. kunne fortelja at målgruppa er tvilaren, kunne modellesaranalysen fortelja noko om *kva slags* tvilar det galdt, anten tekstskaparane sjølve hadde tenkt på det eller ikkje. Brostigen set ord på vanskane med å vera målgruppespesifikk når han seier at det er vanskeleg å driva *targeting* på over ein og ein halv million nei-røystarar. Det har han nok rett i. Men i sjølve tekstane kan vi identifisera ein *targeting* som finst der, intensjonaliteten i teksten, måten teksten konstrerer ein modellesar på.

6.5 To tesar

Regjeringas informasjonsutval for europasaker, Nei til EU og Europabevegelsen sende ut brosjyrar i millionopplag. Dei hadde sjansen til å informera, til å vinna oppslutnad om ei viktig sak. Dei vende seg i praksis til heile folket, men enda med å skapa tekstar med kvar sine ibuande lesarar, kvar sine modellesarar. Kvifor vart dei tre hefta så ulike?

Bourdieu hevdar (1995:165) at produsentar i eit felt⁸², t.d. i det politiske feltet, ikkje produserer med omsyn til publikumet sitt, men i høve til feltkonkurrentane. Han peikar på to

⁸² «[M]ed socialt fält avses ett system av relationer mellan positioner besatta av specialiserade agenter och institutioner som strider om något för dem gemensamt » (Broady 1991:266). Det politiske feltet er eit slikt felt, der politikarar, politiske journalistar og parti er døme på spesialiserte agentar og institusjonar som kjempar om noko felles: Korleis organisera samfunnet på best mogleg måte.

motsette press eit politisk parti blir utsett for: Éin type press som får det til å skjerpa profilen sin for å appellera til spesifikke grupper, og ein annan type press som får det til å underkommunisera skilnader for å nå større veljargrupper. Dei som har laga hefta eg analyserer i denne oppgåva, er slike produsentar som Bourdieu snakkar om: tekst- og ideologiprodusentar i det politiske feltet. Det vil difor vera interessant å sjå korleis forfattarane manøvrerer mellom desse to pressa. Kva lesarar, kva grupper, endar dei med å konstruera i tekstane sine?

Ei forklaring på skilnaden mellom brosjyrane kan vera at aktørane har ulike politisk-kommunikative strategiar, som vist i intervjuet i situasjonskontekst-delen. Produksjonsvilkåra for dei tre hefta var svært ulike. Europabevegelsen skipa til samtalar i fokusgrupper, og hadde som mål å avdramatisera EU og motarbeida skremselspropaganda. Nei-sida tenkte alliansebygging og sikta seg inn på å nå dei intellektuelle gjennom å tromma saman den norske forfattareliten. Dei ville kommunisera at EU-saka er meir enn tal og fakta: Det handlar også om kjensler og identitet. Regjeringa gjennomførte ei spørjeundersøking for å finna ut kva folk ynskte å vita om EU, og ville – i ljøs av resultatata – informera, ikkje propagandera.

Men desse erkjente strategiane kan berre eit stykke på veg forklara skilnadene i modellesarar mellom dei ulike hefta. Dei er i alle fall ikkje nok til å forklara tekstinternt motsetnadsfulle modellesarar, som i *55 minutter*, der hovudmodellesaren, *Den politisk konforme modellesaren*, skil seg frå modellesar to, *Den engstelege tvilar-modellesaren*. Den fyrste tesen er at RIES, som ikkje skulle tona flagg i EU-saka, sjølv oppfatta at dei var nøytrale når dei ikkje kunne seiast å vera det; at dei i tru på at dei var nøytrale, ikkje såg den tendensen som faktisk låg i teksten. Den andre tesen er at nei-sida hadde meir sjølvtilitt enn ja-sida. Vi skal no sjå nærare på den fyrste tesen.

6.5.1 Tese ein: spenn mellom nøytralitet og lojalitet

Kan det tenkjast at embetsmennene i RIES vart kritiserte av di dei som embetsmenn flest er nøydde til å operera i spennet mellom nøytralitet og lojalitet? I ein analyse av den manglande nøytraliteten i embetsverket i EEC-striden i 1972 peika Østerud (1974:27) på dette:

Forestillingen om en *nøytral* forvaltning, som iverksettelse av politiske vedtak truffet andre steder, oppsto med parlamentarismen og gjennomføringa av det representative demokrati. Samtidig skulle byråkratiet være *lojalt* mot den sittende regjering, og dets forvaltningsvirksomhet skulle være *uavhengig* og *faglig* begrunnet. Frem til i dag har

det vært et konstant spenningsforhold mellom disse motstridende forventningene [orig. uth.].

Ein kan kanskje hevda at RIES hamna i eit embetsmannsdilemma. Der interesseorganisasjonane kan agitera ope, står byråkratiet i ein vanskeleg posisjon: Deira samfunnsoppgåve er å informera, og samstundes skal dei vera lojale (i dette tilfellet mot ei regjering som ynskte EU-medlemskap). Det er ein vanskeleg balansegang. Og dersom dei som skal utføra denne samfunnsoppgåva, ikkje erkjenner dilemmaet, blir det truleg endå vanskelegare. Krysspresset kan føra til reaksjonar som dei vi såg kom til uttrykk i brevet til handelsministeren i kapittel 3.

Berrefjord sa han trudde fleire av dei som var med og skreiv heftet, var nei-sympatisørar eller tvilarar. Det er mogleg desse også sette avtrykk i teksten med motførestellingane sine, og at det gjorde *55 minutter* mindre prega av regjeringa sin ståstad enn heftet elles ville ha vore. Men som Aslak Bonde påpeika i Aftenposten 11.6.1994: Jamvel om RIES var balansert og framførte fleire syn på mange område, gjorde dei det ikkje på alle. Det er *inkonsekvensen* som er problemet, seier han.

”Norge legger til grunn at vi kan opprettholde Vinmonopolet i EØS og ved et EF-medlemskap,” heter det i det nye folkeheftet. Er dette nøktern og saklig informasjon om Norge og EF? Nei, det burde ha stått at EF og Norge er uenige. EF synes ikke det er nødvendig med et alkoholmonopol for å ta vare på folkehelsen. Dette er en av de fallgrubene Regjeringens informasjonsutvalg har gått i. Mange andre er unngått.

Også under EU-kampen i 1972 dreiv UD informasjonsarbeid på vegner av regjeringa. Det vart vurdert å dela ut ein gratis brosjyre til alle husstandane i landet, men det vart forkasta på grunn av kostnaden (Østerud, Gleditsch og Elster 1974:62).⁸³ Den gongen vart embetsverket skulda for å driva hard politisk verksemd, noko som skapte debatt. Det var ikkje mogleg å ”prova” at t.d UD-brosjyrane var agitasjon og ikkje informasjon, men EEC-motstandarane såg på dei som einsidige (sst.). Som vi har sett, vart det debatt i kjølvatnet av *55 minutter* òg, men mindre oppstyr enn i debatten i 1972. Kan det vera slik at situasjonen likna ein del på stoda i 1972, at han var prega av det Østerud (1974:27) kalla ”den store koalisjonen”? Østerud skildra den slik:

Ettpartistaten, som forulykket i gruvene ved Kings Bay, er ingen nødvendig forutsetning for større makt og politisk initiativ i embetsverket. Men ”den store koalisjonen” er en viktig forutsetning. Grunnleggende politisk enighet, konsensus,

⁸³ I 1993 var budsjettet for Europa-informasjon i UD på 12,9 millionar kroner. Regjeringa kunne gje tre millionar til om det trongst (UD 1993 B).

mellom partieliter innbyrdes og mellom partieliter og næringsliv, mellom Høyre og DNA og mellom LO og NAF, har stimulert en monolittisk enhet mellom politisk, økonomisk og administrativ elite. Dette er også institusjonalisert i et tett korporativt samarbeidsnett av kollegiale råd og utvalg, som forteller mer om vårt politiske system enn mange statsrettslige eksegesser.

Innanfor den store koalisjonen blir lojaliteten til embetsverket stilt berre på små prøver mellom nyanseskilnader, skriv Østerud. Den politiske makta embetsverket har, er ikkje eit trugsmål mot hegemoniet. I staden blir det middel til ansvarsfråskrivning andsynes ålmenta. Østerud kallar informasjonsverksemda og formidlinga til embetsverket, ei politisk støttepute, ein «garanti for den gode sak» (sst.).

Denne oppgaven forutsetter en prestisje som idealene om uavhengighet og nøytralitet gir. Derfor holdes idealene høyt også av dem som vet at det er lenge siden de uttrykte realiteter.

Sjølv om frontane kanskje var mindre skarpe i 1994, kjende mange – i allefall på nei-sida – at ein stod andsynes ein ny ”storkoalisjon”: Rett nok sa ikkje LO ja til EF/EU denne gongen, men framleis var alle dominerande medium erklærte ja-tilhengjarar, det same galdt dei to store partia Høgre og DNA, til liks med NHO.

Embetsmannsetikken seier at hovudregelen er at embetsmenn skal vera nøytrale og lojale. Noko av grunnen til at *55 minutter* møtte reaksjonar, kan vera at RIES i praksis korkje kunne eller ville akseptera at EU-debatten var ein kamp. For eit embetsverk som kjem i skvis mellom lojalitet og nøytralitet, blir det vanskeleg å laga eit hefte der fakta i EU-saka blir presenterte og følgde av balansert framlegging av ja- og nei-argument. Resultatet kan bli, som eg har vist i denne oppgåva, at dei to modellesarane i *55 minutter* er så ulike.

55 minutter skil seg frå dei to andre hefta ved at det ikkje kunne ta eit ope standpunkt i EU-saka, og er strekt prega av dette. Store skilnader er det også mellom dei to meir eksplisitte hefta, *Lesebok* og *Skjønnheten*. Korleis kan vi forklara dei?

6.5.2 Tese to: ulik grad av sjølvtilitt

Embetsmannsetikken, som baud på problem for RIES, galdt ikkje for ja- og nei-sida.

Føremålet med deira publikasjonar var både kjent og erkjent: Dei skulle overtyda lesaren. Vi veit at det fanst tvilarar dei kunne sikta seg inn mot, men har sett at hefta vende seg til veldig ulike lesarar. Modellesaranalysen har vist at nei-sida snakkar til ein ressurssterk nei-røystar, ”68-ar”-modellesaren. Ein kan spørja: Kvifor snakka til sine eigne? Skulle dei ikkje gjera som ein bør i ein valkamp: vinna flest mogleg folk?

Kanskje var det ikkje slik for Nei til EU. Røynsla deira var at dei representerte fleirtalet: Som vi har sett, hadde nei-sida leiinga frå det danske Maastricht-nei-et i 1992 og fram til den norske folkerøystinga. Nei til EU hadde fire gonger så mange medlemmer som Europabevegelsen. Det er grunn til å tru at nei-sida opplevde at om dette forspranget skulle endra seg, var det av di etablisementet klarte å dra folket over mellombels, t.d. i tider med "svenskesug". Kanskje kan vi difor spørja om ikkje ulik grad av *sjølvtilitt* overfor "folket" langt på veg kan forklara kvifor Nei til EU og Europabevegelsen sine brosjyrar har så ulike modellesar? Nei-sida hadde kanskje "storkoalisjonen" mot seg, men dei hadde statistikken på si side: Folket var mot, i alle fall fleirtalet. Og leiar i Nei til EU, Kristen Nygaard, vart ofte sitert på at ja-sida har pengar, men nei-sida har menneske.

Nei til EU gjorde aldri undersøkingar for å finna ut kva saker folk var mest opptekne av (Kallset 1995:20). Det var motsett då Europabevegelsen og RIES skulle laga sine store hefte: RIES laga spørjeundersøking og Europabevegelsen inviterte til fokusgrupper. Europabevegelsen hadde i *Skjønnheten* ein overordna retorisk strategi for å tilbakevisa påstandane frå nei-sida. Denne strategien vart lagd etter at dei hadde lytta til nei- og tvilar-kvinner i fokusgruppene. Kanskje var Europabevegelsen så over-medvitne om nei-fleirtalet i folket at dei vart fikserte på å omvenda den nei-positive tvilaren, som dei objektivt sett hadde mindre utsikter til å vinna enn ein ja-positiv tvilar?

Nei til EU verkar på si side så sjølvsikre at det nærmar seg "hybris". Brostigen fortel at Nei til EU letta litt frå bakken då *Lesebok* kom ut. Leiinga var veldig nøgde med seg sjølv, fortel han (s. 8). Der ja-sida har så lite sjølvtilitt at dei "legg seg flat" og tenkjer *for mykje* på lesaren, har Nei til EU kanskje tenkt *for lite* på lesaren. Det kan nesten verka som om dei er så fulle av overmot at dei satsar på "68-ar"-modellesaren framfor *Tvilar-modellesaren*! Dei kan t.d. invitera forfattarar utan å tenkja over om folk flest òg har sansen for dei.

Generalsekretær Wennesland var glad for kulturopprop for ja-sida (jf. kapittel 2), medan Nei til EUs Ritzau kan fortelja at dei i Nei til EU sikkert kunne laga kulturopprop dei òg, men at dei heller fekk i stand tilskipingar over heile landet. Nei til EU har kanskje teke på alvor at det er vel så viktig å halda ein opinion ved lag som å endra han (Waldahl i Aardal og Jensen 1996:42).

Analysen min tyder på at nei-sida i 1994 viste meir sjølvtilitt enn ja-sida. Dei hadde fleirtal i folket, og kunne stola på eigne argument. *Skjønnheten* er retorisk lagd opp slik at påstandar frå nei-sida blir drivne attende, men noko tilsvarende ja-nærvær finst ikkje i *Lesebok*. 55

minutter bruker ikkje plass på å polemisera mot nei-sida. Men ein av dei to modellesarane i *55 minutter* er, som vi har sett, den *Den engstelege tvilar-modellesaren*. Dette er ein lett EU-skeptisk lesartype som skal overtydast. RIES konstruerer i teksten ein tenkt skeptikar som må bli vist at EU-medlemskap er godt for Noreg.

Eg vil hevda at aktørane i EU-striden var strukturerte av mange års makttilhøve mellom ja og nei i folket. Mange på nei-sida har meint at mektige krefter i Noreg ville måtta dra nei-folk over ved å mobilisera lagnadstrua mellombels ("det er vel ikkje anna råd, då") ved hjelp av ein slags psykologisk tvang. Om det vart eit ja i folkerøystinga, ville det vera av di "storkoalisjonen" pressa eit motviljug folk over ved hjelp av massivt mediatrøkk og svenskesug. Modellesaranalysen tyder som sagt på at nei-sida hadde meir sjølvtilit enn ja-sida fordi dei hadde vore i leiinga over lengre tid. Det gjorde mellom anna at modellesaren i *Lesebok ("68-ar"-modellesaren)* kom til å likna mykje på Nei til EU-leiinga og mange av medlemmene⁸⁴. Alternativet ville vore ein modellesar som kunne vendast om frå ja eller tvil til nei.

Ein annan observasjon er, spissformulert, at "Folket ikkje finst". Sjølv om ein formelt sett vender seg til heile det norske folket, slik nei-sida og ja-sida gjorde med sine store hefte, er teksten nøydd til å venda seg til visse grupper. Og dei er ikkje tilfeldig valde, anten "valet" skjer medvite eller umedvite. Modellesarane i dei ulike hefta var svært ulike – fordi forfattarane stod i heilt ulike relasjonar, til kvarandre og til det norske folket.

Ja-sida kan ha kjent seg trygg på at den økonomiske eliten var på deira parti. Dei hadde mest å henta i gruppa "vanlege folk". Såleis laga dei publikasjonen *Skjønnheten*, der modellesaren er ein som ikkje har spesielle føresetnader for eller interesse av å setja seg inn i ei kompleks sak. Nei til EU visste på si side at dei som tradisjonelt røystar nei, er "vanlege folk" (bønder, fiskarar, folk med låg utdanning), og at dei måtte freista å nå eliten. Men sidan den økonomiske eliten allereie var "teken" av ja-sida og ikkje stod til å berga, søkte dei mot den *kulturelle* eliten i staden.

6.6 Tekst og identifikasjon i EU-kampen

Forfattarane bak både *55 minutter* og *Skjønnheten* har kalla brosjyrane sine for folkeopplysning. Og opplysning var det truleg trong for, som vi òg har sett i kapitlet om *55 minutter*. Brostigen fortel at Nei til EU laga ei undersøking hausten 1994 der dei stilte reine

⁸⁴ Jf. Kallset si påpeiking i kapittel 4 om at dei mest aktive i Nei til EU var ein politisk elite, intellektuelle frå by og land.

faktaspørsmål om EU, og fortel at folk mangla sakkunnskap då òg (s. 5). EU-saka er vanskeleg å setja seg inn i.

I utgangspunktet kan ein spørja seg kven som les slike brosjyrar i det heile. Det er grunn til å tru at det er høg terskel for å koma seg gjennom informasjonshefte om EU, lange som korte. VG skreiv følgjande på leiarplass 3. mars 1994:

De mest pessimistiske tviler på om det er mulig for folk flest å absorbere den enorme og vanskelige informasjonsmasse som fins i EU-debatten. Hvor mange har for eksempel lest Regjeringens informasjonshefte «55 minutter om Norge og EF?» I UD hevder de at undersøkelser forteller at overraskende mange har lest den, og med positiv interesse.

Tala frå spørjeundersøkinga, som vart refererte i kapittel 3, viste at det *var* ein del som fann tid til å lesa i *55 minutter*. Men det er grunn til å åtvara mot ei feilkjelde ved spørjeundersøkingar som denne. Somme vil kanskje overrapportera for å ikkje verka uengasjerte. RIES sjølv gjev ikkje uttrykk for slike reservasjonar i sine papir.

Lesaren Dagfinn Johansen (VG, 30.7.1994) kalla *Lesebok* «tunglest og merkelig, gad vite hvor mange som leste den?». Ein annan av dei potensielt 1,8 millionar lesarane, Tage Mortensen frå Krokstadelva, skreiv i VG 3.6.1994 om *Lesebok*:

Statssubsidierte kunstnere og kompromissløse nei-mennesker har her slått sine pjalter sammen, og resultatet er blitt en forvirrende blanding som umulig kan bidra til en konstruktiv og mangfoldig debatt om norsk medlemskap i EU, slik intensjonen vitterlig var.

EU-saka handlar sjølv sagt om fakta. Men det lesarane over gjev uttrykk for, er ikkje berre vanskar med å forstå argumenta i debatten. Eg trur EU-debatten handlar vel så mykje om *identifikasjon* som om argument. Ulike lesarar reagerer ulikt på dei undersøkte tekstane, ikkje berre på grunn av faktaa som blir presenterte. Responsen blir òg forma av kva signal konstruksjonen av modellesaren sender til den faktiske lesaren når det gjeld produksjonsprosess, utsjånad, språkleg sjargong osv. Oppsummert vil eg hevda dette om relasjonen mellom tekst og identifikasjon i den norske EU-kampen:

1. I politisk strid og i politiske spørsmål er identifikasjon med personar og symbol truleg like viktig som eksplisitte politiske argument og standpunkt. Sakskomplekset EU er særst stort (som fleire av tekstskeparane som er intervjuet i samband med denne oppgåva har vore inne på). Folk har mykje å setja seg inn i, og dei må filtrera. Dette fører til at dei i stor monn vel på identifikasjonsplanet, på grunnlag av ”magekjensle”

eller ”ryggmargsrefleks”, og så finn dei argument som byggjer opp rundt det. Å treffa dette identifikasjonsplanet vart vanskeleg for embetsverket i UD, som var dradd mellom lojalitet og nøytralitet. Dette fekk konsekvensar for dei to modellesarane i *55 minutter*, som er svært ulike. RIES nemnde «Norge» og «norsk» eit utal gonger i heftet sitt, og kalla brosjyren sin «folkeheftet», men hadde truleg ikkje rom for å spela på anna enn naturressursane våre som identitetsskapande. Modellesarane i *Lesebok* og *Skjønnheten*, derimot, er mellom anna særmerkt av ulik grad av kulturell kapital, ein konsekvens av ulike kulturelle tekstlege og biletlege signal forfattarane kommuniserte i teksten, som klare avsendarar med eit klart standpunkt. Skjønnlitteraturen i *Lesebok* og illustrasjonane i både *Lesebok* og *Skjønnheten* var sterke ”sensologiske” og identitetsskapande verkemiddel. Sjølvtiliten nei-sida oppviste m.a. gjennom *Lesebok* var truleg òg ein konsekvens av sterk identitet, som *motkultur*.

2. Den norske EU-kampen var ein kamp om argument og røyndomsforståing, men også ei veldig mobilisering kring symbol (Noreg, folket, historia, demokratiet, sjølvråderett, vi mot dei andre) og freistnad på å *skapa* og *mobilisera* identitet. Dette samsvarer med det vi såg Lorentzen hevda i kapittel 2: at norsk EU-debatt handlar mykje om det å vera kulturelt uavhengig. Den tyske statsvitaren Carsten Schymik (2006), som har forska på skandinavisk EU-motstand, kallar nordisk, og norsk, EU-motstand for antiføderalistisk. Schymik seier at «Nei til EU hevdet at EU-valget var et verdivalg for eller mot Den europeiske union. Dette er et tegn på det antiføderalistiske preget som motstanden har i Norge, men også i Danmark og Sverige» (Klassekampen, 18.10.2007). EU-debatten i dei skandinaviske landa har vore annleis enn i andre land i Europa. Der nordiske EU-motstandarar har vore mot det dei oppfattar som eit grunnleggjande udemokratisk EU-system, har nei-folk i andre europeiske land vore meir opptekne av økonomi. Diskusjonen om union eller folkestyre, kven som styrer, handlar ikkje berre om eksplisitte politiske argument, men om *identitet*, identitet som uavhengig. Analysen av ”68-ar”-modellesaren i *Lesebok* peikar mot ein modellesar som er oppteken av nettopp styresett og demokrati, ein identitet som sjølvstyrt. Vi såg at ordet «vi» førekom ofte der forfattarane av *55 minutter* la fram si forståing av sjølvråderettsomgrepet. Dette peikar mot trongen for å skapa ny konsensus rundt eit omgrep som var nært knytt til nei-sida og den norske identiteten, det å *rå seg sjølv*. Kanskje kan vi sjå denne omdefineringa av sjølvrådetten som ein *freistnad* på å spela på identifikasjonsplanet

hjá lesaren for så å byggja opp argument for den nye forståinga av omgrepet. Uansett er modellesaranalysen av *55 minutter* eit godt bilete på kor vanskeleg oppgåva var for forfattarane av heftet: Når teksten skal vera ”nøytral”, blir det vanskeleg å spela på strenger som kan skapa gruppetilhøyrslø og heilskapleg identitet.

3. Det er grunn til å tru at det å skapa identitet rundt symbol var ekstra viktig under EU-striden, ettersom striden *femna om heile det røysteføre Noreg*: Kampen stod slik mykje om kven som makta å konstruera ei effektiv forteljing som skapte identifikasjon. Situasjonkontekstanalysen i kapittel 3, 4 og 5 viste at ja- og nei-sida på førespurnad var opptekne av kven dei skulle nå, og ikkje berre kva som var *det vinnande argumentet*. Dei var vare for den tekstlege identifikasjonen lesarane kunne føla i møte med brosjyrane. Det er grunn til å tru at spesielt Nei til EU med *Lesebok* makta å skapa ei slik effektiv identitetsskapande forteljing, med medlemmene sjølve som stod for distribusjon og kjente norske forfattarar som bidragsytarar i boka. *Skjønneten* freista på si side å skapa ein lesaridentitet *i opposisjon* til vrangførestellingane nei-sida hadde planta i folket, og ei forteljing om lesaren av *Skjønnheten* som ein fornufts-oskeladd mot straumen (nei-majoriteten).
4. Det ville vera merkeleg om det grunnleggjande synet ein politisk aktør har på demokrati, på folk og på medverknad i politiske prosessar, ikkje fekk følgjer for måten ein argumenterer på i offentlege ordskifte. Og det *får* følgjer for korleis ein blir oppfatta. Valforskar og professor Anders Todal Jenssen ved NTNU seier til Dagens Næringsliv (8.–9.9.2007) at nordmenn blir sinte dersom dei kjenner seg snakka ned til. Jenssen hevdar at det norske idealet om folkelegheit heng saman med at demokratiseringa av Noreg gjekk djupare enn i andre land. I Noreg handlar demokrati om folkeleg mobilisering, slik vi såg i unionsstriden i 1905 og i båe folkerøystingane om EU. Han seier: «Dette er en del av den norske selvbevisstheten. Hvis vi oppfatter at politikerne er annerledes enn ”oss”, tror vi heller ikke at de kan ivareta interessene våre. Folkelighet gir tillit» (sst.). Truleg kan vi hevda at måten ein ”snakkar til” lesaren på, er avgjerande i politisk kommunikasjon. ”Måten” skaper – gjennom bruk av symbol osv. – gruppa (avgrensar ho) og mobiliserer/passiviserer ho. I tekstforskinga er Halliday sine tre metafunksjonar eit godt bilete på korleis *måten* er like viktig som innhaldet når vi samhandlar språkleg. Teksten skapar sosiale relasjonar: Den *mellompersonlege* metafunksjonen konstituerer sosial samhandling mellom deltakarar i ein diskurs, og sameksisterer med den *ideasjonelle*

metafunksjonen (representasjon av verda og røynsler i ho) og den *tekstuelle* metafunksjonen (som knytter tekstdelar saman til eit heile og knyttar tekstar til situasjonskontekstar). Politisk kommunikasjon er ingen enkel prosess, men er bygd på og skjer m.a. gjennom gruppeskaping og identifikasjon langs alle desse tre aksane samstundes.

Denne oppgåva har ikkje undersøkt den faktiske responsen på dei tre hefta som her er analyserte. Vi kan såleis vita lite om effekten dei hadde. Likevel meiner eg vi på bakgrunn av analysen kan slå fast at EU-kampen for dei tre aktørane eg har undersøkt, ikkje handla berre om argument for og imot. Det var ein kamp om identitet og verdsbilete, ein strid om verdier. Dei tekstlege møta mellom aktørane og veljarane i *55 minutter*, *Lesebok* og *Skjønnheten* var arenaer for slik gruppe- og identitetsskaping, som vist i modellesaranalysen. Identitet, og ikkje berre tal, argument og figurar, var viktig – kanskje avgjerande – då folket gjekk til urnene 28. november 1994.

Litteratur

Aftenposten, 24.2.1994: "EU-brosjyre".

Aftenposten, 4.3.1994: "EU-innsjurt. Nei-folket med egen lesebok."

Aftenposten, 28.6.1994: "Axel Jensen i virkeligheten."

Aftenposten, 24.9.1994: "Fløtt deg EEC du står i vegen for sola."

Ambjörnsson, Ronny. 1988. *Den skötsamme arbetaren. Idéer och ideal i ett norrländskt sågverksamhälle 1880–1930*. Stockholm: Carlssons.

Benum, Edgeir. 1998. *Overflod og fremtidsfrykt: 1970–*. Aschehougs norgeshistorie. Hovedredaktør: Knut Helle, medredaktører: Knut Kjeldstadli, Even Lange, Sølvi Sogner. Oslo: Aschehoug.

Berge, Kjell Lars. 1997. "Communication." I: P. Lamarque (red.). *Concise encyclopedia of philosophy of language*, s. 95–102. Elsevier.

Berge, Kjell Lars. 2001. «Det vitenskapelige studiet av sakprosa. Om tekstvitenskapelige utfordringer og løsninger i norsk og svensk sakprosaforskning.» I: Berge, Kjell Lars, Kjersti Rongen Breivega, Thore Roksvold og Johan L. Tønnesson. *Fire blikk på sakprosaen. Teori og praktisk analyse*, s. 9–71. Oslo: Norsk sakprosa.

Berge, Kjell Lars. 2002. «Å skape mening med tekst – et etterord om sakprosa og tekstvitenskap.» I: Tønnesson, Johan L. (red.): *Den flerstemmige sakprosaen*, s. 232–242. Bergen: Fagbokforlaget.

Berge, Kjell Lars, Siri Meyer og Tom Are Trippestad (red.). 2003. *Maktens tekster*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Bergens Tidende, 23.6.1993: "Usikkert om EF".

Bergens Tidende, 31.1.1994: "Ny nei-leder klar for langspurt."

Bergens Tidende, 4.7.1994: "Kjendiser som våpen i EU-kampen."

- Bjørklund, Tor. 1994. "Public opinion i Norway, Sweden and Finland towards membership in the EU prior to the referenda in the autumn 1994." Forskningsrapport 02/04. Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo.
- Bonde, Aslak. "Folkebroesyre om EF irriterer neifolket". I: Aftenposten, 11.6.1993.
- Bourdieu, Pierre. 1992. *Texter om de intellektuella*. En antologi redigerad av Donald Broady. Stockholm/Steag: Brutus Östlings Bokförlag. Symposion.
- Bourdieu, Pierre. 1995. *Sociology in question*. London/Thousand Oaks/New Delhi: Sage Publications.
- Broady, Donald. 1991. *Sociologi och epistemologi. Om Pierre Bourdieus författarskap och den historiska epistemologin*. Stockholm: HLS Förlag.
- Brusdal, Olav B. "God plass på dobbelt postkort." I: Aftenposten, 27.1.1994
- Bøckman, Knut. "Forsnakkelsen som virkelig slo an." Aftenposten, 26.6.1993.
- Dagens Næringsliv, 8./9.9.2007: "Av folk er du kommet."
- Eco, Umberto. 1984 [1979]. *The role of the reader. Explorations in the semiotics of text*. Bloomington: Indiana University Press.
- Eide, Tormod. 1999. *Retorisk leksikon*. Oslo: Spartacus forlag.
- Englund, Boel og Jan Svensson. 2003. "Sakprosa och samhälle". I: Englund og Ledin (red.) *Teoretiska perspektiv på sakprosa*, s. 61–8. Lund: Studentlitteratur.
- Englund, Boel, Per Ledin og Jan Svensson. 2003. «Sakprosa – vad är det?» I: Englund, Boel og Per Ledin (red.): *Teoretiska perspektiv på sakprosa*, s. 35-59. Lund: Studentlitteratur.
- Engman, Max. 2000. "Folket – en innledning." I: Derek Fewster (red.): *Folket. Studier i olika vetenskapers syn på begreppet folk*, s. 7–18. Helsingfors: Svenska litteratursällskapet i Finland.
- Eriksen, Tore Linné. "Tenk på et tall." Aftenposten, 20.10.1994.

- Fairclough, Norman. 1995. *Critical discourse analysis. The critical study of language*. London og New York: Longman.
- Faldbakken, Knut. "Gøy med union". VG, 23.4.1994.
- Forskningsmiljøet Norsk Sakprosa.
<http://www.hf.uio.no/iln/forskning/forskergrupper/tekstvitenskap/sakprosa/> [lesedato: 8.12.2007] .
- Gjerdåker, Svein. "Nei-rørsla tok feil." Dag og Tid, 16.2.2007.
- Grepstad, Ottar. 1997. *Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Hagen, Kristin m.fl. 2005. Transkripsjonsveiledning for NoTA Oslo.
<<http://www.tekstlab.uio.no/nota/oslo/transkripsjon/NoTa-transkripsjonsveil7.pdf>> [lesedato: 11.12.2005].
- Hegge, Per Egil. "Mot syd til en solskinnskyst?" Aftenposten, 7.3.1994.
- Inglehart, Ronald. 1990. *Culture shift an advanced industrial society*. Princeton, New Jersey: Princeton University Press.
- Jenssen, Anders Todal. 1996. "Personal economies and economic expectations in the 1994 EU referendums." Folkeavstemmingsprosjektet, Arbeidsnotat nr. 12. NTNU: Institutt for sosiologi og statsvitenskap.
- Jenssen, Anders Todal og Henry Valen (red.). 1996. *Brussel midt imot*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Jenssen, Anders Todal. 1996. "Ouverturen." I: Jenssen, Anders Todal og Henry Valen (red.), s. 13–29. *Brussel midt imot*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Jenssen, Anders Todal, Ola Listhaug og Per Arnt Pettersen. 1996. "Betydningen av gamle og nye skiller." I: Jenssen, Anders Todal og Henry Valen (red.), s. 143–163. *Brussel midt imot*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Johansen, Anders og Jens E. Kjeldsen. *Virksomme ord. Politiske taler 1814–2005*. Oslo: Universitetsforlaget.

- Johansen, Dagfinn. "Er alle 'gode' ting tre?" VG, 30.7.1994.
- Jørgensen, Charlotte, Christian Kock og Lone Rørbech. 1994. *Retorik der flytter stemmer. Hvordan man overbeviser i offentlig debat*. København: Gyldendal.
- Kallset, Kjell-Erik. 1995. *Rapport frå informasjonsavdelinga i Nei til EU 1994*. Oslo.
- Kinn, Torodd. 2005a. "Plays of we-hood: What do we mean by we?" I: *Akademisk prosa 3*, s. 129–142.
- Kinn, Torodd. 2005b. "Tilbod og innbydingar: imperativ med *la* i forskingsartiklar." I: *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, årgang 23, 2005, s. 145–175.
- Klassekampen, 18.10. 2007: "Motstanden tente massene."
- Kvale, Steinar. 2001. *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo. Gyldendal.
- Lorentzen, Jørgen. 1992. *Norge, Norge...fra slit og strev til stress og mas*. Oslo: Aschehoug.
- Lothe, Jakob, Christian Refsum og Unni Solberg. 1999. *Litteraturvitenskapelig leksikon*. Oslo: Kunnskapsforlaget.
- Lübcke, Poul (red.). 1988. *Politikens filosofileksikon*. København: Politikens forlag.
- Lønning, Inge. "'Lesebok 1994' – moderne markedsføring". Aftenposten, 12.3.1994.
- Mortensen, Tage. "Dårlig bidrag til debatten". VG, 3.6.1994.
- Maagerø, Eva. 2005. *Språket som mening. Innføring i funksjonell lingvistikk for studenter og lærere*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nilsen, Thomas S. og Lars Fr. H. Svendsen. "'Lesebok 1994' – forrykende festmåltid." Aftenposten, 5.4.1994.
- Nordlys, 15.9.1994: "Søkelys."
- NTB, 14.10.1993: "Topp-politikere krever mer penger til nei til EF-informasjon."
- NTB, 15.10.1993: "Til Nordahl Rolfsens ære."
- NTB, 3.3.1994: "Nei til EU vil gi lesebok til det norske folk."

- NTB, 17.3.1994: ”Humor og diktlesing etter Gros EU-redegjørelse.”
- NTB, 17.4.1994: ”Stalin og Pol Pot inn i EU-debatten.”
- NTB 22.7.1994: ”Bondevik: Gro må ta avstand fra nasjonalismestempelet.”
- Olstad, Finn. 2003. *Veier til vår tid. Norgeshistorie etter 1850*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Pettersen, Per Arnt og Henry Valen. 1996. ”Valgkampen.” I: Jenssen, Anders Todal og Henry Valen (red.), s. 67–92. *Brussel midt imot*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Rian, Øystein, Harriet Rudd og Håvard Tangen (red.). 2005. *100 år – var det alt? Europa 2005 – årbok for Nei til EU*. Oslo: Nei til EU.
- Ringdal, Kristen. 1996. ”Velgernes argumenter.” I: Jenssen, Anders Todal og Henry Valen (red.), s. 45–64. *Brussel midt imot*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Schymik, Carsten. 2006. *Europäische Anti-Föderalisten. Volksbewegungen gegen die Europäische Union in Skandinavien*. Leipzig og Berlin: Edition Krichof & Franke.
- SSB. 1995. ”Folkeavstemningen i 1994 om norsk medlemskap i EU”. Norges offisielle statistikk.
- Svennevig, Jan. 2003. *Språklig samhandling. Innføring i kommunikasjonsteori og analyse*. Oslo: LNU/Cappelen Akademisk Forlag.
- Thompson, Geoff. 2004. *Introducing functional grammar*. London: Arnold.
- Tønnesson, Johan L. (red.). 2002. *Den flerstemmige sakprosaen*. Oslo: Fagbokforlaget.
- Tønnesson, Johan L. 2002. «Alt anna enn dikting?» I: Tønnesson, Johan (red.): *Den flerstemmige sakprosaen*, s. 9–28. Oslo: Fagbokforlaget.
- Tønnesson, Johan L. 2004. *Tekst som partitur, eller Historievitenskap som kommunikasjon. Nærlesning av fire historietekster skrevet for ulike lesergrupper*. Avhandling (dr.art.), Universitetet i Oslo.
- Tønnesson, Johan L. (under utgjeving; a): ”Leseren”. Kapittelutkast til Berge m.fl. (under utgjeving): */Tekst/historie/*. Oslo: Universitetsforlaget.

Tønnesson, Johan L. (under utgjeving; b). /Hva er sakprosa?/ Oslo: Universitetsforlaget.

VG, 3.3.1994:«VG mener: Informasjon – ikke skremser.»

VG, 16.6.1994: ”Hudfletter kolleger som sier nei.”

VG, 25.8.1994: ”Hos de troende.”

VG, 27.8.1994: ”Axel Jensen: Dødsdømt, men siste ord er ikke sagt.”

VG, 10.9.1994: ”Mye grå og rå EU-propaganda.”

Ytreberg, Espen. ”Norge: mektig middelkultur.” I: *Samtiden* nr. 3 2004, s.6–15.

Østerud, Øyvind. 1974. ”Embetsverket som politisk organ.” I: *De utro tjenere. Embetsverket i EF-kampen*, s. 23–28. Oslo: Pax Forlag A/S.

Østerud, Øyvind, Nils Petter Gleditsch og Jon Elster. 1974. ”Embetsverket i EF-kampen. I: *De utro tjenere. Embetsverket i EF-kampen*, s. 56–79. Oslo: Pax Forlag A/S.

Aardal, Bernt og Anders Todal Jenssen. 1996. ”Opinionsutviklingen 1972–1994.” I: Jenssen, Anders Todal og Henry Valen (red.), s. 31–43. *Brussel midt imot*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Analysetekstar

Europabevegelsen. 1994. *Norge og Europa: Skjønnheten og Udyret?*

Nei til EU. 1994. *Lesebok 1994*. Det Norske Samlaget.

Regjeringas informasjonsutval for europasaker. 1993. *55 minutter om Norge og EF*.

Kjelder

Heskestad, Audun. E-post sendt til Hilde C. Haug 30.11.2007.

Kallset, Kjell-Erik.2006. E-post sendt til Hilde C. Haug 6.4.2006.

Kallset, Kjell-Erik. 2007. E-post sendt til Hilde C. Haug 23.11.2007.

Radmann, Trine. 2007. E-post sendt til Hilde C. Haug 27.11.2007.

Resultat frå Norsk Gallup-måling for Landbrukets Utredningsinstitutt i februar 1994. Udatert dokument frå SME sine arkiv i Arbeiderbevegelsens arkiv.

Svendsen, Lars Fr. H .2007. E-post sendt til Hilde C. Haug 29.10. 2007.

UD 1993 A. Notat til Ole Berrefjord frå Jonas Gahr Støre 1.4.1993. Utkast til *55 minutter* pr. 1.4.1993.

UD 1993 B. Notat til budsjettkontoret frå informasjonssekretariatet 5.4.1993. Om budsjettbehovet på Europa-informasjon.

UD 1993 C. Brev til RIES' medlemmer frå informasjonssekretariatet 6.5.1993. Referat frå møte i RIES 5.5.1993.

UD 1993 D. Notat til RIES frå INSEK 2.6.1993. Om pressearbeid i høve utgjevinga av *55 minutter*.

UD 1993 E. Brev til UD frå SMK 10.6.1993. Om UD sin Maastricht -kortbrosjyre.

UD 1993 F. Notat til handelsministeren fra UTØK 1 14.6.1993. Om reaksjonar på *55 minutter*.

UD 1993 G. Brev til RIES frå Venstre 5.7.1993. Om manglande oppføring av Venstre på lista i *55 minutter* over parti og organisasjonar som kan gje informasjon om EU.

UD 1993 H. Faks til SMK frå Ole Berrefjord 14.7.1993. Hovudfunn i to undersøkingar gjennomførte av ScanFact i februar og juni 1993.

UD 1993 I. Brev til Venstre frå underdirektør Atle Leikvoll, 16.7.1993. Avslag på framlegg om annonsar som informerer om Venstre sitt informasjonstilbod om EU.

Alle kjelder frå UD er henta frå Arkiv 7, 533.02 Regjeringens EU-tilpasning generelt, 1.4.93–31.5.94.

Intervju

Hans Gudmund Tvedt, 21.8.2006. Tvedt er cand.jur., med arbeidsbakgrunn frå pressearbeid og kommunikasjonsbransjen. Han stod på ja-sida i 1994, og gjer framleis det i dag.

Tor Brostigen, 21.8.2006. Brostigen er brannmann og statsvitar. Han er medlem av SV. Brostigen var nei-mann i 1994, og er det framleis.

Ole Berrefjord, 13.9.2006 og 16.11.2006. Berrefjord har eit eget firma som driv med rådgjeving og scenario- og strategiarbeid. I 1994 var han arbeidartimedlem, i dag er han ikkje medlem i noko parti. I 1972 røysta han nei til EEC, i 1994 røysta han ja. Han er framleis tilhengjar av norsk medlemskap i EU.

Arne Nøst, 4.10.2006. Nøst er målar, illustratør og grafikar utdanna ved Kunstakademiet i Trondheim og Statens kunstakademi i Oslo. Han er også teatersjef ved Rogaland Teater. Nøst røysta nei i 1994, og har ikkje skifta standpunkt.

Ellen Auensen, 9.10.2006. Auensen er illustratør og avisteiknar, utdanna ved Kunst- og håndverksskolen i Oslo. Auensen var ja-kvinne både i 1972 og i 1994.

1. Vedlegg: kapittel 3

Vi, oss og vår

Side	Teksttittel/-type	Setning med "vi"/"oss"/"vår"/"vårt"/"våre"	Kven er "vi"/"oss"/"vår"/"vårt"/"våre" her?
3	Føreord	Derfor har <i>vi</i> laget dette heftet... <i>Vi</i> har forsøkt å beskrive... Derfor oppfordrer <i>vi</i> deg til også å... På de to neste sidene har <i>vi</i> samlet... Til sist gir <i>vi</i> en oversikt over planene...	RIE RIE RIE RIE RIE
4	20 spørsmål	Kan <i>vi</i> fortsatt ha strenge miljøregler? Hvordan berøres distriktene av <i>vårt</i> forhold til EF?	Staten Noreg
5		Hva med råderetten over <i>våre</i> energiressurser? ...det er EØS-avtalen som vil være grunnlaget for <i>vårt</i> forhold til EF...	Staten Noreg Staten Noreg/folket
6	Hvor står vi i dag?	Hvor står <i>vi</i> i dag? ...om lag 70 prosent av de varene <i>vi</i> kjøper fra utlandet... En av de viktigste utfordringene <i>vi</i> står overfor i dag...	Staten Noreg Politikarane som skal forhandla fram EF-avtalen
